Kyrkje- og undervisningsdepartementet

# St.meld. nr. 110

(1976—77)

# Norsk kulturfond — årsmelding 1976

# St.meld. nr. 110
## (1976—77)

## Norsk kulturfond — årsmelding 1976

*Tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 13. mai 1977, godkjend ved kongeleg resolusjon same dag.*

(Målboren av statsråd Kjølv Egeland.)

Etter vedtektene for Norsk kulturfond skal Kyrkje- og undervisningsdepartementet kvart år gi melding til Stortinget om verksemda i Norsk kulturfond i det føregåande budsjettåret. Norsk kulturråd har sendt departementet årsmelding for 1976, vedteken på rådsmøte 1. mars 1977.

Som vanleg har årsmeldinga fem hovudkapittel. Rådet gjer i dei to første kapitla greie for organisasjon og retningsliner, rådgivande utval, utgreiingar og tilrådingar, samarbeid med andre institusjonar og samordninga med statsbudsjettet. I kap. III gir Kulturrådet opplysningar om korleis fondsmidlane er nytta. I kap. IV gjer rådet greie for administrasjonen. Kap. V gir økonomisk samandrag og fylkesoversyn.

Hovudfordelinga av fondsmidlane blir fastsett ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå rådet. Rådsvedtak om tilskott frå dei avsette rådveldesummane vart i 1976 som før sende departementet til godkjenning. Frå februar 1977 er dette endra slik at detaljfordelinga av dei avsette midlane berre skjer i samråd med departementet i den grad det trengst for å samordne tilskott frå fondet med løyvingane over statsbudsjettet.

I administrasjonen er det tolv fast organiserte stillingar, det same som i 1975.

Utgiftene til innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur har stige mykje dei seinare åra. Dette har samanheng både med prisstiginga og den sterke auken i titlar som går inn under ordninga. Etter det førebels oversynet over innkjøpsordninga for 1976 vart det såleis innkjøpt 1 000 eksemplar av 227 titlar, jamført med 173 titlar i 1975. Dei samla kostnadene i samband med innkjøpsordninga auka frå kr 5 944 674 i 1975 til kr 8 988 000 i 1976. Til innkjøpsordninga vart det i 1976 sett av 7 mill. kroner mot 5,7 mill. kroner året før. Ordninga frå 1974—75 med at forlaga betalte tilbake til Kulturfondet overskridinga på innkjøpsordninga, vart oppheva i 1976. Dette har ført til at avsetnaden på 7 mill. kroner er overskriden med om lag 2 mill. kroner. Overskridinga må Kulturfondet dekkje av fondsmidlar i 1977.

Innkjøpsordninga for barnebøker vart ståande uendra i 1976, men det er vedteke at ordninga skal utvidast slik at det frå 1978 blir kjøpt inn 1 000 eksemplar av kvar bok. I 1977 blir det som ei overgangsordning kjøpt inn 500 eksemplar av bøkene frå 1976 og 500 eksemplar av bøkene frå 1977.

Frå 1976 vart òg Finnmark fylke med i prøveordninga for musikklivet i Nord-Noreg, med tre profesjonelle musikarar og ein fylkesmusikkleiar. Norsk kulturråd oppnemnde i desember 1975 eit evalueringsutval som i sin rapport frå desember 1976 gjer framlegg om at ordninga med tilsetjing av profesjonelle musikargrupper må halde fram som ei fast ordning med direkte statstilskott. Da det seinare har vist seg at det trengst noko meir tid til å drøfte framlegga med dei nordnorske fylkeskommunane, er spørsmålet om ei fast ordning utsett til førebuinga av budsjettet for 1979.

Når det gjeld tilskott til utsmykking av nye statsbygg, er det frå 1977 etablert ei eiga tilskottsordning over statsbudsjettet, slik at Kulturfonds-midlane utan avkorting kan nyttast til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg og i større monn kome kunstfattige distrikt til gode. Nødvendige overgangsordningar blir no drøfta med Kulturrådet.

1976 var siste året Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg vart finansiert av Kulturfonds-midlar. Frå 1977 har Miljøverndepartementet teke over dette

sekretariatet, slik at arbeidet vil halde fram i nær kontakt med sentralt planleggingsarbeid.

Den stønadsordninga for tidsskrift som vart starta i 1975, har halde fram i 1976. I 1976 kom 19 tidsskrift med i ordninga mot 12 i 1975. Det vart kjøpt inn 250 eksemplar av kvart tidsskrift som kom med i ordninga. Eksemplara blir delte på fylka etter kor mange kommunar det er i kvart fylke. Fylkeskulturstyra, der slike er oppnemnde, eller andre fylkeskommunale organ avgjer kva for institusjonar (skolar, bibliotek eller anna) som skal få dei ulike tidsskrifta.

For 1976 vart det løyvt 34 mill. kroner til Norsk kulturfond. Løyvinga vart ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 fordelt slik:

| | | |
|---|---|---|
| Litteratur | kr | 9 250 000 |
| Musikk | » | 2 800 000 |
| Biletkunst og kunsthandverk | » | 4 450 000 |
| Kulturvern | » | 3 500 000 |
| Samisk kultur | » | 630 000 |
| Kulturbygg | » | 9 200 000 |
| Tidsskrift | kr | 600 000 |
| Utgreiingar og utval | » | 720 000 |
| Andre tiltak | » | 1 150 000 |
| Administrasjon | » | 1 700 000 |
| I alt | kr | 34 000 000 |

Frå neste år av vil det saman med årsmeldinga for Norsk kulturfond også bli lagt fram oversyn over verksemda til dei andre råda på kulturområdet i ei samla melding til Stortinget, slik Kyrkje- og undervisningsnemnda bad om i Innst. S. nr. 23 for 1974—75 om kulturarbeid og kulturpolitikk.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet

tilrår:

Avtrykk av tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet frå 13. mai 1977, Norsk kulturfond — årsmelding 1976, blir sendt Stortinget.

# Norsk kulturfond — Årsmelding 1976

## Kap. I. Organisasjon og verksemd

Norsk kulturråd legg med dette fram si tolvte årsmelding i samsvar med det som er fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St. prp. nr. 130 for 1964—65, III, C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

**Medlemmer av Norsk kulturråd 1973—1976**

Norsk kulturråd er skipa ved stortingsvedtak av 11. desember 1964, i samsvar med St. prp nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65.

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og 4 medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for 4 år.

*Oppnemnde ved kongeleg resolusjon for 1973—76:*

Programredaktør Hartvig Kiran, Oslo
Varamann: Arkitekt MNAL Sigurd Muri, Hvalstad
Museumslektor Bjørn Aarseth, Karasjok
Varamann: Skulestyrar Olav Beddari, Svanvik i Finnmark
Songarinna Kari Frisell, Oslo
Varamann: Rektor Odd Leren, Sandnes
Forfattaren Ivar Grimsmo, Oslo
Varamann: Lektor dr. philos. Per Amdam, Molde
Forfattaren Kåre Holt, Holmestrand
Varamann: Forfattaren Dagfinn Grønoset, Elverum
Fylkesskulesjef Gunnar Leiro, Stavanger
Varamann: Målaren og grafikaren Karl Erik Harr, Asker
Redaktør Audgunn Oltedal, Bergen
Varamann: Skodespelarinna Anne Gullestad, Bergen.

*Oppnemnde av Stortinget:*

Dosent Kjell Bondevik, Oslo
Varamann: Fylkesskulesjef Olaf Kortner, Oslo
Statsråd Kjølv Egeland, Stavanger
Varamann: Skodespelaren Jack Fjeldstad, Oslo
Statsråd Bjartmar Gjerde, Oslo
Varamann: Husmor Marie Lovise Widnes Johansen, Hareid
Rektor Håkon Stenstadvold, Bærum
Varamann: Husmor Solfrid Gjelsten, Fiksdal.

Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: Programredaktør Hartvig Kiran.
Nestformann oppnemnd ved Kongeleg resolusjon: Museumslektor Bjørn Aarseth.

Marie Lovise Widnes Johansen har møtt som fast medlem sidan november 1973, då Bjartmar Gjerde vart statsråd. Jack Fjeldstad har møtt som fast medlem sidan januar 1976, då Kjølv Egeland vart statsråd.

**Vedtekter for Norsk kulturfond,**
fastsette av Stortinget 19. juni 1965.
(Omsette frå St. prp. nr. 130, 1964—65.)

§ 1.

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

§ 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg kan få del i kulturgoda.

§ 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet, og disponert ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningsliner som Stortinget har fastsett.

§ 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

§ 5.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

**Retningsliner for bruken av midlar frå Norsk kulturfond**

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at Rådet skal leggje særskilt vekt på:

a) Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
b) Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
c) Til til å fremje norsk biletkunst, og kjøpe inn biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.
d) Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
e) Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis òg betre høve til vidare utdanning.
f) Kulturverntiltak, såleis òg vern av samisk kultur.
g) Stønad til finansiering av kulturbygg.
h) Tiltak som er med og skapar eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
i) Tiltak som kan gi lettare tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemd for dei verde den gir.
j) Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t. d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubile og minnehøgtider, og større eingongsturnéar frå kunstinstitusjonar.

**Reglement for Norsk kulturråd**
fastsett ved kongeleg resolusjon
27. august 1965.

§ 1.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

§ 2.

Rådet skal ha 11 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnast av Stortinget og 7 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, alle for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

§ 3.

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan òg setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet, må oppnemninga godkjennast av departementet.

§ 4.

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningsliner som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyvde til Kulturrådet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

§ 5.

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskjeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst helvta av medlemmene er til stades. Ved røysting blir sakene avgjort ved vanleg fleirtal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

§ 6.

Rådet drøfter og avgjer alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for Rådet i neste møte.

§ 7.

Utgifter til rådsmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

**Møte i Arbeidsutvalet**

Arbeidsutvalet i 1973—76 var desse 5:
Hartvig Kiran, Bjørn Aarseth, Kjell Bondevik, Kåre Holt, Håkon Stenstadvold.

Varamenn: Bjartmar Gjerde, Kari Frisell, Ivar Grimsmo. Etter at Bjartmar Gjerde vart statsråd, er Grimsmo valt som første varamann og Audgunn Oltedal tredje varamann.

Arbeidsutvalet har hatt tre vanlege møte: 20. januar, 12. mars og 29. september, og 2 «skriftlege møte», der mindre saker og saker det hasta mykje med vart avgjort. Til møtet 12. mars var representantar for samiske råd og organisasjoner innbedne saman med Rådets rådgjevande utval på dette område, til å drøfte fordelinga av avsetjinga og ymse tiltak for samisk kultur.

Arbeidsutvalet gjer vedtak i løyvingssaker opp til kr. 50 000 innanfor ramma av avsetjingar, og førebur elles saker for Rådet.

### Møte i Rådet

Rådet har i alt hatt 10 møte: 30. januar, 16. og 17. mars, 6. mai, 9. juni, 25.—28. august, 28. oktober, 25. november og 16. desember.

På møtet 9. juni drøfta Rådet tilhøvet mellom møte i Rådet og Arbeidsutvalet. Rådet meiner fleire mindre løyvingssaker burde avgjerast av Arbeidsutvalet, slik at Rådet kunne få noko meir tid til å drøfte prinsipielle spørsmål innan norsk kulturpolitikk og meir langsiktige planar for arbeidet i Kulturrådet, etter kvart som ein ser resultatet av kulturmeldingane i fylke og kommunar.

Til møte 25. november og 16. desember vart varamennene innbedne. Om kvelden 16. desember vart det halde eit større ope møte i Munchmuseet i Oslo, for å markere slutten på fireårsperioden for dette rådet. Forutan rådsmedlemmer og varamenn var innbode representantar frå Stortinget, Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Miljøverndepartementet, andre råd, statsinstitusjonar og organisasjonar som Kulturrådet har samarbeid med, og alle Kulturrådet sine rådgjevande utval. Oversyn som formannen gav over verksemda i Kulturrådet i fire-årsperioden 1973—76 følgjer som vedlegg nr. 10. Nestformannen, Bjørn Aarseth, gav ei orientering om Norsk kulturråds arbeid for samisk kultur, og arkitekt Håkon Christie om Norsk kulturråds arbeid med brannsikring av stavkyrkjene. Norsk kulturråds ærespris, musikkprisen, omsetjarprisen og prisen for lokalhistorisk arbeid vart utdelte på dette møte.

Møta 25.—28. august vart haldne i Steinkjer og i Namsos, i samband med den reisa 25.—29. august som Kulturrådet gjorde i Nord-Trøndelag fylke dette året.

Ekspedisjonssjefen i Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet er alltid innbeden til å vere til stades på rådsmøta.

### Utval og utgreiingar

Faste utval:

1. *Det faglege utval for litteratur:*
   Hartvig Kiran, formann, bibliotekdirektør Else Granheim, administrerende direktør Erling Fjellbirkeland.

2. *Utvalet for utgjeving av eldre norsk litteratur (Klassikarkomitéen):*
   Professor Edvard Beyer (Universitetet i Oslo), formann, professor Bjarte Birkeland (Universitetet i Bergen), universitetsbibliotekar John Dahl (Statens bibliotektilsyn), rekneskapsjef Halvard Sletten (Den norske Forleggerforening).

3. *Barnebokutvalet:*
   Programsekretær Solveig Bøhle, formann, førstebibliotekar Emmy Reventberg Halvorsen, grafikaren Chrix Dahl.

4. *Utvalet for tilskott til verdfulle omsetjingar:*
   Dosent Arne Hannevik, formann, redaksjonssekretær Yngvar Ustvedt, forlagssjef Birger Huse.

5. *Ankenemnda for innkjøpsordninga:*
   I årsmeldinga for 1975 vart det varsla (s. 7 og s. 17) at Kulturrådet arbeidde med å slå saman dei to appellinstansane for innkjøpsordninga, Ankenemnda og Appellutvalet. 30. januar vedtok Rådet endeleg å gjennomføre denne samanslåinga. Den nye Ankenemnda skal handsame alle slag ankesaker som gjeld bøker på innkjøpsordninga. Ho fekk desse medlemmene:
   Dosent Rolf Nyboe Nettum (De nordiske fagseksjonane ved universiteta), formann, forlagsbokhandlar Arne Damm (Den norske Forleggerforening), professor Leif Mæhle (Den norske Forfatterforenings litterære råd), redaktør Finn Jor og magister Otlu Alsvik (båe Norsk Litteraturkritikerlag).

6. *Utvalet for norsk litteratur i utlandet:*
   Kåre Holt, formann, byråsjef Helene Andersen (Utanriksdepartementets Kulturkontor), forfattaren Carl Hambro, forfattaren Bjørn Nilsen (Den norske Forfatterforening), forlagsredaktør Gordon Hølmebakk (Den norske Forleggerforening).

7. *Tidsskriftutvalet:*
   Forfattarinna Halldis Moren Vesaas, lærar og kritikar Petter Larsen, arkitekt MNAL Sigurd Muri.

8. *Musikkutvalet:*
Kari Frisell, formann, og Odd Leren (frå Norsk kulturråd), komponistane Arne Nordheim og Egil Hovland, direktør Egil Monn-Iversen.

9. *Sakkunnig nemnd for Materialfondet:*
Gunnar Leiro, formann, grafikaren Chrix Dahl, målaren Jardar Lunde, bilethoggaren Fritz Røed.

10. *Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg:*
Håkon Stenstadvold, formann, grafikaren Per Kleiva, grafikaren John Nordhuus, bilethoggaren Odd Hilt, arkitekt Leif Olav Moen. Ein representant for Statens byggje- og eigedomsdirektorat møter i utvalet som konsulent.

11. *Utvalet for innkjøp av norsk samtidskunst:*
Dr. philos. intendant Signe Horn Nordhagen, formann (oppnemnd av Norsk kulturråd), bilethoggaren Kari Rolfsen, teiknaren Oscar Reynert Olsen, målaren Olav Andreassen (peikt ut av Bildende Kunstneres Styre).

Distriktsrepresentantar:
Sørlandet: Grafikaren Reidar Rudjord
Sør-Vestlandet: Målaren Ellef Gryte
Bergen: Målaren Olav Herman-Hansen
Nord-Vestlandet: Målaren Ørnulf Opdahl
Trøndelag: Målaren Liv Elin Trygstad
Nordland: Målaren Oscar Bodøgaard
Troms: Målaren John Janson

12. *Det sakkunnige utvalet for samisk kunst og brukskunst:*
Håkon Stenstadvold, formann, Marit Stueng (varamann Kristine Nedrejord), Sverre Fjellheim (varamann Ragnar Myrland), Lauri Keskitalo (varamann Hans Nergård).

13. *Nemnda til fremme av samisk litteratur:*
Rektor Jon Eldar Einejord, formann, konsulent Hans J. Henriksen, universitetslektor Nils Jernsletten og cand. mag. Ole Henrik Magga.

14. *Utvalet for samisk musikk:*
Universitetslektor Nils Jernsletten, formann, barnehagekonsulent Laila Somby Sandvik, komponisten John Persen, universitetslektor Thor Frette, student Ellen Marit Dunfjeld og museumslektor Bjørn Aarseth.

15. *Utvalet for trygging av høgt prioriterte fornminne:*
Professor Anders Hagen, Bergen, formann, professor Sverre Marstrander, Oslo, førstekonservator Odmund Møllerop, Stavanger, førstekonservator Kristen R. Møllerhus, Trondheim, professor Povl Simonsen, Tromsø. Vitskapleg assistent Bente Magnus er sekretær for utvalet.

16. *Utvalet for lokalhistorisk arbeid:*
Kjell Bondevik, formann, instituttsjef Rolf Fladby, professor Knut Mykland.

17. *Utvalet for byggjesaker:*
Museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, formann, arkitekt Ulf Colbjørnsen (båe oppnemnde av Norsk kulturråd), arkitekt Gaute Baalsrud (Statens byggje- og eigedomsdirektorat).

18. *Styret for registrering av faste kulturminne:*
Førstekonservator Arne Berg, formann, dosent Erik Langdalen (landbruksorganisasjonane), arkitekt Ola Hektoen Øverås (Riksantikvaren), fylkeskonservator Nils Georg Brekke (Norsk Kunst- og Kulturhistoriske Museer), dosent Kerstin Gjesdahl Noach (universiteta), sjefsarkitekt Børre Skaslien (Miljøverndepartementet), arkitekt Roar L. Tollnes (Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring), Kjell Bondevik (Norsk kulturråd).

Mellombels utval:

1. *Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk:*
Direktør Egil Monn-Iversen, formann, førstebibliotekar Øystein Gaukstad, komponisten Johan Kvandal, musikksjef i NRK Gunnar Rugstad.

2. *Arbeidsgruppe for utgreiing av spørsmålet om periodiske publikasjonar trykt på samisk eller som vender seg til samiske lesarar:*
Veterinær Paul Fjellheim, formann, lærar Ella Holm Bull, universitetslektor Nils Jernsletten, tannlækjar Aslak Loso, redaktør Asmund Rørslett, stud. med. Knut Johnsen. Utvalet er nedsett i samråd med Norsk Sameråd.

3. *Utvalet for registrering og vern av gamle fotografi:*
Fotograf Jac. Brun, formann, bibliotekar Grete Østgaard Lund, fylkeskonservator Kjeld Magnussen, fotograf Bergliot Sin-

ding, fylkeskonservator Johannes Sivesind, konservator Else Boye, arkivar Sofie Rogstad.

4. *Utvalet for utgreiing om tiltak for norsk folkekunst:*
Ass. universitetsdirektør Magne Lerheim, formann, museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, fylkeskonservator Halvor Landsverk, tekstilkunstnar Brit H. Fuglevaag Warsinski, interiørarkitekt Anne Lise Aas, folkehøgskulelektor Halvard Grude Forfang, brukskunstnar og lærar Arne Lindaas. Sekretær: Cand. mag. Aasne Svingjom Bjørshol.

5. *Utvalet for branntrygging av stavkyrkjene:*
Kjell Bondevik, formann, riksantikvar Roar Hauglid og antikvar, arkitekt Håkon Christie (båe peika ut av Riksantikvaren), arkitektane Gunnar Bugge og Hans Jacob Hansteen (båe Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring). Jfr og avsnitt om bruk av «Minnemedaljefondet» i kap. III, Kulturvern.

6. *Utvalet for utgreiing om kulturarbeid for funksjonshemma:*
Arkitekt MNAL Sigurd Muri, formann (Norsk kulturråd), konsulent Tom Buxrud (Helsedirektoratet), teatersjef Gudrun Waadeland (Riksteatret), produksjonssjef Reidar Aas (Rikskonsertane), bibliotekar Bjørg Heie (Statens bibliotektilsyn), avdelingsingeniør Nils Bøe (Norges Vanførelag), magister Tordis Ørjasæter (Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon). Sekretær: forfattarinna Gerd Grønvold Saue.

7. *Utvalet for koordinering av registrering av faste kulturminne:*
Professor Anders Hagen, formann, dosent Erik Langdalen, instituttsjef Egil Tombre, fagrådsekretær Anne Lise Hilmen, sekretariatsleder Erik Aas jr., direktør Ingeborg Lyche.

8. *Utvalet for utgreiing om barneteater:*
Cand. mag. Nils Braanaas, programsekretær Kirsten Bråthen Kristensen, lektor John Lilletvedt.

9. *Ad hoc utval til å utarbeide retningsliner for tilskott til frie sceniske grupper:*
Ingeborg Lyche, formann (Kulturrådet), Gudrun Waadeland (Riksteatret), Hjalmar Seim (Teaterrådet), Tore Nyseter (Norske Kommuners Sentralforbund), Helge Reistad (Frie grupper).

**Desse utgreiingane er lagde fram for Norsk kulturråd i 1976:**

1. Tilråding frå Utvalet for registrering og vern av gamle fotografi.
2. Tilråding frå Utvalet for utgreiing om tiltak for norsk folkekunst.
3. Tilråding frå Utvalet for koordinering av registrering av faste kulturminne.
4. Tilråding frå Utvalet for utgreiing om barneteater.
5. Rapport frå konferansen om Barn og kultur på Sundvolden 24.—26. september 1975.

**Tilrådingar og fråsegner frå Norsk Kulturråd til Kyrkje- og undervisningsdepartementet:**

1. Årsmelding 1975 (St. meld. nr. 97 for 1975—76).
2. Tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond 1976.
3. Framlegg om løyving til Norsk kulturråd (kap. 379) for 1977.
4. Framlegg til stillingsbudsjett for Norsk kulturråd for 1977.
5. Fråsegn av 5. februar 1976 om stønad til produksjon av fri kunstnarleg kortfilm.
6. Tilråding av 17. mars 1976 om fast sekretariat på statsbudsjettet for Rådet for folkemusikk og -dans.
7. Fråsegn av 19. mars 1976 om medlemsforslag til Nordisk Råd om sams nordisk innsats til å fremje sirkuskunst.
8. Tilråding av 3. mai 1976 om finansiering av ållmenne kulturbygg.
9. Fråsegn av 12. mai 1976 om utgreiinga frå Utvalet for norsk-finske kulturtilhøve.
10. Tilråding av 11. juni 1976 om tilsetjing av direktør i Norsk kulturråd.
11. Fråsegn av 28. juni 1976 om Medlemsframlegg til Nordisk Råd om fonogramarkiv i dei nordiske land og ein fellesnordisk katalog over fonogram.
12. Fråsegn av 2. september 1976 om Medlemsframlegg til Nordisk Råd om tiltak til å spreie nordisk film innan Norden.
13. Fråsegn av 2. september 1976 om medlemsframlegg til Nordisk Råd om ei utgreiing om verknader av kulturindustrien i dei nordiske landa.
14. Fråsegn av 29. september 1976 om kunstnarleg utsmykking av 3. byggjesteget i Regjeringskvartalet.
15. Fråsegn av 29. oktober 1976 om føreteljing frå Møre og Romsdal Fylkesting om litteratur for born og unge.
16. Brev av 5. november 1976 om utgifter til innkjøpsordninga 1976, og statsbudsjettet, kap. 379, 1977.
17. Tilråding av 30. november 1976 om inn-

stillinga om friviljug musikkverksemd for born og ungdom.
18. Fråsegn av 1. desember 1976 om Rapport nr. 3 frå Administrasjonsutvalet, om Kulturavdelinga.
19. Fråsegn av 2. desember 1976 om NOU 1976 nr. 26, Framlegg om oppretting av ein norsk bibliotekhøgskule.
20. Tilråding av 21. desember 1976 om utgreiinga om barneteaterarbeid.
21. Tilråding om berging av gamle fotografi vedteken 16. desember 1976 (datert 4. januar 1977).

**Til Utanriksdepartementet:**

Fråsegn av 23. mars 1976 om oppfylgjing av konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa (KSSE).

**Samarbeid med andre institusjonar og organisasjonar**

Samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Miljøverndepartementet og Utanriksdepartementet er omtalt i neste kapittel: Koordinering med statsbudsjettet.

Kulturrådet har samarbeid og kontakt med ei rad institusjonar, organisasjonar og råd med tilgrensande arbeidsfelt.

*Norges almenvitenskapelige forskningsråd*

Den arbeidsgruppa som vart sett ned i desember 1974 til å gje tilråding om koordinering av kulturminneregistreringar i Noreg gjorde òg framlegg om eit særskilt permanent samarbeidsutval mellom Norsk kulturråd og Rådet for humanistisk forskning i Norges almenvitenskapelige forskningsråd. Innan nesten alle dei disiplinane som Rådet for humanistisk forskning har ansvaret for, er det kontaktflater til Norsk kulturråd. Både Rådet for humanistisk forskning og Kulturrådet var samde i framlegget. Utvalet tek sikte på å møtast to gonger kvart år. På desse møte drøfter utvalet saker og søknader i grensefeltet mellom dei to råd, saker som risikerer å falle mellom to eller fleire stolar, eventuelt felles tilrådingar i saker av sams interesse o. a. Fyrste møte vart halde 19. august, og nytt møte er planlagt på nyåret 1977.

Det er elles stadig kontakt mellom administrasjonane i dei to råda om saker som ligg i grenseområda, det kan vere lokalhistorie, utgjeving av essayistikk, innsamlings- og registreringsarbeid av ulike slag.

Båe råd vil òg vere med i eit årleg kontaktmøte mellom departementet, forskningsråd, universitet og høgskoler, Riksantikvaren og andre instansar som driv med registrering. Til å førebu dette årlege koordinerings- og informasjonsmøte og vurdere og føre vidare tiltak som dei blir samde om på møtet, er det sett ned eit koordineringsutval på fem medlemmer, med ein representant frå kvar av desse institusjonane: Miljøverndepartementet, Norges almenvitenskapelige forskningsråd, Norges teknisk naturvitenskapelige forskningsråd, Sekretariatet for registrering av faste kulturminner og Norsk kulturråd. Norsk kulturråd har teke på seg det administrative arbeidet med dette.

*Riksantikvaren*

I tillegg til det samarbeid som kjem inn under punktet ovafor, samarbeider Kulturrådet òg med Riksantikvaren i alle saker som gjeld vern av hus, anlegg og miljø, der Riksantikvaren er fagleg rådgjevar for Rådet. Kulturrådet bed òg om fråsegn frå fylkeskonservatorane, slik at Rådet får både lokal og sentral prioritering før det gjer endeleg vedtak.

*Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer*

Styret i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muséer er fagleg rådgjevar for Kulturrådet i saker som gjeld musea, både nye musébygg og andre større tiltak. Ein høyrer òg kva fylkeskonservatorane meiner.

*Statens bibliotektilsyn*

Bibliotekdirektøren er fast medlem av Det faglege utval for litteratur og er med i alle drøftingar med forlag og forfattarar om innkjøpsordninga. (Sjå kap. III, Litteratur.) Kulturrådet nyttar båe dei rådgjevande komitéane i Bibliotektilsynet: Den rådgjevande komité for folkebiblioteka, og Den rådgjevande komité for skule- og ungdomsbibliotek. (Om den vesle innkjøpsordninga, sjå kap. III, Litteratur.)

*A/L Biblioteksentralen*

Rådet samarbeider med Biblioteksentralen i alle praktiske spørsmål som gjeld innkjøpsordninga: Innbinding, ekspedisjon og anna. Sentralen har òg alt det praktiske arbeidet med å sende ut gåvepakkane med barne- og ungdomsbøker som Rådet kjøper, i alt 500 pakkar. (Sjå kap. III, Litteratur.)

*Statens byggje- og eigedomsdirektorat*

Direktoratet sender framlegg om utsmykking av nye statsbygg, og har ein fast observatør i Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg. Etter 1. januar 1977 blir kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg finansiert over statsbudsjettet. Spørsmål om koordinering og kontakt mellom det rådgjevande utvalet til Kulturrådet og det organ som skal ta seg av kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg, (jfr. innstilling S. nr. 40 for 1976

—77) er for tida under drøfting med departementet.

*Riksinstitusjonane*

Kulturrådet har kontakt og samarbeider med Rikskonsertane i alle saker som gjeld tilskott til konsertar eller andre større musikktiltak rundt i landet. Det same gjeld Riksteatret ved søknader om tilskott til frie sceniske grupper, og Riksgalleriet om turnear med biletkunst. Rådet har òg kontakt med Norsk Forfattersentrum om til dømes litterære festivalar eller litteratur- og lyrikkdagar.

*Norske Kommuners Sentralforbund*

Kulturrådet har kontakt og samarbeider med Norske Kommuners Sentralforbund i fleire saker. Det kan gjelde konferansar der Sentralforbundet bør være med, eller utgreiingsarbeid, som tildømes i 1976 Utgreiinga om tilskott til frie sceniske grupper. Sentralforbundet hjelper til med å sende informasjon eller fråsegner frå Rådet til kulturstyra i fylke og kommunar.

Frå 1977 blir Norsk kulturråd utvida med to medlemmer, utpeika av Norske Kommuners Sentralforbund, og oppnemnde ved kongeleg resolusjon.

*Regionale og lokale råd og institusjonar*

Rådet legg vekt på eit nært samarbeid med dei regionale råda Nordnorsk kulturråd og Nordnorsk Musikkråd, og med regionale kunstnarorganisasjonar. Når det gjeld tiltak for samisk kultur har Rådet i tillegg til sine eigne rådgjevande utval kontakt med Norsk Sameråd, Norske Samers Riksforbund og Norges Reindriftsamers Landsforbund. 12. mars vart det halde eit drøftingsmøte mellom arbeidsutvalet i Norsk kulturråd, formennene i dei rådgjevande utvala og representantar for samiske organisasjonar og lag. På møtet vart drøfta fordelinga av avsetjinga til samiske kulturtiltak mellom dei ulike arbeidsfelta: Litteratur, biletkunst, musikk og anna. Spørsmålet om ein litteraturkonsulent for samisk litteratur, eventuelt knytt til biblioteket i Karasjok, vart òg drøfta og tilhøva for dei samiske avisene. Rådet vil freiste å få slike møte kvart år.

Kulturrådet tek sikte på å byggje opp planmessig kontakt og samarbeid med dei fylkeskommunale kulturstyra. I dagane 31. mars—2. april arrangerte Kulturrådet ein konferanse i Kristiansand med representantar for kulturstyra og kulturadministrasjonane i fylka. Elles var representantar frå Statens Ungdomsråd, Statens Idrettsråd, Norske Kommuners Sentralforbund og Kyrkje- og undervisningsdepartementet med på konferansen. Statsråd Kjølv Egeland heldt innleiingsføredraget. Rapporten frå konferansen «Om kulturpolitikk i fylkene» er trykt og send Stortinget.

På rådsmøte 25. november drøfta Rådet Rapport nr. 3 frå Administrasjonsutvalet i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, om Kulturavdelinga. I samsvar med det som Administrasjonsutvalet gjer framlegg om, vil Kulturrådet frå 1977 ta sikte på regelfaste møte med Statens Ungdomsråd og Statens Idrettsråd.

## Reiser og representasjon

Formannen, Hartvig Kiran, representerte Kulturrådet i møte 20. februar i Norges alemnvitenskapelige forskningsråd (Fagråd A, Rådet for humanistisk forskning).

Han overrekte jubileumsgåve ved 100-års jubileet i Kunstindustrimuseet i Oslo 25. mars.

Han heldt foredrag ved Norsk kulturråds konferanse i Kristiansand 30. mars—2. april om kulturadministrasjonen i fylka.

Han representerte Kulturrådet og talte ved opninga av Førdehuset 12.—13. juni.

Han representerte Kulturrådet i møte med Norges almenvitenskapelige forskningsråd 19. august om saker av sams interesse for båe råd.

Han deltok som representant for Kulturrådet saman med Solfrid Gjelsten og Ingeborg Lyche på nordisk kulturkonferanse 13.—17. september 1976 i Nordens Folkliga Akademi i Kungälv.

Han representerte Rådet ved møte med Barne- og Ungdomslitteraturens Forfatterlag 15. oktober om barne- og ungdomslitteratur.

Han representerte Rådet ved eit møte i Kyrkje- og undervisningsdepartementet 20. oktober med ein kanadisk delegasjon og gjorde greie for arbeidet for samisk kultur.

Han representerte Kulturrådet saman med Ingeborg Lyche og Hans Stokland ved møte 20. desember, kalt saman av Kyrkje- og undervisningsdepartementet med representantar for kunstnarorganisasjonane, om forhandlingsretten og andre spørsmål i samband med Stortingsmelding nr. 41.

Han har halde fleire foredrag i bydelsutval, folkeakademi o. a. om barn og kultur og andre emne innan arbeidsfeltet til Norsk kulturråd.

Nestformannen, Bjørn Aarseth, møtte for Rådet ved konferanse i Oslo 21. januar med representantar for Tromsø kommune om bygg for Hålogaland Teater og Tromsø Kunstforening.

Den 27. februar representerte han Rådet ved opninga av «Grene-bua» i Manndalen i

Lyngen samstundes med årsmøte i Manndalen Husflidslag. Han heldt foredrag om Kulturfondet og kulturhus på bygdene.

Han møtte for Rådet den 12. mars i samrådingsmøte i Kyrkje- og undervisningsdepartementet om finansiering av større tiltak ved De Samiske Samlinger.

16.—18. mars representerte han Rådet saman med sekretær Marit Øvrebø ved museumspedagogisk konferanse i Elverum og heldt foredrag om Kulturrådets arbeid for «Barn og kultur».

20.—22. mai representerte han Rådet ved landsmøtet til Norske Samers Riksforbund i Karasjok.

Han representerte Rådet ved opninga av Festspillene i Nord-Norge i Harstad 19. juni og ved opninga 20. juni av ungdomsleir for funksjonshemma i tilknytning til Festspillene.

29. juni—1. juli representerte han Rådet ved landsmøtet på Røros, Norges Reindriftssamers Landsforening. Han var samtidig med i fleire konferansar med representantar for samiske kulturinstitusjonar.

31. juli representerte han Rådet ved årsmøtet i Nordnorsk Forfatterlag i Svanvik (Sør-Varanger) og heldt seminarforedrag om kultursamarbeidet på Nordkalotten i historisk og aktuelt perspektiv.

Han møtte den 30. august på konferanse hos landbruksministeren med kanadisk delegasjon for indianarar/eskimoar i Canada og gjorde greie for finansiering av kulturtiltak for samane i Noreg.

10.—12. september var han etter oppdrag frå Rådet med i et regionalt seminar om samisk historie i Alta og heldt foredrag om samane og territorialstatane.

6. desember var han med på konferanse i Alta om organisering/finansiering av kulturlivet lokalt, med foredrag om kulturpolitikk og statlege finansieringsmåtar.

K j e l l  B o n d e v i k representerte Rådet ved avduking av Løvland-monumentet i Evje 7. juli og ved festkonserten i Oslo Domkirke 13. juni ved 60 års jubileet for Oslo Organistforening.

Han representerte Rådet på møte i Miljøverndepartementet 9. desember om Kulturminneregistreringa, som nå blir teken over av Miljøverndepartementet.

G u n n a r  L e i r o representerte Rådet ved avdukinga av kunstnarleg utsmykking ved Øksnevad jordbruksskole 21. juni.

K å r e  H o l t representerte Rådet ved Nord-norsk Forfatterlags Nordkalottseminar 30. juli—1. august.

S o l f r i d  G j e l s t e n deltok som representant for Rådet saman med formannen og Ingeborg Lyche i Nordisk kulturkonferanse 13.—17. september i Nordens Folkliga Akademi i Kungälv.

O l a v  B e d d a r i deltok i og heldt foredrag 23.—24. april ved nordisk seminar i Karesuando, arrangert av finsk Norden om «minoritetskultur på egne vilkår».

Han representerte Kulturrådet ved Nordens Nordkalottseminar i Torneå 13.—15. august, og ved Finnekulturkonferansen i Torsby i Sverige 6.—8. juli.

P e r  A m d a m representerte Rådet ved opninga av kulturhuset i Molde 3. november.

O d d  L e r e n representerte Rådet ved konferanse arrangert av Musikk i Skolen, Norsk Musikkpedagogisk Forening og Norsk Musikkskoleråd i Trondheim, mai 1976.

Direktør I n g e b o r g  L y c h e deltok som representant for Kulturrådet i nordisk konferanse i Kungälv 28.—29. januar om framtidige oppgåver og organisasjonsform for Nordens Folkliga Akademi.

Ho er oppnemnd som representant for Kulturrådet til Nasjonalkomitéen for COMOS (International Council of Monuments and Sites).

Ho representerte Kulturrådet ved årsmøtet i Voss Folkemuseum i Voss, 18. juni, og ved landsmøtet i Folkeakademienes Landsforbund i Birkeland ved Kristiansand 26.—27. juni.

Ho avduka kunstnarleg utsmykking av Karl Erik Harr i Stasjonshallen på Evenes flyplass 30. juni.

Ho representerte Rådet saman med konsulent Guttorm Grønningsæter ved ein konferanse i Mosjøen 30. august om rehabilitering av Sjøgatemiljøet.

Ho representerte Rådet og talte ved opninga av Christiansand Teater 6. september.

Ho heldt foredrag ved norsk-svensk kulturkonferanse på Høvikodden 13. september.

Saman med formannen og Solfrid Gjelsten var ho med på nordisk kulturkonferanse 13.—17. september i Kungälv, og heldt foredrag om norsk kulturpolitikk.

Ho representerte Rådet og heldt foredrag ved konferansen i Folkets Hus Landsforbund på Dombås 29. september—3. oktober om kulturhus/forsamlingshus.

Ho representerte Rådet og heldt foredrag ved fylkesskulekontoret for Vestfold fylke, i Tønsberg 26. november.

Ho representerte Rådet på konferanse 6. desember i Moss med fylkeskulturstyret, Moss kulturstyre og Galleri F 15's Venner om framtida for Galleri F 15.

Kontorsjef H a n s  S t o k l a n d representerte Rådet på den 50. Statens Ungdomskonferanse 10. mai.

Han var med på ein konferanse i Stockholm 21.—23. mai om svensk kunstformdling.

Han representerte Rådet under Bergmannsdagene på Røros 23.—27. juni.

21. august representerte kontorsjefen Rådet ved opninga av eit nytt utstillingsbygg på Follo Museum.

Han representerte Rådet på eit seminar om kunstformidling på Utstein Kloster 1.—3. oktober.

I dagane 11.—15. oktober var han med på eit UNESCO-seminar i Jugoslavia om «Culture and working life».

Saman med formannen representerte han Rådet på konferanse i Kristiansand 30. mars—1. april om kulturpolitikk i fylka.

Kontorsjefen har dessuten heldt 2 foredrag på Distriktshøgskolen i Bø om Norsk kulturfond.

Konsulent Guttorm Grønningsæter representerte Kulturrådet ved Norske Kunst og Kulturhistoriske Museers landsmøte i Arendal 9.—12. september.

Saman med Ingeborg Lyche representerte han Kulturrådet ved konferansen i Mosjøen 30. august.

Han var hovedsekretær for den Europeiske Kulturministerkonferansen i Oslo i juni 1976.

Han var med i embetsmannskomitéen i Europarådets Råd for Kulturelt Samarbeid i samband med førebuingar til konferansen.

Konsulent Torkild Alsvik var til stades på Nordnorsk Forfatterlags Nordkalottkonferanse «Fra Grønland til Sibir» og årsmøtet til Forfatterlaget i Svanvik 29. juli—1. august.

Han representerte Rådet ved 7. nordiske kongress for barne- og ungdomslitteratur på Geilo 10.—12. september,

ved Den norske Forfatterforenings seminar «Diktning — verdi og virkning» på Lysebu 30. september—3. oktober,

og ved Statens bibliotektilsyns seminar «Kommunenes litteraturtilbud til barn» i Levanger 22.—25. november.

Førstesekretær Berit Weyer Larsen representerte Rådet på stiftingsmøte for Fellesrådet for Sang- og Musikkorganisasjonane Noreg, 15. november 1976 i Oslo.

Sekretær Marit Øvrebø representerte Rådet saman med nestformannen på stiftings- og arbeidskonferanse for Norsk Museumspedagogisk Forening — emne «barn og museum» — på Elverum 16.—17. mars.

### Pressekonferansar

Rådet har halde to pressekonferansar i 1976, båe i Oslo Håndverks- og Industriforening: Pressekonferanse 25. mai, om Kulturrådets lydbandillustrerte antologi over norsk litteratur (sjå kap. III, Litteratur), og 13. desember om innstillinga om Norsk folkekunst, som rådet vil handsame i 1977.

### Norsk kulturråds prisar 1976

Æresprisen for 1976 vart gjeven til Sigbjørn Bernhoft-Osa etter samrøystes vedtak i Kulturrådet 25. november 1976. I grunngjevinga peikar Rådet på at få, om nokon, har gjort så mykje til å gjere nasjonalinstrumentet hardingfela kjent og kjært, både i inn- og utland. Utan å misse fotfeste i den folkelege kulturen har Sigbjørn Bernhoft-Osa lyft hardingfelespelet opp på eit høgt profesjonelt plan, og han har vore ein mektig inspirasjon, ikkje berre for våre mange spelemenn, men for alle som har open sans for samspelet mellom folkeleg og profesjonell kunst.

Livsverket til Sigbjørn Bernhoft-Osa på dette kulturområdet har vore so verdfullt at Rådet fann det naturleg å gje han æresprisen for 1976.

Dei andre prisane som Rådet har delt ut i 1976 er:

Musikkprisen til Ludvik Nielsen
Omsetjarprisen til Lotte Holmboe
Prisen for lokalhistorie til Hans Hyldbakk.

Om grunngjevinga viser vi til dei einskilde avsnitt i kap. III.

Prisane vart utdelte ved det opne møtet i Munch-museet 16. desember.

# Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet

### Kyrkje- og undervisningsdepartementet

Rådet vil som i alle tidlegare år få seie seg glad for det gode samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, eit samarbeid som er ein føresetnad for ein koordinert nasjonal kulturpolitikk og naturleg kulturvokster. Sjølvsagt gjeld dette fyrst og fremst Kulturavdelinga i departementet, men Rådet har òg kontakt og samarbeid med andre avdelingar: Avdeling for vaksenopplæring og folkeopplysning i saker som gjeld kurs, seminar, særlege tiltak ved folkehøgskolane o. a., og med Skuleavdelinga mellom anna om tiltak for samisk kultur.

Som hovudregel gjeld at Kulturrådet ikkje gjev stønad til slike tiltak som kan få statstilskott under fastsette tilskottsordningar. Som nemnt i årsmeldinga for 1975 reknar Rådet elles med at etterkvart som ordninga med statstilskott til kulturarbeid i fylke og kommunar blir utbygd. vil tilhøva mellom Norsk kulturfond og overføringsmidlane og til kulturstyra bli vel så viktige som tilhøva til tilskottsordningar og regelverket i departementet.

### Miljøverndepartementet

Rådet vil òg seie seg glad for det gode samarbeid som er vakse fram med Miljøverndepartementet. Det har vore fleire møte i meldingsperioden om registreringa av faste kulturminne, som departementet tek over frå 1977, om søknader frå Fortidsminnesmerkeforeninga, om eigedomar som foreninga eig, om koordinering av registreringstiltak som er igang rundt i landet i regi av mange ulike institusjonar o. a. Samarbeidet med Riksantikvaren er det gjort greie for i førre kapitlet.

### Utanriksdepartementet

Norsk kulturråd samarbeider med Presse- og kulturavdelinga i Utanriksdepartementet i saker som gjeld tiltak for norsk litteratur, musikk eller biletkunst i utlandet. Byråsjefen i Kulturkontoret er fast medlem av Utvalet for norsk litteratur i utlandet. I Musikkutvalet har tiltak for å spreie kjennskapen til norsk musikk i utlandet vore drøfta sidan 1975, og arbeidet med å finne fram til realistiske tiltak på dette området har halde fram i 1976.

Retningslinene for mogleg samarbeid om musikk og biletkunst er elles attgjevne i årsmeldingane for 1967 og 1968. I hovudsak går retningslinene ut på at Norsk kulturfond bør kunne gje tilskott til einskilde store eingongstiltak, som det ikkje er ventande at det normale årsbudsjettet for Presse- og kulturavdelinga kan gjeve åleine.

Kulturrådet vil på nytt ta opp det som vart sagt i PM frå Norsk kulturråd til departementet hausten 1971 om tilhøva mellom statsbudsjettet og Norsk kulturfond (Vedlegg nr. 2 til St. meld. nr. 8 for 1973—74 Om organisering og finansiering av kulturarbeid) at skal denne oppgåvefordelinga mellom statsbudsjett og Kulturfondet fungere, må Presse- og kulturavdelinga i Utanriksdepartementet få eit budsjett for arbeidet med kulturelt samkvem med utlandet som nokoleis høver med dei oppgåver som ligg føre. Kulturrådet meiner framleis at denne saka bør bli drøfta mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Utanriksdepartementet, og mellom dei to stortingsnemndene som gjev tilråding om desse budsjetta.

Kulturrådet har i 1976 òg hatt kontakt med Landbruksdepartementet og Kommunaldepartementet om samiske saker og om kulturbygg/miljøbygg, og med Sosialdepartementet om kulturarbeid for funksjonshemma.

Kulturrådet vil på nytt få streke under at det trengst tverrfagleg og «tverrdepartemental» kontakt mellom alle statlege instansar som arbeider på kulturområdet.

# Kap. III. Tilskott

## Innleiing

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart det fastsett denne hovudfordelinga av løyvinga til Norsk kulturfond, kr. 34 000 000: (Dei tilsvarande tala for 1975 står i parentes.)

| | 1976 | (1975) |
|---|---|---|
| Litteratur | 9 250 000 | ( 7 250 000) |
| Tidsskrift | 600 000 | ( 400 000) |
| Musikk | 2 800 000 | ( 2 400 000) |
| Biletkunst og kunsthandverk | 4 450 000 | ( 4 000 000) |
| Kulturvern | 3 500 000 | ( 3 400 000) |
| Samisk kultur | 630 000 | ( 490 000) |
| Kulturbygg | 9 200 000 | ( 9 200 000) |
| Utgreiingar, utval, publikasjonar | 720 000 | ( 460 000) |
| Andre føremål | 1 150 000 | ( 1 000 000) |
| Administrasjon | 1 700 000 | ( 1 400 000) |
| Til saman | 34 000 000 | (30 000 000) |

I alt kom det i 1976 inn 987 søknader (1974: 847, 1975: 873). Dette er det høgaste søknadstalet hittil. Søknader som Riksantikvaren har sendt over til vidare handsaming i Kulturrådet er ikkje medtekne, heller ikkje søknader om lån av Materialfondet. Det er difor vanskeleg å gje ein klår søknadssum. Mange søknader nemner ikkje nokon viss sum, eller dei nemner alternative summar. Etter den nye tilskottsordninga for tidsskrift som Kulturrådet no prøver, vert det ikkje tale om nokon søknadssum for tidsskrift, slik ein hadde før 1975, av di tilskotta no blir utrekna etter produksjonsutgifter og støttekjøp (sjå Tidsskrift).

Med slike atterhald kan ein setje den samla søknadssumen til vel 55 mill. kroner (i 1975: 46,8 mill.).

Det ser såleis ikkje ut som nyordninga i 1975 med statstilskott til kulturarbeid i kommunar har ført til nokon nedgang i forventningane til Kulturfondet. Jamvel om den nye tilskottsordninga berre har verka i to år, og for fylka i eitt år, slik at det er for tidleg å seie noko visst om utviklinga, ser det ut som betre administrative ordningar og overføring av statsmidlar berre har stimulert trongen til omframt stønad til særskilte eller nye kulturtiltak. Det kan sjå ut til at det vert lettare for nytt initiativ og forsøk av ymse slag å bli høyrt i kommunar og fylke, men dermed aukar òg forventningane til Kulturfondet, i takt med den optimisme som nyordninga har ført med seg.

Rådet fylgjer med interesse dei opplysningane som kjem om korleis kommunane fordeler overføringsmidlane. Men enno er ikkje dette tilfanget stort nok til at ein kan vurdere korleis tilhøva mellom Kulturfondet og dei lokale midlane kan utvikle seg på noko lengre sikt.

**Søknadsoversyn pr. 31 desember 1976**

(Tala for 1975 er førde opp ved sida av)

| | Talet på søknader[1]) 1976 | 1975 | Total søknadssum 1976 | 1975 |
|---|---|---|---|---|
| Litteratur | 145 | 117 | 2 524 037 | 2 395 686 |
| Tidsskrift[2]) | 45 | 27 | | |
| Musikk | 146 | 163 | 6 764 102 | 5 295 816 |
| Biletkunst og kunsthandverk[3]) | 237 | 177 | 7 321 656 | 6 924 640 |
| Kulturvern[4]) | 243 | 219 | 14 678 750 | 13 591 803 |
| Samisk kultur | 46 | 47 | 950 288 | 767 962 |
| Kulturbygg | 33 | 31 | 18 053 000 | 15 077 000 |
| Andre formål | 92 | 92 | 4 722 563 | 2 790 269 |
| I alt | 987 | 873 | 55 014 396 | 46 843 176 |

1) I 1976 var talet på søknader utan søknadssum 198 medan talet i 1975 var 181.
2) Etter den nye tilskottsordninga for tidsskrift blir ikkje søknadssum nemnt.
3) Søknader om lån frå Materialfondet er ikkje medrekna.
4) Saker sende over frå Riksantikvaren er ikkje medrekna.

Rådet vil gjerne ha eit grunnlag å byggje på når det skal førebu arbeidet med å fordele fondsmidlar for året. Difor blir det kvart år lyst ut ein søknadsfrist som har vore sett til 1. november for søknader om tilskott av fondsmidlar for året som kjem. Men denne utlysinga av ein søknadsfrist vil ikkje seie at Rådet ikkje tek omsyn til søknader som kjem inn etter denne datoen.

I samsvar med dei retningslinene som Stortinget har fastsett, gjev Kulturrådet ikkje driftstilskott til institusjonar eller organisasjonar, eller tilskott til tiltak som kjem att kvart år. Tilskott til tidsskrift må likevel naturleg nok bli gjevne som årlege driftstilskott.

## LITTERATUR

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart det sett av kr. 9 250 000 til litterære føremål, delt slik:

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur | kr. 7 000 000 |
| 2. | Barne- og ungdomslitteratur | » 690 000 |
| 3. | Nyutgivingar av eldre norsk litteratur | » 200 000 |
| 4. | Essayistikk | » 150 000 |
| 5. | Verdfulle omsetjingar | » 170 000 |
| 6. | Arbeid for norsk litteratur i utlandet | » 120 000 |
| 7. | Litterære prisar | » 20 000 |
| 8. | Nynorsk litteratur | » 600 000 |
| 9. | Til rådvelde | » 300 000 |
| | Til saman | kr. 9 250 000 |

I alt kom det inn 145 søknader om stønad til litteraturføremål i 1976 (117 i 1975). Samla søknadssum var kr. 2 524 034 (kr. 2 395 686 i 1975). I dette talet er utgifter til bøker på innkjøpsordninga eller «den vesle innkjøpsordninga» for barne- og ungdomslitteratur ikkje rekna med.

### 1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur

Det vart sett av kr. 7 000 000 i 1976. På tingingsmøte 15. desember 1975 med dei to forleggjarorganisasjonane og Den norske Forfatterforening vart partane samde om å oppheve ordninga frå dei to siste åra med at forlaga betalte attende til Kulturfondet overskridinga på innkjøpsordninga. Samstundes vart partane samde om at diktsamlingar skal kjøpast inn til vanleg pris (med vanlege rabattar). Talet på innkjøpte diktsamlingar har auka etter at ordninga med fast arkpris fall bort, men talet på prosabøker har auka like sterkt. På tingingsmøtet vart det og vedteke at honorarsatsen til lyrikarane skulle haldast like høgt som dei to siste år: 22,5 pst.

*Omfanget av innkjøpsordninga*

Det vart kjøpt inn i alt 231 skjønnlitterære bøker til folkebiblioteka i 1976. Liste over bøkene er prenta som vedlegg når 1. Tala nedst på sida syner korleis bøkene fordeler seg etter dei tre genra. (Tala for 1965—75 står i parantes.)

I ein freistnad på å halde styring med utgiftene til innkjøpsordninga, gjorde Rådet i oktober vedtak om at ein berre skulle kjøpe dei bøkene som kom med etter den automatiske ordninga. Dei som då fell utanfor var bøker frå uorganiserte forlag, bøker som Universitetsbiblioteket i Oslo klassifiserte som ikkje-skjønnlitteratur, og kriminal- og ulike agentbøker. Ingen forfattar fekk kjøpt inn meir enn ei bok.

Dei uorganiserte forlaga klaga over denne avgjerda både til Rådet, departementet og Stortinget. Saka vart teken opp i spørjetimen i Stortinget. Statsråden viste til avgjerda til Kulturrådet. Då storleiken på løyvinga til Kulturrådet for 1977 var klår, endra Rådet vedtaket om å halda bøkene frå dei uorganiserte forlaga utafor. Bøkene er vurdert på vanleg måte.

Medlemene i Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlaga som samstundes er med i Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 219 bøker. Forlag som berre er tilslutta Norsk Forleggersamband melde ikkje på bø-

| | 1976 | (-65 | -66 | -67 | -68 | -69 | -70 | -71 | -72 | -73 | -74 | -75) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Prosa | 118 | ( 76 | 88 | 74 | 90 | 75 | 85 | 84 | 92 | 94 | 92 | 92) |
| Lyrikk | 105 | ( 43 | 48 | 48 | 51 | 60 | 65 | 68 | 66 | 88 | 65 | 74) |
| Skodespel | 8 | ( 5 | 12 | 5 | 11 | 5 | 8 | 6 | 5 | 7 | 7 | 7) |
| Til saman | 231 | (124 | 148 | 127 | 152 | 140 | 158 | 158 | 163 | 189 | 164 | 173) |

ker i 1976. Eit forlag som kom med i Den norske Forleggerforening seinhaustes fekk bøkene sine kjøpt inn automatisk. Sju forlag som ikkje er organisert, fekk etter søknad til saman kjøpt inn 12 bøker. Om lag 33 bøker er avviste frå ordninga, anten av di forfattarane hadde ei anna bok med på ordninga, av di dei vart klassifisert utafor den automatiske ordninga, av di dei var kriminal- eller agentbøker, eller av di dei var søkt innkjøpt av uorganiserte forlag og vart vurderte negativt av Kulturrådet sine konsulentar. Ankenemnda har ikkje vurdert klassifiseringa av bøker av di Rådet hadde vedteke å følgje klassifiseringa strengt. Nemnda vurderte bøkene til tre forfattarar som Statens bibliotektilsyns rådgjevande komité for folkebibliotek ikkje hadde tilrådd kjøpt til folkebiblioteka. Ein av forfattarane vart stroken av vurderingslista i Kulturrådet, medan dei to andre vart ståande. Seks bøker av forfattarar på vurderingsliste vart søkt innkjøpt. Etter vurdering i Statens bibliotektilsyns rådgjevande komité vart tre av dei kjøpt inn.

Avdi talet på bøker i 1976 var so høgt, måtte Biblioteksentralen sende bøkene til biblioteka i fem puljer, mot fire dei siste åra. Første pulje gjekk frå A/L Biblioteksentralen 12. oktober og inneheldt 35 titlar, andre pulje gjekk 23. november og var på 56 titlar, tredje pulje gjekk 16. desember og var på 47 titlar, fjerde pulje gjekk 31. januar med 40 titlar og femte pulje gjekk 23. mai med 45 titlar. Det var ikkje mogleg å få ut bøkene tidlegare på grunn av den store mengda bøker og problem med einskilde leveringar.

*Utgiftene ved innkjøpsordninga.*

Dette har og gjort at oppgjeret for ordninga 1976 ikkje er klart. Enda om tala her er avrunda, gir dei eit rett bilete av utgiftene til ordninga. Dei endelege tala kjem i neste årsmelding.

| | |
|---|---|
| Kjøp av 231 000 bøker | kr. 5 580 000 |
| Innbinding, ekspedisjon m. v. | » 1 218 000 |
| Frakt | » 154 000 |
| Honorarforskott 1976 | » 1 620 000 |
| Honorar for sal i 1975 (utbetalt i 1976) | » 416 000 |
| Til saman om lag | kr. 8 988 000 |

Dette er ei overskriding på kr. 1 988 000.

Kulturrådet hadde rekna med at ei avsetjing på kr. 7 000 000 var nok, om talet på innkjøpte bøker hadde vore uendra frå 1975. Det er det høge talet på bøker som har gitt den store overskridinga på ordninga i 1976. Denne overskridinga må Kulturfondet dekkja av fondsmidlar i 1977.

Den oppstillinga som følgjer her viser korleis prisane på dei innkjøpte bøkene har utvikla seg. Prisane gjeld for hefta bøker i bokhandel. Talet for 1973—75 er tatt med til samanlikning:

| | 1976 | (1973 | 1974 | 1975) |
|---|---|---|---|---|
| Prosa | kr. 49,99 | (31.58 | 38,24 | 44,24) |
| Lyrikk | » 34,42 | (23,35 | 27,35 | 20,21) |
| Skodespel | » 52,31 | (27,29 | 38,14 | 40,64) |

*Avgrensing av innkjøpsordninga*

I 1976 sto det fram ei nyskaping i norsk bokheim: Bokklubben Nye Bøker vart starta. Denne bokklubben vil gje ut bøker som ikkje har vore gitt ut i Noreg før. Nokre av bøkene er ny norsk skjønnlitteratur. Rådet har gjort vedtak om at det berre skal utbetalast honorarrefusjon for den delen av opplaget for desse bøkene som kjem ut på det tradisjonelle forlaget. Avtalepartane har sagt seg samd i dette. Rådet vil følgje nøye utviklinga på bokmarknaden etter at denne bokklubben kom.

### 2. Stønad til barne- og ungdomslitteratur

Til denne posten vart det i 1976 sett av kr. 690 000, delt slik:

| | |
|---|---|
| a) Kjøp av barne- og ungdomsbøker til barneheimar m. v. | kr. 350 000 |
| b) Honorarbonus til forfattarane | » 172 000 |
| c) Førehandsstønad til kunstnarleg illustrerte biletbøker | » 90 000 |
| d) Til rådvelde | » 78 000 |
| Til saman | kr. 690 000 |

Til «den vesle innkjøpsordninga» (postane a og b) vart det til saman nytta kr. 598 949. Dette er kr. 76 949 meir enn avsetjingane. Postane c og d vart brukte opp.

Postane a og b: Kulturrådet har kjøpt inn 500 eksemplarer av kvar bok som er med på den tilrådde lista frå den rådgjevande komité for skulebibliotek oppnemnt av Statens bibliotektilsyn. A/L Biblioteksentralen sender bøkene til om lag 365 barneinstitusjonar og 25 pedagogiske høgskular. Nokre institusjonar får fleire sett. 51 bøker som kom ut i 1975, kom med på ordninga i 1976. Sendinga gjekk ut 1. september. Liste over dei 51 titlane som var med på ordninga er trykt som vedlegg nr. 2.

Innkjøp (minus rabatt), ekspedisjon og frakt kosta i alt kr. 410 949. Honorarbonusen var i 1976 auka til kr. 4 000 til kvar forfattar som fekk ei bok med på ordninga. Det vart betalt ut kr. 188 000 til 47 forfattarar. (Tre forfattarar hadde med to eller tre bøker på ordninga.)

Før sumaren sende Kulturrådet ut ei firesiders spørjeskjema til dei institusjonane som får barnebokpakkar for å få meir greie på korleis dei tek i mot og nyttar bøkene. Etter ei purresending etter ferien hadde noko over 70 pst. av mottakarane svara. Desse skjema er koda inn og skal køyrast over på EDB. Arbeidet med å handsame stoffet går vidare i 1977.

15. oktober hadde representantar frå Kulturrådet tingingsmøte med Den norske Forleggerforening, Norsk Forleggersamband og tingingsutvalet frå forfattarane (representantar frå Ungdomslitteraturens Forfatterlag og Den norske Forfatterforening). Forleggjarane og forfattarane kravde at «den vesle innkjøpsordninga» skulle gå inn i den «store» ordninga for vaksen litteratur, dvs. at det blir kjøpt inn 1 000 eksemplar av kvar bok, at bøkene blir sende til biblioteka, at forfattarane får honorar etter ein fast royaltyprosent og at bøkene kjøpast inn automatisk utan førehandsvurdering. Kulturrådet vedtok å utsetje avgjerda i denne saka til det nye Rådet som er oppnemnt frå 1977.

Etter tilråding frå Barnebokutvalet (sjå Kap. I, Utval og utgreiingar) har Rådet gjeve desse tilskotta til kunstnarleg illustrerte barnebøker:

| | | |
|---|---|---|
| Gyldendal Norsk Forlag til: | | |
| Tonje Strøm Aas/Annie Riis: Vet du hva? | kr. | 18 000 |
| Kjersti Scheen: Fie og mørket | » | 16 500 |
| Thore Hansen/Tor Åge Bringsværd: Det blå folket og det ensomme dyret | » | 21 000 |
| J. W. Eides forlag til: | | |
| Jo Tenfjord/Reidar Johan Berle: Barn fra Lyngen | » | 13 000 |
| J. W. Cappelens forlag til: | | |
| Fam Ekman: Kyss katta | » | 10 000 |
| Thorbjørn Egner: Da Per var ku | » | 5 000 |
| » » Ole Jakob på bytur | » | 5 000 |
| » » Jumbo | » | 5 000 |
| » » Telleboka | » | 5 000 |

Seks søknader om stønad til biletbøker har fått avslag.

Av avsetjinga til barne- og ungdomslitteratur er det elles gjeve desse tilskotta:

| | | |
|---|---|---|
| Noregs Boklag til | | |
| Ola og Unni-Lise Jonsmoen: Fartsgrense null | kr. | 8 500 |
| Barnebladet Maurtua til | | |
| Den andre Maurtuaboka | » | 6 500 |
| Assistanseforeningen for synshemmede barns sak til | | |
| 13 punktskriftbøker | kr. | 19 500 |
| Tiden Norsk Forlag til | | |
| to prosjekt med produksjon av punktskriftbøker i større opplag | » | 35 000 |

Av avsetjinga til rådvelde litteratur er det gjeve desse tilskott til barneblad:

| | | |
|---|---|---|
| Barnebladet Maurtua | kr. | 20 000 |
| Barnebladet Magne | » | 20 000 |
| Norsk Barneblad | » | 20 000 |
| Barnebladet Kom og se | » | 20 000 |

Barnebladet Magne har i 1976 lagt ned den nynorske parallellutgåva si, og utgjevarane av barnebladet Maurtua har gjort vedtak om å stanse drifta.

Av avsetjinga til andre føremål er det gjeve ei løyving på kr. 14 000 til J. W. Cappelens Forlag til Ingebrigt Davik: «Vi spiller og synger med Margrethe Munthe».

### 3. Nyutgjeving av eldre norsk litteratur

Til dette føremålet vart det sett av kr. 200 000. Klassikarkomitéen (sjå Kap. I, Utval og utgreiingar) har handsama alle søknader om produksjonstilskott til nye utgåver av eldre norsk litteratur som anten er gått ut av handelen eller berre finst som del av større samleverk og som ikkje kan kjøpast i einskilde band.

Etter tilråding frå komitéen har Kulturrådet i 1976 gjeve desse tilskotta:

| | | |
|---|---|---|
| Forlaget Novus til: | | |
| Hans Jæger: Fra Kristiania-bohemen | kr. | 4 000 |
| Pax Forlag til: | | |
| Amalie Skram: Sommer | » | 6 000 |
| Nini Roll Anker: Kvinnen og den svarte fuglen | » | 5 000 |
| Forlaget Tanum-Norli til: | | |
| Olav Duun: Noveller I/IV | » | 45 000 |
| » » Juvikfolke | » | 40 000 |
| H. Aschehoug & Co. til: | | |
| Fredrik Paasche: Landet med de mørke skipene | » | 25 000 |
| Henrik Wergeland: Vinterblommer i barnekammeret | » | 6 000 |
| Hans E. Kinck: Gabriel Jahr. Presten | » | 21 000 |
| Matti Aikio: Bygda på elveneset | » | 5 000 |
| Ingeborg Refling Hagen: Livsfrisen I/II | » | 20 000 |
| Det Norske Samlaget til: | | |
| Kristofer Uppdal: Fjellskjeringa | » | 6 000 |
| Åsmund Sveen: Stille smil | | |
| Sigrun Okkenhaug: Helga | | |

Sven Moren: Dei morlause gutane i Skarfjellet
Rasmus Løland: Trond og venene hans
Til saman for desse 5 .......... kr. 25 000
Gyldendal Norsk Forlag til:
Ronald Fangen: En kvinnes vei .. » 4 000
Carl Schøyen: Tre stammers møte » 15 000
Noregs Boklag til:
Sjur Bygd: Holmgang ......... » 6 000
Tiden Norsk Forlag til:
Lars Berg: Du skal svare ...... » 8 000
» » Fire søsken går ut .. » 8 000
J. W. Eide Forlag til:
Bjørnstjerne Bjørnson: Over ævne, annet stykke ................ » 4 000

Til saman .................... kr. 253 000

Overskridinga på kr. 53 000 er dekt av avsetjinga til Generell disposisjon. Sjå side 45.
Rådet har dessutan gjeve desse tilsegnene for 1977:
H. Aschehoug & Co. til:
Ingeborg Refling Hagen: Livsfrisen III/IV .................... kr. 20 000
Noregs Boklag til:
Henrik Rytter: Øya ........... » 10 000

### 4. Essayistikk

Til dette føremålet vart det sett av kr. 150 000. Klassikarkomitéen skal òg gje tilrådingar om tilskott til utgjeving av norsk essaylitteratur, til litterære eller kulturhistorisk verdfulle biografiar, memoarar eller brevsamlingar. I samsvar med tilrådingar frå komitéen har Rådet gjeve desse tilskotta:

H. Aschehoug & Co. til:
Hallvard Rieber Mohn: Reisegleder kr. 10 000
Carl Fredrik Engelstad: Et ord er et under ...................... » 4 000
Finn Havrevold: Refleksjoner ... » 6 000
Thorleif Boman: Jesus av Nasaret » 5 000
Laila Skram: Spør etter de gamle stier ......................... » 3 000
Stein Mehren: En rytter til fots .. » 4 000
Eivind Reinertsen: Reise uten ankomst ...................... » 8 000
Finn Alnes: Svart sne ......... » 6 000
Det Norske Samlaget til:
Norsk Litterær Årbok 1976 ..... » 30 000
Inge Krokann: Det store hamskiftet .......................... » 4 000
Noregs Boklag til:
Olav Dalgard: Ei bok om Olav Duun ........................ » 8 000
Rikard Berge: Norsk sogukunst . » 6 000
Solum Forlag til:
Ivar Magnus Ravnum: Vold og erkjennelse .................... kr. 5 000
Gyldendal Norsk Forlag til:
Espen Haavardsholm: Essays ... » 7 000
J. W. Cappelens Forlag til:
Odd Eidem: Tilskueren ........ » 15 000
Henrik Groth: Mot strømmen .... » 13 000
Johan Vogt: Disputt om statsfornuft ........................ » 5 000
Tiden Norsk Forlag til:
Kjell Bækkelund: Møte i musikk .. » 5 000
Norsk Bokreidingslag til:
Gustav Indrebø: Kva er målreising? ........................ » 6 000

Til saman .................... kr. 150 000

### 5. Tilskott til verdfulle omsetjingar

For 1976 var det sett av kr. 170 000. Omsetjingsutvalet (sjå Kap. I, Utval og utgreiingar) gjev tilråding om tilskott til verdfulle omsetjingar. Etter tilråding frå utvalet har Norsk kulturråd gjeve desse tilskotta:

Theodor W. Adorno: Utvalgte essays (Gyldendal) ............. kr. 4 000
Émile Ajar: Med livet foran seg (Gyldendal) .................. » 3 000
Saul Bellow: Humboldts gave (Aschehoug) ................. » 7 500
Samuel Beckett: Dramaer I (Noregs Boklag) ................. » 3 000
Louis Paul Boon: Lille kapellets vei (Gyldendal) .............. » 6 000
Richard Brautigan: En konføderal general fra Big Sur (Solum Forlag) ........................ » 2 000
Ivan Bunin: Noveller i utvalg (Solum) .................... » 2 500
Alejo Carpentier: El Recurso del Metode (Gyldendal) ........... » 4 000
F. de Castro: Os Fragmentos (Tiden) ......................... » 5 000
Denis Diderot: Paradoks om skuespilleren (Solum) ............. » 3 000
Fjodor Dostojevskij: Den evige ektemann (Solum) ............ » 4 000
N. G. Doormik: Frans av Assisi (St. Olav) .................... » 3 000
Onana Fallaci: Brev til et ufødt barn (Aschehoug) ............ » 2 000
Max Frisch: Montauk (Gyldendal) » 2 000
John Gardner: Nikkelberget (Aschehoug) .................. » 3 000
Nadine Gordimer: The Conservationist (Gyldendal) .............. » 4 000
Wenche Gulbransen: Ungarske eventyr (Noregs Boklag) ........ » 4 000
Peter Handke: Den sanne følelsesstund (Gyldendal) ............ » 2 000

| | | |
|---|---|---|
| Miklos Harazti: Stücklohn (Gyldendal) | kr. | 3 000 |
| Kent Kesey: Gjøkereiret (Pax) | » | 5 000 |
| Yasar Kemal: Bomullsveien (Cappelen) | » | 4 500 |
| Kåre Langvik-Johansen: Nederlandske noveller i utvalg (Solum) | » | 4 000 |
| Doris Lessing: Martha Quest (Gyldendal) | » | 5 000 |
| Liturgikommisjonen: Salmeoversettelser (jfr. s. 21) | » | 10 000 |
| Thomas Mann: Utvalgte noveller (Solum) | » | 2 000 |
| Gabriel Garcia Marquez: Patriarkens høst (Gyldendal) | » | 3 000 |
| Guy Maupassant: Utvalgte noveller (Cappelen) | » | 3 000 |
| Conrad Ferd. Meyer: Tre noveller (Solum) | » | 2 500 |
| Eugenio Montale: Sommerfuglen i Dinard (Aschehoug) | » | 4 000 |
| Robert Musil: Noveller (Solum) | » | 2 000 |
| V. S. Naipaul: Gerilja (Gyldendal) | » | 3 000 |
| Anais Nin: Anais Nins dagbok 1931—34 (Cappelen) | » | 5 000 |
| Po Chu: Tracks in the Snowy Forest (Oktober) | » | 5 000 |
| Pandelis Prevelakis: Den dagen nedtellingen begynner (Aschehoug) | » | 3 000 |
| Wilhelm Reich: Hør her lille mann (Solum) | » | 2 000 |
| Rigveda: Hymner i utvalg v/O. Rytter (Samlaget) | » | 2 000 |
| Manuel Scorza: Garabombo den usynlige (Aschehoug) | » | 4 000 |
| Isaac Bashevis Singer: Fiender (Love story) (Aschehoug) | » | 4 000 |
| Isaac Bashevis Singer: Den usette (Gyldendal) | » | 6 000 |
| Alexander Solsjenitsyn: Arkipelag G III (Tiden) | » | 5 000 |
| Alexander Solsjenitsyn: Eika og kalven (Tiden) | » | 5 000 |
| Anton Tsjekov: Måken (Solum) | » | 2 000 |
| Ivan Turgenjev: Asja (Solum) | » | 2 000 |
| Ukjent: Beowulf (Aschehoug) | » | 2 500 |
| Ukjent: Sanne forteljingar åt ein pilgrim (Noregs Boklag) | » | 3 000 |
| Thorstein B. Veblen: The Leisure Class (Gyldendal) | » | 4 000 |
| Boris Vian: Dagens skum (Gyldendal) | » | 2 500 |
| Luandino Vieira José: Avida Verdadeira (Tiden) | » | 2 000 |
| Gheorgi Vladinov: Trofaste Ruslan (Gyldendal) | » | 2 000 |
| Til saman | kr. | 180 000 |

I alt til 50 omsetjingar. Overskridinga er dekt av avsetjing til Andre tilskott til litteratur, sjå side 21.

### 6. Norsk litteratur i utlandet

I 1976 vart det sett av kr. 120 000. Etter tilråding frå Utvalet for norsk litteratur i utlandet (sjå kap. I, Utval og utgreiingar) har Rådet gjeve desse tilskotta:

| | | |
|---|---|---|
| Den norske Forfatterforening, til sekretær i halv stilling og til brosjyren «New Norwegian Books» | kr. | 72 851 |
| Forlaget De Bezige Bij, Amsterdam, til to bind Ibsendrama | » | 5 000 |
| Amerikansk institutt, Universitetet i Oslo, til A Dictionary of the Norwegian Literature in the United States and Canada | » | 10 000 |
| Embla Litterært Agentur til reise til bokmessa i Frankfurt | » | 4 200 |
| Istwan Bernath, Ungarn, til reise til The Third International Saga Conference, Oslo | » | 1 500 |
| Den norske Forfatterforening, til sekretær i halv stilling 1977 (resten vert løyvd over budsjettet for 1977) | » | 20 000 |
| Til saman | kr. | 113 555 |

I 1976 vart kontrakten underteikna med Twaynes forlag, New York, om utgiving av Olav Nordraa: «Rød høst», omsett av Erik J. Friis. Manuskriptet er levert forlaget.

Rådet hadde på nytt oppe til drøfting framlegget til oppretting av eit kontor for norsk litteratur i utlandet, knytt til Den norske Forfatterforening. Heller ikkje denne gongen fann Rådet det mogleg å love pengar til eit slikt kontor.

### 7. Litterære prisar

I 1976 vart det sett av kr. 20 000 til dette føremålet. Rådet har løyvd kr. 1 000 til Norsk Litteraturkritikerlag til utdeling av Kritikarprisen.

Norsk kulturråds omsetjarpris på kr. 15 000 vart i 1976 gjeven til Lotte Holmboe. Juryen var: Yngvar Ustvedt (Kulturrådets omsetjingsutval), Knut Ødegård (Norsk Litteraturkritikerlag), Åse Marie Nesse, Helge Simonsen og Ivar Eskeland (Norsk Oversetterforening sin Bastiankomité). Prisen vart delt ut ved ei tilstelling i Munch-museet om kvelden 16. desember.

Kr. 4 000 av avsetnaden går attende til Fondet.

### 8. Nynorsk litteratur

Etter at dei nye retningslinene for stønad til nynorsk litteratur vart vedtekne i 1975 sette Rådet av kr. 600 000 til dette føremålet i 1976.

Til Det Norske Samlaget er det løyvd kr. 418 000. Melding om korleis tilskottet er delt er prenta som vedlegg nr. 3. Dei andre forlaga har fått løyvd:

| | | |
|---|---|---|
| Noregs Boklag til: | | |
| Jørgen Stang/Thore Hanssen: Snøkjerringa på Dovrefjell | kr. | 18 000 |
| Ivar Medaas: Der kjem dampen og andre viser | » | 15 000 |
| Jørgen Stang: Visebok | » | 10 000 |
| Sjur Bygd: Holmgang | » | 3 000 |
| Richard Berge: Norsk sogukunst | » | 4 000 |
| Ungarske eventyr | » | 5 000 |
| Sanne forteljingar åt ein pilgrim | » | 7 000 |
| Fonna Forlag til: | | |
| Ivar Aasen: Heimsyn | » | 12 000 |
| Edgar Allan Poe: Gjennom malstraumen | » | 4 800 |
| Norsk Barneblads forlag til: | | |
| Nance Doncin: Johnny Neptune, Arvid Hanssen: Randi Fiskarjente, Erik Chr. Haugaard: Trælejenta Helga, Johannes Heggland: Åsil havreka, Sigbjørn Heie: Ein ny sommar, Ola Jonsmoen: Liv i grenda | » | 42 000 |
| Gyldendal Norsk Forlag til: | | |
| Vegard Vigerust: Ungdomsbok | » | 14 000 |
| Irmelin Sandman Lilius: «Fru Sola», trilogi | » | 45 000 |
| Pax Forlag til: | | |
| Asta Magni Lykkjen: Voldtekt | » | 8 000 |
| Ungdomsbladet Midnattsol | » | 3 000 |

### 9. Andre tilskott til litteratur

Det vart sett av kr. 300 000 som er nytta slik:

| | | |
|---|---|---|
| Den norske Forfatterforening, kompensasjon for oppheva lesesirkelavgift | kr. | 40 000 |
| Norsk Forfattersentrum, Bokdagen 76 | » | 32 000 |
| Norske Dramatikeres Forbund, seminar | » | 35 000 |
| Den norske Forfatterforening, seminar | » | 15 000 |
| Samordningsutvalget for Olav Duun-jubileet 1976 | » | 35 000 |
| Liturgikommisjonen, salmeomsetjingar | » | 10 000 |
| Helge Erichsens Forlag til: | | |
| Marcel Proust: På sporet av den tapte tid, band IV | » | 3 500 |
| Fredheim folkehøgskole, Rølheimseminar | kr. | 5 000 |
| Nordnorsk Forfatterlag, Nordkalottseminar | » | 15 000 |
| Fire barneblad (sjå avsnitt 2 foran) | » | 80 000 |
| Oslo Nye Teater, refusjon av innkjøpshonorar til: | | |
| Ole Paus: Tivoliliv | » | 5 000 |
| Barthold Halle: Mysterier | » | 5 000 |
| Peder Cappelen: Høna som ville til Dovrefjell | » | 5 000 |
| Hålogaland Teater, refusjon av innkjøpshonorar til: | | |
| Klaus Hagerup: Vor ret vi tar | » | 7 000 |
| Konsulenthonorar | » | 6 723 |
| | kr. | 299 223 |

I tillegg er det gitt desse tilskotta av avsetjinga til Andre føremål (Generell disposisjon):

| | | |
|---|---|---|
| Den norske Forfatterforening, seminar | kr. | 35 000 |
| Kari Pålsrud: Nordnorsk bibliografi | » | 15 000 |
| Oslo Nye Teater, refusjon av innkjøpshonorar for: | | |
| Ole Paus: Tivoliliv | » | 5 000 |
| Barthold Halle: Mysterier | » | 5 000 |
| Rogaland Teater, det same til: | | |
| Sverre Udnæs: I dette hvite lyset | » | 10 000 |
| Alfred Hauge: Morten Kruse | » | 5 000 |
| Nationaltheatret, det same til: | | |
| Arild Kolstad: Unger i veien | » | 5 000 |
| Arne Skouen: Ballerina | » | 10 000 |

Rådet har i 1976 arbeidt med ei ny stønadsordning for ny norsk dramatikk. Framlegget vil vere klart i 1977.

Forfatterseminaret vart halden på Lysebu frå 30. september til 3. oktober med 49 deltakarar. Temaet var: «Diktning — verdi og virkning». Dramatikerforbundet sitt seminar var på Linne hotell, Oslo, 23.—25. mai med 33 deltakarar. Dette seminaret tok opp: «Dramatikerens situasjon i dagens teater». Nordkalottseminaret, arrangert av Nordnorsk Forfatterlag var på Svanvik Folkehøgskole i Pasvik 29. juli—1. august med deltakarar frå Grønland, Island, Færøyane, Sverige, Finland og Noreg. Emnet var «Fra Grønland til Sibir».

### TIDSSKRIFT

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart avsett kr. 600 000.

Som omtalt i årsmeldingane for 1974 og 1975, er det ei vanskeleg oppgåve å finne fram til føremålstenlege og samstundes admi-

nistrativt praktiske retningsliner for tilskott til tidsskrift. Frå 1975 prøver Rådet ei ordning med stønad delt i støtteabonnement og produksjonstilskott. Produksjonstilskotta blir rekna ut etter kostnadene til trykking, klisjear og hefting. Støttekjøpet er sett til 250 eksemplar av kvart tidsskrift som får produksjonstilskott. Desse 250 eksemplar blir delt mellom fylka etter talet på kommunar i fylket. Fylkeskulturstyret i kvart fylke avgjer kva for skular, bibliotek eller andre institusjonar i fylket som bør få desse fri-abonnementa.

I 1976 kom det inn 31 søknader. Tidsskriftutvalet, Halldis Moren Vesaas, formann, Petter Larsen og Sigurd Muri, gav tilråding. I alt 19 tidsskrift fekk tilskott. (I 1975 fekk 12 tidsskrift tilskott av avsetjinga. Frostrosen og Ottar fekk det året tilskott av «Andre formål».)

Tun
Norsk Musikktidsskrift
Ergo
Kirke og Kultur
Kunst og Kultur
Vinduet
F 15 Kontakt
Samtiden
Syn og Segn
Profil
Kontrast
Dyade
Kjerringråd
Praxis
St. Halvard
Ottar
Dikt og Datt
Frostrosen
Vi foreldre.

Oftast har det vore fylkesbiblioteka som tek seg av fordeling av friabonnementa.

Fleire fylkesbibliotek har derfor hevda at fylkesbiblioteka bør få tildelt denne oppgåva. Kulturrådet meiner at kvart fylke får avgjere dette spørsmålet.

Som eit eingongstilskott fekk tidsskriftet Fortidsvern kr. 30 000 av avsetjinga til tidsskrift.

Til saman vart brukt kr. 590 395.

### MUSIKK

I 1976 kom inn til saman 146 søknader med samla søknadssum kr. 6 764 102. (I 1975 163 søknader med samla søknadssum kr. 5 295 816.) I 18 søknader var ikkje søknadssum nemnt.

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart det sett av kr. 2 800 000 med denne fordelinga:

A. *Særleg nemnde tiltak:*

| | | |
|---|---|---|
| Prøveordninga for musikklivet i Nord-Noreg | kr. | 1 040 000 |
| Norsk Musikkskuleråd, prøver med instrumental og vokal gruppeundervisning i musikkskular | » | 50 000 |
| Musikkhøgskulen, studioleige for elektronisk studio, Høvikodden | » | 75 000 |
| Garanti ved utgjeving av kritisk/vitskapleg utgåve av Griegs verk | » | 100 000 |
| Til saman | kr. | 1 265 000 |

B. *Avsetjingar:*

| | | |
|---|---|---|
| 1. Tilskott til instrument | kr. | 120 000 |
| 2. Tilskott til tiltak for folkemusikk og folkedans | » | 285 000 |
| 3. Musikkpris | » | 15 000 |
| 4. Norsk Komponistforening til innspeling på LP-plater verk av nolevande norske komponistar | » | 350 000 |
| 5. Utgjeving av klassisk norsk musikk | | |
| a) på LP-plater | » | 400 000 |
| b) som noter | » | 50 000 |
| 6. Til rådvelde til andre musikktiltak | » | 315 000 |
| Til saman | kr. | 2 800 000 |

*Merknader:*

A. *Særleg nemnde tiltak:*

Prøveordninga for musikklivet i Nord-Noreg (jfr. årsmelding 1974 og 1975). Frå 1976 vart Finnmark fylke òg med i prøveordninga, med tre profesjonelle musikarar og ein fylkesmusikkleiar, engasjerte frå 1. august 1976.

Norsk kulturråd har dekt kostnadene til musikkinspektør for heile landsdelen med 100 pst. og til fylkesmusikarane med 60 pst., medan Rikskonsertane og fylka har dekt kostnadene til fylkesmusikarane med 20 pst. kvar og fylkesmusikkleiarane med 50 pst. kvar. Ved utgangen av 1977 har Norsk kulturråd delfinansiert prøveordninga i $3\frac{1}{2}$ år.

Norsk kulturråd oppnemnde i desember 1975 eit evalueringsutval som leverte sin rapport i desember 1976. Utvalet gjer framlegg om at ordninga med tilsetjing av profesjonelle musikargrupper må halde fram.

Framlegget frå utvalet går ut på at funksjonane til fylkesmusikarane, slik dei har vore i prøveperioden, må bli delt på to typar musikarar, landsdelsmusikarar og regionmusika-

rar. Utgiftene for 25 landsdelsmusikarar bør finansierast med 75 pst. på staten, 15 pst. på Nordnorsk Musikkonservatorium og 10 pst. på Festspela i Nord-Noreg. Ein slik utviding og nyordning meiner utvalet må setjast i verk frå 1978, når prøveordninga går til endes. Norsk kulturråd har sendt rapport til fråsegn til ei rad institusjonar, og vil drøfte evalueringa av ordninga slik ho har vore til no, framlegget til nyordninga, og sende si tilråding om dette til departementet på nyåret 1977.

Norsk Musikkskuleråd, prøver med instrumental og vokal gruppeundervisning i musikkskular.

Norsk Musikkskuleråd har sett i gang eit utgreiingsarbeid om instrumental og vokal gruppeundervisning. Rådet meiner eit slikt utgreiingsarbeid er viktig for det vidare arbeid i musikkskulane. I 1975 løyvde Norsk kulturråd 30 000 til same føremålet. Rådet reknar med at utgreiingsarbeidet med praktiske prøver vil vere avslutta ved utgangen av 1977.

Musikkhøgskulen, studioleige for elektronisk studio, Høvikodden, for 1975 og 1976.

Norsk studio for elektronisk musikk i Kunstsentret på Høvikodden vart innvigd november 1975. Det vart oppretta på grunnlag av eit samarbeid mellom Norsk Komponistforening, Norsk rikskringkasting, Kunstsentret på Høvikodden og Norsk kulturråd. Investeringskostnadene vart dekt med tilskott frå Norsk kulturfond, Norsk rikskringkasting, Norsk Komponistforening og Kunstsentret, Høvikodden. Det vart på førehand avtalt at brukarane av Norsk studio for elektronisk musikk: Musikkhøgskulen, Norsk Komponistforening, Norsk rikskringkasting og Kunstsentret, Høvikodden, skulle bere driftskostnadene. Musikkhøgskulens del av driftskostnadene for 1975 var kr. 25 000 og for 1976 kr. 50 000. Musikkhøgskulen hadde ikkje teke desse utgiftene med på driftsbudsjettet for skulen og søkte om ei eingangsløyving. Frå 1977 fører Musikkhøgskulen summen på sitt ordinære driftsbudsjett (Kap. 318).

Garanti ved utgjeving av kritisk/vitskapleg utgåve av Griegs verk.

Edvard Grieg-komitéen oppnemnd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet med professor Dag Schjelderup-Ebbe som formann, har no utgåva ferdig til trykking. Peters Musikverlag, Frankfurt, er viljug til å ta på seg å trykke heile verket, men har sett som vilkår sal av eit minstetal på førehand garantert ved subskripsjon. Forlaget har gjort akkvisisjonsarbeid i Norden, Europa og Amerika. Ved utgangen av 1976 manglar framleis subskripsjon på 115 eksemplar. Komitéen har søkt Rådet om å stille garanti for at trykking kunne kome i gang. Komitéen reknar med at det vil være mogleg å trykke 2 band kvart år. Den totale garantien for 22 band kan bli om lag 800 000, men komitéen reknar med at fleire vil subskribere på verket når det fyrste bandet ligg føre, slik at garantisummen vonleg kjem til å bli lågare.

B. *Avsetjingar:*

### 1. Tilskott til instrument

Rådet har kvart år gjeve tilskott til instrument til amatørsymfoniorkester som held offentlege konsertar, og til flygel eller piano på stader der eit godt instrument har vore naudsynt for at Rikskonsertane skal kunne halde konsertar på staden. Rikskonsertane og Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund har vore med og vurdert søknadene og gitt tilråding til Rådet om fordelinga. I samband med budsjett for 1976 vedtok Rådet at det frå 1977 ikkje skulle setje av nokon fast sum til tilskott til instrument. Som vanleg regel burde Rådet vise slike søknader om tilskutt til dei lokale kulturstyra med tanke på overføringsmidlane til kulturtiltak i kommunar og fylke.

I 1976 gav Rådet desse tilskotta:

*Instrument til konsertlokale:*

| | | |
|---|---|---|
| Ballstad bl. kor, Ballstad i Nordland, piano | kr. | 3 000 |
| Styret for Bjugnhallen, Bjugn i Sør-Trøndelag, flygel | » | 6 000 |
| Jevnaker kommunale kulturnemnd, Oppland, flygel | » | 6 000 |
| Lenvik kulturnemnd, Finnsnes i Troms, til deling mellom instrument til konsertlokale i Finnsnes og Gibostad Samfunnshus | » | 8 000 |
| Vesterfjell Grendahus A/L, Vangsvik i Troms, flygel | » | 6 000 |
| Norsk Skogbruksmuseum, Elverum, Hedmark, flygel | » | 4 000 |
| Oslo Kammerorkester, cembalo | » | 5 000 |
| Samlingshuset Fredtun, Gjerdsvika, Møre og Romsdal, piano | » | 3 000 |
| A/L Hemne Samfunnshus, Kyrksæterøra, Sør-Trøndelag, flygel | » | 6 000 |
| Lier Salongorkester, Egge, Buskerud, flygel | » | 5 000 |
| Aust-Agder fylkesbibliotek, piano | » | 3 000 |

| | | |
|---|---|---|
| Namsos Menighetsråd, Nord-Trøndelag, flygel | kr. | 6 000 |
| Aksjonskomitéen for flygel i «Soknatun», Hauge i Dalane, Rogaland | » | 6 000 |
| Musikkens Venner, Harstad, Troms, flygel | » | 5 000 |
| Smøla kulturstyre, Innsmøla, Møre og Romsdal, flygel | » | 6 000 |
| Vågen barne- og ungdomsskule, Gurskebotn, Møre og Romsdal, piano | » | 3 000 |
| Samarbeidsutvalet ved Sokna skule, Buskerud, piano | » | 3 000 |
| Egersund Menighetsråd, Rogaland, flygel | » | 3 000 |
| Hallingdal yrkesskule, Ål, Buskerud, flygel | » | 1 000 |

*Instrument for amatørsymfoniorkestre:*

| | | |
|---|---|---|
| Mosjøen Orkesterforening, obo, | » | 3 000 |
| Musikkselskapet «Fossegrimen», Bjugn, Sør-Trøndelag, paukar | » | 4 000 |
| Risør Orkesterforening, Aust-Agder, A-klarinett | » | 2 000 |
| Brumunddal Orkesterforening, Hedmark, paukar | » | 4 000 |
| Kongsvinger Orkesterforening, Hedmark, fagott | » | 3 000 |
| Snåsa Orkesterforening, Nord-Trøndelag, instrument | » | 4 000 |
| Studenterorkesteret i Oslo, kontrabass | » | 1 000 |
| Finnmark Symfoniorkester, obo, fagott | » | 4 000 |
| Lillehammer Byorkester, Oppland, obo | » | 3 000 |
| K.F.U.M.-Orkesteret «Arioso», Oslo, paukar | » | 4 000 |
| Til saman | kr. | 120 000 |

### 2. Tiltak for folkemusikk og folkedans

Rådet for folkemusikk og folkedans vart oppretta i 1972. Eige sekretariat i Trondheim vart etablert august 1973. Ved utgangen av 1976 har Norsk kulturråd finansiert denne ordninga som ei prøveordning i 3½ år. I februar 1976 sende Rådet søknad til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om overføring av sekretariatet til statsbudsjettet som permanent ordning. Saka vart ikkje endeleg handsama i Kyrkje- og undervisningsdepartementet slik at det kom med på statsbudsjettet for 1977. Kulturrådet må soleis rekne med å finansiere sekretariatet i 1977 òg. Melding om arbeidet i Rådet for folkemusikk og folkedans i 1976 følgjer som vedlegg nr. 4. Til drift av sekretariatet og Rådet er i 1976 brukt kr. 185 000 og til andre tiltak for folkemusikk og folkedans kr. 100 000.

I samsvar med tilråding frå Rådet for folkemusikk og folkedans har Norsk kulturråd gjeve desse tilskotta til tiltak på dette området:

| | | |
|---|---|---|
| Furuleiken Dansarlag til innsamling av dansetradisjonar på Hadeland | kr. | 4 500 |
| Club 7/Oslo AOF til seminar om vokal folkemusikk | » | 10 000 |
| Laget for folkemusikk i Oslo til innsamling av dokumentarstoff om norske folkedansar | » | 8 000 |
| Valdres Folkemuseum/Telemark Distriktshøgskule, Noregs Bygdeungdomslag til tverrfagleg seminar om «levande tradisjon» | » | 7 000 |
| Noregs Ungdomslag og Landslaget for Spelemenn, til spelemannskurs | » | 8 000 |
| Hanna Kjersti og Knut Buen, innsamling av folkemusikk i Telemark | » | 8 000 |
| Jacqueline Ekgren, til arbeid med vokal folkemusikk | » | 4 000 |
| Rådet for folkemusikk og folkedans, nedteikning og filming av gamle folkedansar | » | 40 000 |
| Rådet for folkemusikk og folkedans, kjøp av Nagra bandopptakar[1]) | » | 10 500 |
| Til saman | kr. | 100 000 |

### 3. Musikkprisen 1976

Norsk kulturråds årlege musikkpris på kr. 15 000 vart i 1976 gjeven til domorganist Ludvig Nielsen, Trondheim, i samsvar med tilråding frå Norsk kulturråds rådgjevande utval for musikk. Musikkorganisasjonane sender inn framlegg til kandidatar og Musikkutvalet gjev tilråding til Rådet.

### 4. Norsk Komponistforening til innspeling av verk av nolevande norske komponistar

I 1976 har Komponistforeninga gjort desse innspelingane:

Ragnar Søderlind: La Poema Batutta
Ragnar Søderlind: Trauermusik

[1]) Rådet løyvde til saman kr. 27 000 til bandopptakaren. Kr. 11 500 vart gjeve som tilsegn for 1977 og kr. 5 000 vart sett av på driftsbudsjettet til sekretariatet for 1976.

Geirr Tveitt: 12 tostemmige invensjoner
Sanger og viser med Birgitte Grimstad og Hege Tunaal
Magne Hegdal: Sinfonia
Magnar Åm: Bøn
Olav Anton Thommessen: Opp — Ned
John Persen: Orkesterverk II
Ketil Sæverud: Rondo con variazioni
Johan Kvandal: Antagonia
Bjørn Fongaard: Sinfonia per Organum
Magne Hegdal: Five Studies for Organ
Ketil Sæverud: Organo solo
Arild Sandvold: Introduksjon og Passacaglia
Kjell Mørk Karlsen: Magnificat
Knut Nystedt: Introduksjon og Passacaglia
Conrad Baden: Pezzi Concertante
Edvard Hagerup Bull: Trois Mouvements Symphoniques
Øistein Sommerfeldt: Divertimento for obo solo

Til å dekkje utgifter ved desse LP-platene har Komponistforeninga òg brukt tilskott frå Det norske komponistfond og Norsk Komponistforenings propagandamidlar.

### 5. Utgjeving av klassisk norsk musikk

a) Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk har gjort desse innspelingane i 1976:
   Halfdan Kjerulf: Mannskorsanger
   Eyvind Alnæs: Romanser
   Norsk Barokkmusikk med verk av Georg Bertouch, Johan Henrik Freithoff, Israel Gottlieb Wernicke og Ole Andreas Lindeman
   Christian Sinding: Symfoni nr. 2.
   I alt 19 LP-plater i Norsk kulturråds klassikerserie er no på marknaden.
b) Utgjeving av klassisk norsk musikk som noter. Etter planen skal utgjeving av noter mest mogleg fylgje plateutgjevingane. To band av Halfdan Kjerulfs romansar vil vere klåre i 1977. Redaksjonsutvalet førebur trykking av 50 songar av Christian Sinding og av Johan Svendsen: Symfoni i B-dur og D-dur.

### 6. Til rådvelde for andre musikktiltak

Rådet sette av kr. 315 000. Musikkutvalet vurderer søknadene og gjev tilråding til Rådet. Rådet har gjeve desse tilskotta:

*Tingingsverk og komponistkonkurransar:*

| | | |
|---|---|---|
| Trondheim kommunale musikkskole, tinging av kyrkjemusikkverk for barn og ungdom | kr. | 10 000 |
| Festspela i Bergen, tingingsverk | » | 25 000 |
| Oslo Organistforening, komponistkonkurranse i høve 60-års jubilé | kr. | 18 000 |
| Filharmonisk Selskaps Orkester, tingingsverk | » | 20 000 |
| Festspela i Nord-Noreg, tingingsverk | » | 10 000 |
| Kongsberg Jazzfestival, tingingsverk | » | 15 000 |
| Ny Musikk, tingingsverk for fast ensemble | » | 11 500 |
| Ny Musikk, tingingsverk for kammerkor | » | 17 250 |
| Ny Musikk, tingingsverk for sopran, fløyte og klaver | » | 8 500 |
| Ny Musikk, tingingsverk for violin, cello, klaver | » | 11 500 |
| Ny Musikk, tingingsverk for elektronisk musikk | » | 11 500 |
| Ny Musikk, tingingsverk for strykeorkester for born | » | 11 500 |
| Norges Kirkesangforbund, tingingsverk | » | 14 500 |
| Nordisk Hornseminar ved Frøydis Ree Wekre, tingingsverk for 16 horn | » | 5 000 |
| Norsk Skoleorkesterforbund, tinging av arrangement for skuleorkester | » | 3 000 |
| Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund, tinging av orkesterarrangement av norske klassiske romansar | » | 12 000 |

*Trykkingstilskott til noter:*

| | | |
|---|---|---|
| Norsk Musikforlag, trykking av verk av Johan Kvandal | » | 1 200 |
| Norsk Musikforlag, trykking av verk av Øistein Sommerfeldt | » | 4 675 |
| Norsk Musikforlag, ymse noter | » | 19 221 |
| Edition Wilhelm Hansen, trykking av verk av Antonio Bibalo | » | 1 028 |
| Edition Wilhelm Hansen, trykking av verk av Alfred Janson | » | 7 300 |
| Edition Wilhelm Hansen, ymse trykkingstilskott | » | 1 892 |
| Edition Wilhelm Hansen, trykking av verk av Olav Anton Thommessen (1 052 vart gjeve som tilsegn for 1977) | » | 434 |

*Andre tiltak:*

| | | |
|---|---|---|
| Norsk Musikkbibliotekforening, kongress | » | 20 000 |
| Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund, tilskott til notebibliotek på Toneheim Folkehøgskule | » | 10 000 |
| Det Norske Solistkor, turne | » | 15 000 |
| Nordnorsk Musikkråd, konferanse | » | 5 000 |
| Landslaget Musikk i Skolen, konferanse | » | 10 000 |

| | |
|---|---|
| Festspela i Elverum, generelt tilskott | kr. 15 000 |
| Til saman | kr. 315 000 |

Som det vart gjort greie for i årsmeldinga for 1975 har Norsk kulturråd finansiert ei utgreiing som Norsk Komponistforening har gjort om distribusjonsformar for norsk musikk og analyse av inntekts- og arbeidstilhøve for norske komponistar.

Komponistforeninga er no ferdig med utgreiinga og har søkt Norsk kulturråd om kr. 1 130 000 til å opprette eit Norsk Musikksentrum, som skal ha til oppgåve å konsolidere og byggje ut den norske informasjonsverksemda på musikkområdet, finansiert av Norsk kulturfond i ein prøveperiode på tre år. Rådet fann ikkje midlar til å gå inn for denne planen korkje i 1976 eller 1977. Musikkutvalet vil drøfte saka vidare og eventuelt utarbeide ei tilråding til Rådet i samband med budsjettet for 1978.

I 1976 har Norsk kulturråd drøfta Innstilling om musikkaktiviteter for barn og ungdom og sendt si tilråding om denne viktige saka til departementet. Innstillinga er send Stortinget som publikasjon.

## BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK

I 1976 kom det inn i alt 237 søknader (1975 177 søknader) med ein samla søknadssum på kr. 7 321 650. 64 av søknadene nemner ikkje søknadssum. Søknader om større tilskott til reparasjonar og ombygging ved kunstgalleri, eller til nybygg, er rekna med under Kulturbygg. Søknader om lån i Materialfondet er heileg ikkje tekne med i desse tala.

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart gjort vedtak om å avsetje i alt 4 450 000, delt slik:

A. *Særleg nemnde tiltak:*

| | | |
|---|---|---|
| Bildende Kunstneres Forening i Bergen. Framhald med prøveverksemd med vandreutstillingar | kr. | 85 000 |
| Norske Kunsthåndverkere. Prøveverksemd med kontor for formidling av kunsthandverk | » | 150 000 |
| Henie-Onstad Kunstsenter. Kjøp av skulptur av Henry Moore | » | 100 000 |

B. *Avsetjingar:*

| | | |
|---|---|---|
| Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg | » | 2 170 000 |
| Førebuande arbeid med utsmykkingsoppgåver | » | 80 000 |
| Kjøp av norsk samtidskunst | kr. | 330 000 |
| Stønad til debuterande biletkunstnarar | » | 170 000 |
| Til rådvelde for utstillingar og andre eingongstiltak for biletkunst og kunsthandverk | » | 1 265 000 |
| Overføring av midlar til Materialfondet | » | 100 000 |
| Til saman | kr. | 4 450 000 |

*Merknader:*

Bildende Kunstneres Forening i Bergen. I 1975 vedtok Rådet å løyve kr. 75 000 til prøveverksemd med vandreutstillingar til skular i Bergen og Hordaland. Fylket og Bergen kommune gjev òg tilskott til prosjektet.

Norske Kunsthåndverkere søkte om til saman kr. 490 000 til å planleggje og gjennomføre ymse tiltak for å organisere formidling av norsk kunsthandverk. Rådet vedtok å støtte prøveverksemd med eit formidlingsorgan for kunsthandverk, slik Rådet tidlegare har støtta Norske Grafikeres Utstillingsservice og Skulpturkontoret ved Norsk Billedhoggerforening. Det nye formidlingsorganet skal drive opplysningsverksemd om og fremje sal av norsk kunsthandverk. I tillegg til løyving for 1976 har Rådet gjeve ei omframløyving på kr. 20 000 til ei gransking om arbeidstilhøva for kunsthandverkarane. Rådet har gjeve tilsegn om kr. 150 000 til framhald med prøvedrifta i 1977.

Henie-Onstad Kunstsenter. I samband med den store Henry Moore-utstillinga på Høvikodden fekk Kunstsentret tilbod om å kjøpe skulpturen «Standing Figure—Knife Edge» for om lag 0,5 mill. kroner. I tillegg til løyvinga for 1976 ga Rådet tilsegn om kr. 100 000 i 1977 til dette kjøpet.

B. *Avsetjingar:*

### 1. Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg

Frå 1966 har avsetjingane til kunstnarleg utsmykking gått med til å finansiere utsmykkingsoppgåver ved alle eldre og nye statlege, fylkeskommunale, kommunale og andre offentlege bygg og anlegg.

I 1976 har Rådet gjeve 44 løyvingar på til saman kr. 998 900 til kunstnarleg utsmykking ved fylkeskommunale bygg. Statlege bygg har fått 9 løyvingar på til saman kr. 451 450. Vidare er det gjeve tilskott til 8 monument med

i alt kr. 118 000. I desse summane er ikkje rekna med tilsegner gjevne i 1975 på i alt kr. 599 000. I 1976 har Rådet gjeve tilsegner på i alt kr. 787 500.

Når det gjeld tilskott til utsmykking av nye statsbygg, har Rådet p. g. a. det trange budsjettet i meldingsåret venta på ei avklåring i spørsmålet om finansiering. Det er soleis berre gjeve tilskott til eldre statsbygg.

Rådet seier seg glad for at det frå 1977 er etablert eiga tilskottsordning for utsmykking av nye statsbygg, slik at Kulturfondets midlar utan avkorting kan nyttast til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg og i større mon kome kunstfattige distrikt til gode.

Desse løyvingane er gjevne i 1976:

*Statlege bygg og anlegg*

| | | |
|---|---|---|
| Trondheim og Uttrøndelag Politikammer | kr. | 10 000 |
| Universitetetet i Bergen. Utsmykkingsplan i arbeid | » | 200 000 |
| Universitetet i Oslo. Omframløyving til skulptur av Asbjørn Høglund | » | 60 000 |
| Statens gartner- og blomsterdekoratørskole — Vea. Skulptur av Ragnhild Butenschøn | » | 27 000 |
| Veterinærinstituttet. Dekorasjon ved Finn Henrik Bodvin | » | 40 000 |
| Oslo Tinghus. Omframløyving til utsmykking ved Annasif Døhlen | » | 38 000 |
| Øverby ungdomsskole, Gjøvik. Utsmykking ved L. H. Myrdam | » | 55 000 |
| Bergen off. lærerskole. Omframløyving til skulptur av Asbjørg Borgfeldt | » | 6 000 |
| Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen. Kjøp av 2 målarstykke | » | 15 450 |

*Skular*

| | | |
|---|---|---|
| Hobøl og Spydeberg ungdomsskole. Dekorasjon ved Bente Sætrang | » | 8 500 |
| Høyanger ungdomsskule. Omframløyving til skulptur av Tore Bjørn Skjølsvik | » | 5 000 |
| Oppegård videregående skole. Utsmykking ved Gunnar S. Gundersen, Anne Marie Komissar og A. Vinje Gunnerud | » | 50 000 |
| Ålesund gymnas. Tekstil-utsmykking ved Sidsel Colbjørnsen | » | 40 000 |
| Stokmarknes gymnas. Relieff av Thorstein Rittun | » | 30 000 |
| Ålesund Maritime Skole. Omframløyving til arbeid av Eli Silseth og Erling Saatvedt | » | 9 000 |
| Feiring skole. Skulptur av Sivert Donali | kr. | 7 500 |
| Sømna sentralskole. Skulptur av Sigurd Nome | » | 10 000 |
| Follo Folkehøgskole. Utsmykkingsplan under arbeid | » | 50 000 |
| Aust-Agder hjelpepleierskole. Kjøp av kunst | » | 15 000 |
| Haga jordbrukskole. Skulptur av Skule Waksvik | » | 40 000 |
| Indre Østfold videregående skole, Mysen. Plan under arbeid | » | 50 000 |
| Heggin videregående skole, Mysen. Plan under arbeid | » | 20 000 |
| Østfold sykepleierskole, Fredrikstad. Plan under arbeid | » | 50 000 |
| Andebu ungdomsskole. Relieff av Britt Sørensen | » | 4 000 |
| Berg gymnas, Oslo. Skulptur av Sidsel Berntsberg | » | 10 000 |
| Nittedal ungdomsskole. Arbeid av Håkon Stenstadvold og Nina Sundbye | » | 20 000 |
| Voss Husflidsskule. Omframløyving til tekstilutsmykking | » | 8 400 |
| Godøy skole. Kjøp av kunst | » | 4 000 |
| Røysing skole. Kjøp av målarstykke | » | 2 500 |

*Sjukehus og sosiale bygg*

| | | |
|---|---|---|
| Det Norske Radiumhospital. Målarstykke av Arne Ekeland | » | 25 000 |
| Fylkessjukehuset i Kongsvinger. Mosaikk av Liv Schøning | » | 35 000 |
| Sørreisa og Dyrøy sykehjem. Kjøp av kunst | » | 30 000 |
| Harstad sykehus. Gjennomføring av utsmykkingsplan | » | 120 000 |
| «Hellandheimen», sentralinstitusjon for psykisk utviklingshemma i Møre og Romsdal. Skulptur av Skule Waksvik | » | 12 500 |
| Fredrikstad Sentralsykehus. Skulptur av Per Ung | » | 12 500 |
| Elverum Fylkessjukehus. Kjøp av kunst | » | 30 000 |
| Furustua Andelslag (miljøbygg og daghjem), Furuflaten. Kjøp av kunst | » | 10 000 |
| Lakselv Daghjem. Kjøp av kunst | » | 10 000 |
| Evenes sjukeheim og bygdeheim. Kjøp av kunst | » | 10 000 |
| Lurud psykiatriske sykehjem, Skedsmo. Arbeid av Georg Debreczdny og Finn Hald. Kjøp av kunst | » | 65 000 |
| Innherrad sykehus. Skulptur av Tone Thiis Schjetne | » | 20 000 |
| Rana sykehus. Keramiske arbeid av Åse og Oluf Føynum | » | 15 000 |

*Andre lokale offentlege bygg og anlegg*

| | |
|---|---|
| Rømskog herredshus. Gjennomføring av utsmykkingsplan | kr. 50 000 |
| Suldal kommune. Skulptur av Sigurd Nome til kommunal park | » 25 000 |
| Evenes flystasjon. Målarstykke av Karl Erik Harr | » 15 000 |
| Eidskog herredshus. Biletteppe av Sissel Calmeyer | » 23 000 |
| Det Apost. Vikariat Mellom-Norge. Målarstykke av Håkon Bleken | » 15 000 |
| Borre kommune. Skulptur til park av Britt Sørensen | » 10 000 |
| Sande rådhus, Vestfold. Biletteppe av Tor Hognestad | » 6 000 |
| «Lekatun» (kom. administrasjonsbygg). Målarstykke av Karl Erik Harr | » 10 000 |
| Båtsfjord Menighetsråd. Omframløyving til glasmålarstykke av Jardar Lunde | » 4 000 |
| Drageid kapell. Altertavle av Asbjørn Hagerup | » 8 000 |
| Sande trygdekontor, Larsnes. Kjøp av grafikk | » 4 000 |

*Monument*

| | |
|---|---|
| Lauritz Bergendahl. Utført av Nic. Schiøll. Sørkedalen | » 6 000 |
| Minnesmerke i Little Norway, Toronto. Utført av Oddmund Raudberget og Ottar Helge Johansen | » 5 000 |
| Rikard Berge. Utført av Dyre Vaa. Rauland | » 10 000 |
| Camilla Collett. Utført av Ada Madssen. Eidsvoll | » 50 000 |
| Johan Scharffenberg. Utført av Annasif Døhlen. Oslo Hospital | » 10 000 |
| Jørgen Løvland (omframløyving). Utført av I. Berulvson. Evje | » 7 000 |
| Ingeborg Refling Hagen. Utført av Gunnar Janson. Stange rådhus | » 15 000 |
| Monument over omkomne fiskarar på Stonglandet. Utført av Synnøve Bjørkli | » 15 000 |
| Til saman | kr. 1 568 350 |
| Tilsegner gjeve i 1975 | » 599 000 |
| Rest avsetjing 1976 | » 2 650 |
| | kr. 2 170 000 |

*Desse tilsegnene er gjevne for 1977:*

| | |
|---|---|
| Rogaland Distriktshøgskole | kr. 200 000 |
| Sunndal kommune. Skulptur av T. B. Skjølsvik til kommunal park | » 20 000 |
| Kirkenes sykehus | kr. 100 000 |
| Monument i Vadsø over den finsk/svenske innvandring | » 100 000 |
| Norges Landbrukshøgskole/Studentsamskipnaden i Ås. Skulptur av Aase Texmon Rygh | » 200 000 |
| Bærum yrkesskole, Dønski | » 122 500 |
| Den samiske videregående skole, Kautokeino (jfr. òg Samisk kultur, løyving 1976 kr. 35 000) | » 35 000 |
| Kautokeino kommune, miljøbygg. Forprosjekt og konsulentarbeid (jfr. òg Samisk kultur, løyving kr. 15 000) | » 10 000 |
| Til saman | kr. 787 500 |

### 2. Kjøp av norsk samtidskunst

Utvalet for kjøp av norsk samtidskunst har til oppgåve gjennom kjøp å sikre for det offentleg kunstverk innanfor områda målarstykke, skulptur, biletvev/tekstil, grafikk og teikningar, som utvalet meiner har særskilt kunstnarleg verde. I retningslinene heiter det vidare at kjøp bør kunne stimulere mot og interesse hjå kunstnarar til å laga kunstverk utan omsyn til mogleg sal. Kjøp har ikkje som mål å skape ei kunstsamling med indre samanhang eller annan representativ natur.

Utvalet har besøkt 107 utstillingar, av desse 68 i Oslo og 39 elles i landet. Av løyvinga til kjøp av samtidskunst er om lag 40 pst. nytta til kjøp på utstillingar i Oslo. Når utvalet vitjer utstillingar utanfor Oslo, kjøper det kunstverk som er laga av kunstnarar frå distriktet.

Utvalet har i 1976 kjøpt i alt 140 kunstverk. Av desse er 46 målarstykke, akvarellar og materialbilete, 14 skulpturar, 6 biletvevnader og andre arbeid i tekstil og 73 grafiske blad og teikningar og 1 modell (områdeplan) (sjå vedlegg nr. 5).

Utvalet har vitja utstillingar i Oslo, Moss, Drøbak, Fredrikstad, Lillehammer, Gjøvik, Skien, Stavanger, Bergen, Trondheim, Bodø og Tromsø. Storparten av dei kunstverka som er kjøpte inn i åra 1968—1975 er eller vil bli gjevne som gåver til utsmykking av samfunnshus. Tildelinga skjer fylkesvis, og når dei siste kjøpa frå perioden er disponerte, vil samfunnshus i alle fylka ha fått tilbod om kunstverk.

Oslo Kunstforening har mot ei årleg godtgjersle teke på seg arbeidet med mellombels lagring og administrasjon av kjøpte kunstverk. Til avgjerd om plassering er teken, kan kunstverka disponerast av institusjonar som arbeider med kunstsamlingar, og Selskapet Kunst på Arbeidsplassen har i dei siste åra

fått låne kunstverk til å supplere sine eigne vandreutstillingar.

### 3. Stønad til debuterande kunstnarar

Kunstnarar som berre lite har vore med på kollektive utstillingar og som skal ha si første separatutstilling, kan søkje om tilskott til materialutgifter. Styret for Materialfondet handsamar alle søknader og gjev tilråding om tilskott bør bli gjeve og kor stort tilskottet bør vere.

Etter prinsipielle drøftingar i Rådet om denne stønadsordninga, har styret for Materialfondet på grunnlag av røynsler som er vunne, gjort framlegg om reviderte retningsliner, med ymse presiseringar i høve til retningslinene frå 1969 (jfr. årsmeldinga for 1969, vedlegg 16). Rådet vedtok dei reviderte retningslinene i november 1976. Dei er trykte som vedlegg nr. 6 til årsmeldinga.

Dei reviderte retningslinene følgjer i det vesentlege dei gamle. Av det som er nytt, skal nemnast:

Kunstnaren står fritt til å velgje kvar han vil halde debututstillinga, men det skal vere ein utstillingsinstitusjon (galleri eller kunstforeining) som er ansvarleg for utstillinga, og eit miljø som gjer det naturleg at utstillinga blir halden der.

Det er ikkje lenger ein føresetnad for tilskott at kunstnaren berre «særs lite har vore på kollektive utstillingar», men Rådet ynskjer framleis å få ei oppgåve over tidlegare deltaking på kollektive utstillingar.

Ein kunstnar som arbeider innan fleire kunstgreiner, blir berre godteken som debutant ein gong.

Av di mange kunstnarar først har søkt om tilskott når utstillinga har vore vist, er det no streka under at tilskott blir gjeve for å sikre kunstnarane utveg til å arbeide med sikte på debututstilling.

I 1976 har 34 kunstnarar fått tilskott i samband med debututstilling:

| | | |
|---|---|---|
| Ragnar Almén, Moss Kunstforening | kr. | 5 000 |
| Richard Alvær, Galleri 1, Bergen | » | 3 500 |
| Viggo Andersen, Kunstsentret Høvikodden | » | 5 000 |
| Jan A. Aunvik, Galleri Holberg, Oslo | » | 3 500 |
| Dagfinn Bakke, Kunstnerforbundet, Oslo | » | 5 000 |
| Turid Balke, Galleri 27, Oslo | » | 5 000 |
| Arild Bergstrøm, Galleri 1, Bergen | » | 5 000 |
| Terje Bomann-Larsen, Galleri 27, Oslo | » | 4 300 |
| Tim Edmunds, Galleri 27, Oslo | kr. | 4 150 |
| Åsmund Eidsten, Galleri 1, Bergen | » | 4 000 |
| Karin Friis, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 1 600 |
| Dag Fyri, Kunstnerforbundet, Oslo | » | 5 000 |
| Thor Haugstvedt, Bergens Kunstforening | » | 5 000 |
| Turid Eng Hirsch, Galleri Tanum, Oslo | » | 5 000 |
| Victor Huse, Galleri Galtung, Oslo | » | 5 000 |
| Knud Haaning, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 3 300 |
| Inge Iversen, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 5 000 |
| Finn Jacobsen, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 4 500 |
| Espen Kopperud, Oslo Kunstforening | » | 4 000 |
| Morten M. Kristiansen, Galleri 27, Oslo | » | 5 000 |
| Birthe M. Løveid, Fredrikstad Bibliotek | » | 5 000 |
| Ingrid Jangaard Ousland, Ålesund Kunstforening | » | 5 000 |
| Ole Kristian Reinsbu, Kunstnerforbundet, Oslo | » | 3 750 |
| Arne Samuelsen, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 5 000 |
| Joan Burger Siem, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 3 000 |
| Dag Skedsmo, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 5 000 |
| Astrid M. Sodefjed, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 4 200 |
| Frank Solhaug, Moss Kunstforening | » | 5 000 |
| Unn Stixrud, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 5 000 |
| Øistein Storli, Stavanger Kunstgalleri | » | 5 000 |
| Dag Thoresen, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 4 500 |
| John Thørrisen, Kunstnerforbundet, Oslo | » | 5 000 |
| Liv Ørnvall, Unge Kunstneres Samfund, Oslo | » | 5 000 |
| Tonje Strøm Aas, Kunstnerforbundet, Oslo | » | 3 000 |
| Til saman | kr. | 149 300 |
| Av tilsegner gjevne i 1975 er utbetalt til saman | » | 28 160 |
| Disponert i alt i 1976 | kr. | 177 460 |

Avsetjinga til debuterande kunstnarar var på kr. 170 000. Av løyvingane i 1976 er 2 gjevne som tilsegner for 1977 med til saman kr. 8 700.

### 4. Tilskott til andre tiltak for biletkunst og kunsthandverk

Frå avsetjinga til rådvelde for andre tiltak for biletkunst og kunsthandverk (kr. 1 265 000) er det gjeve desse tilskotta:

*Utstillingar:*

| | | |
|---|---|---|
| Tegnerforbundet. «Norsk tegnekunst 60 år» | kr. | 72 575 |
| Agder Kunsthåndverkere. Sommerutstilling i Kristiansand | » | 50 000 |
| Ibsenhuset og Grimstad Bymuseum. Munch-utstilling | » | 25 000 |
| Keramikarane Føynum, Hagerup og Aursand. Vandreutstilling til Finnmark | » | 20 000 |
| Unge Kunstneres Samfund, Vårutstilling | » | 20 000 |
| Bildende Kunstnere Hedmark/Oppland. Vandreutstilling | » | 24 000 |
| SKINN. Samarbeidskomitéen for Kunstforeningene i Nord-Norge. Utstilling med arbeidarklassen og arbeidarrørsla som tema | » | 15 000 |
| Vestfold Bildende Kunstnere. Sommerutstilling | » | 20 000 |
| Landslaget Kunst i Skolen. Nye utstillingar | » | 20 000 |
| Mandal Kunstforening. Utstillingsutstyr | » | 2 500 |
| Tvedestrand Maler- og Brukskunstforening. Utstillingsutstyr | » | 5 000 |
| Rauland Bygdelag. Utstillingsutstyr Raulandsutstillinga | » | 10 000 |
| Bildende Kunstneres Forening, Stavanger. Utstillingsutstyr til jubileumsutstilling | » | 15 000 |
| Galleri F 15. Utstilling Erling Enger og Ragnar Kraugerud | » | 24 000 |
| Galleri F. 15. Utstilling Arnold Haukeland | » | 5 500 |
| Norske Kunsthåndverkeres Rogalandsgruppe | » | 2 500 |
| Norsk Internasjonal Grafikk Biennale (Fredrikstad) | » | 20 000 |
| Utstillingen «Samliv» (Bergens Kunstforening) | » | 30 000 |
| Stavanger Faste Galleri. Minneutstilling Kitty Kielland | » | 10 000 |
| Unge Kunstneres Samfund, Stakittutstilling | » | 3 300 |
| Norsk deltaking i Den Nordiske Tekstiltriennale | » | 20 000 |

*Utstyr/etablering:*

| | | |
|---|---|---|
| Kunstskolen i Trondheim, undervisningsutstyr | » | 40 000 |
| Ålesund Kunstskole, grafikkpresse m. m. | » | 10 000 |
| Nora/Gras, djuptrykkpresse | » | 25 000 |
| Brukskunstverkstedene, Elverum, utstyr og innreiing | kr. | 25 000 |
| Verkstedutsalget (Gabelsgt., Oslo), etablering | » | 9 000 |
| Bildende Kunstnere Telemark. Grafikkverkstad | » | 40 000 |
| Åsvar Tangrand. Utstyr til verkstad for glas i Lofoten | » | 10 000 |
| Landsforeningen Norske Malere. Etablering | » | 45 000 |
| Fellesverkstedet for tekstilkunstnere i UKS og NK | » | 23 000 |
| Trøndelag Bildende Kunstnere. Etablering Galleri Horneman | » | 30 000 |
| Atelier Vesterålen. Bilethoggarverkstad | » | 20 000 |
| Embla. Grafikarverkstad i Bergen | » | 25 000 |
| Frysja Senter. Avtrekksvifte for grafikkverkstad | » | 3 000 |
| Norske Grafikere. Utstillingsutstyr | » | 4 500 |

*Kjøp av kunst til samlingar:*

| | | |
|---|---|---|
| Svanvik Folkehøyskole. 10 tresnitt av J. Savio | » | 10 000 |
| Nasjonalgalleriet. Målarstykke av Ludvig Karsten | » | 70 000 |
| Namsos Kunstforening. Kjøp av målarstykke av J. Weidemann | » | 15 000 |
| Trondhjems Kunstforening. Kjøp av arbeid av Rolf Nesch og Ludvig Eikaas | » | 12 000 |
| Kunst på Arbeidsplassen. 45 akvarellar | » | 45 000 |
| Kunst på Arbeidsplassen. Biletteppe av L. Haarr | » | 7 045 |
| Kunstindustrimuseet i Oslo. Jubileumsgåve | » | 15 000 |
| Stokke bibliotek. Kjøp av grafikk | » | 10 000 |

*Illustrerte bøker:*

| | | |
|---|---|---|
| Anne Breivik/Jon Bing: Minner om et landskap | » | 15 500 |
| Hedmarksmuseets Venner. Anne Lise Knoffs illustrasjonar til Hamarkrøniken | » | 11 580 |
| Rolf Nesch-Forlaget til utgjeving av «Lofoten» og «Finnmark» | » | 40 000 |
| Stavanger Lithografiske Anstalt. Bok om Carl Sundt-Hansen | » | 20 000 |
| Norsk Folkeminnelag. Folkeminne på Ytre Senja. Illustrasjonar ved K. E. Harr | » | 4 000 |

*Andre tiltak:*

| | | |
|---|---|---|
| Norsk Billedhoggerforening. Prøvedrift ved Skulpturkontoret | » | 85 000 |
| Norske Kunsthåndverkeres Formidlingssentral. Til ei undersøking av levevilkår for kunsthandverkarar | » | 20 000 |

| | | |
|---|---|---|
| Oslo Kunstforening. Leige i samband med kjøp av samtidskunst | kr. | 30 000 |
| Bildende Kunstneres Styre. Konferanse om kunstformidling .... | » | 8 000 |
| Bildende Kunstneres Forening, Stavanger. Seminar om kunstformidling (Utstein Kloster) ... | » | 43 000 |
| Riksgalleriet. Kurs for «kulturarbeidarar» ................ | » | 30 000 |
| Statens vegledningskontor for oppfinnere. Uteksperimentering av «transimpactor» (Gunnar Janson) .................... | » | 25 000 |
| Norsk Komponistforening. 2 kunstnarleg utførte plateomslag | » | 5 000 |
| Tromsø Kunstforening. Kjøp av lysbilete til bruk ved foredrag .. | » | 5 000 |
| Nordnorske Bildende Kunstnere. Seminar om kunstformidling ... | » | 10 000 |
| Galleri F 15. Seminar «Nordisk dag» ....................... | » | 5 000 |
| Til saman .................... | kr. | 1 265 000 |

### 5. Materialfondet

Styret for Materialfondet har i 1976 handsama 39 lånesøknader. Etter tilråding frå styret har Rådet gjeve 35 kunstnarar lånetilsegner på til saman kr. 379 760.

Som i 1975 har styret for Materialfondet vurdert søknader som ligg i grenseområdet mellom kunst og kunsthandverk, og kjenner det som eit problem at ikkje kunsthandverkarane har dei same utvegane som biletkunstnarane når det gjeld lån til materialutgifter. Rådet løyvde kr. 100 000 til Materialfondet i 1976.

*Økonomisk oversikt over Materialfondet 1965—76:*

| Avsatt | Betalt ut | Betalt attende | Lånetilsegner |
|---|---|---|---|
| 2 100 000 | 2 411 526 | 808 706 | 319 758 |

Til avsetjinga til Materialfondet er lagt 5 pst. av lån som er betalt attende, i alt kr. 33 198, mens fondet er påført utgifter til administrasjon og eit lån som er ettergjeve, til saman kr. 67 310. Fondets kapital er soleis kr. 2 065 888. Ved utgangen av 1976 var Materialfondets ledige midlar kr. 143 309.

Statuttene for Materialfondet er trykt i årsmeldinga for 1974, vedlegg nr. 12.

### Utlån av Munch-grafikk

Som ei prøveordning vedtok Rådet i 1969 å stille garanti mot skadar ved deponering av opptil 200 blad Munch-grafikk frå Oslo Kommunes Kunstsamlinger i lokale brannsikre kulturbygg i Noreg. Avtalen har vore oppattnya to gonger og gjeld fram til 31. desember 1977.

I 1976 har dei 200 grafiske blad vore delt slik:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 8 | arbeider | til | Alta Bibliotek |
| 24 | » | » | Rana Museum |
| 46 | » | » | Stavanger Faste Galleri |
| 32 | » | » | Ibsenhuset I Skien |
| 35 | » | » | Tromsø Museum |
| 23 | » | » | Trondhjems Kunstforening |
| 32 | » | » | Glomdalsmuseet. |

I januar 1976 fekk Rådet melding om at 9 grafiske blad var stolne frå Rana Bygdemuseum. Desse arbeida er verdsatt til kr. 720 000. Dersom bileta ikkje kjem til rette vil Rådet måtte betale ut eit vederlag til Oslo Kommunes Kunstsamlinger.

Rådet vil i 1977 ta stilling til spørsmålet om avtalen med Oslo Kommunes Kunstsamlinger bør oppattnyast for ein ny periode på tre år.

### Konservering av biletkunst i musé og samlingar

I 1966 engasjerte Rådet teknisk konservator Jan Thurmann-Moe til å gjere ei landsomfattande undersøking om konserveringsstoda for biletkunst i musé og andre offentlege samlingar. Om lag 6 500 kunstverk var slik farne at det var naudsynt med konservering. I 1967 sette Rådet av kr. 75 000 til slikt arbeid, men det har ikkje vore mogleg å skaffe konservatorhjelp til desse oppgåvene. I 1967—75 er til saman berre kr. 38 924 av avsetjinga disponert.

I 1976 gav Rådet desse løyvingane av avsetjinga:

| | | |
|---|---|---|
| Gamle Bergen. 6 målarstykke av J. G. Müller .................... | kr. | 9 500 |
| Norsk Folkemuseum. Teikningar og grafikk .................... | » | 10 000 |

## KULTURVERN

### Innleiing

Ei av dei største kulturvernoppgåvene Kulturrådet har sett i gong er registreringa av faste kulturminne, dvs. hus, bygningar, gamle arbeidsstader som møller, smier o. a. Det var Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring som først tok denne saka opp. Kulturrådet skipa til eit seminar (Kongsberg 1970), der alle interesserte partar kom saman

til planlegging: Departement, universitet, fylkeskonservatorar, Riksantikvaren, musea, Kulturrådet o. a. Ei arbeidsgruppe la i 1972 fram utgreiinga (Registrering av faste kulturminner i Norge, trykt 1972), med framlegg om å få i gang eit kvalifisert sekretariat under Kulturrådet, som kunne arbeide fagleg og planmessig med denne store saka, som har tre siktemål: Eitt kortsiktig: å peike ut det som står i akutt fare for å bli øydelagt, eit meir langsiktig: å få til ein plan for kva ein, sett i landsmålestokk, bør holde i hevd og tryggje, og det tredje: å gje tilfang for forsking. Sjølve registreringsarbeidet kom ikkje fullt ut i gang før i 1974, og vil sjølvsagt ta mange år.

Eit viktig siktemål er at tilfanget etter kvart blir teke i bruk av dei praktiske planleggjarar i kommune og fylke. Det ferdige registret bør derfor plasserast i institusjonar der planleggjarar til vanleg søkjer opplysningar, og slik at konsultasjon av registret i framtida går inn i ein ålmen prosjekteringsrutine.

Kulturrådet seier seg svært glad for at Miljøverndepartementet frå 1977 tek over dette sekretariatet, soleis at dette viktige arbeidet no vil halde fram i trygge former, i nær kontakt med sentralt planleggingsarbeid.

I 1976 har Rådet gjort lovnad om å gå inn i eit større miljøbergingsprosjekt for heile Sjøgata-området i Mosjøen. Rådet ser dette tiltaket som ein freistnad på å løyse miljøbergingsproblem i større målestokk. Under føresetnad av at Vefsn kommune vedtek ein soneplan for dette området, og restaurerings- og rehabiliteringsarbeidet blir gjort i kontakt og samarbeid med Riksantikvaren, vil Rådet over ein 10 års periode hjelpe til med i alt 2—3 mill. kroner. Til å styre arbeidet er det sett ned ei styringsgruppe med representantar for kommunen, Sjøgata Vel, Riksantikvaren og Norsk kulturråd. Kulturrådet ser denne saka òg som ein lekk i arbeidet for kystkulturen.

I samarbeid med Miljøverndepartementet har Rådet i 1976 òg teke opp spørsmål om registrering av gamle farty av kulturhistorisk interesse. I ein overgangsperiode vil Rådet gje løn til ein sakkunnig medarbeidar for båtar, knytt til Registreringa av faste kulturminne i departementet.

Kulturrådet har òg i 1976 gjeve tilskott til å berge og restaurere gamle båtar, frå dampskip til åttringar, og til å setje i stand og rehabilitere fiskarhus, naust, bryggjer o. a.

Detaljerte oversyn over tilskott til å verne hus og miljø og til tiltak ved musea finn ein i årsmeldingane. I 1976 har Rådet gjeve ut ein publikasjon (i samarbeid med Dreyer Forlag), Frå vår kulturarv, Norsk kulturråd verner hus og anlegg, med teikningar og tekstar av førsteantikvar Ola Øgar Svendsen hjå Riksantikvaren.

Utvalet som arbeider med plan for å tryggje stavkyrkjene mot brann har halde fram med arbeidet for å finne metodar og tiltak, og vil leggje fram planane på nyåret 1977, med kostnadsoverslag for kvar kyrkje, og finansieringsplan. Overskottet av minnemyntsalet (frå 1972), omlag 1,8 mill. kroner, vil ikkje vere nok. Rådet vonar på samarbeid med kommunane og andre om saka.

I alt kom det i 1976 243 søknader (1975: 219), med ein samla søknadssum på kr. 14 678 750 (1975: 13 591 803). 40 av søknadene nemnde ikkje nokon søknadssum. I dette talet er ikkje rekna med eit oversyn frå Riksantikvaren som gjeld 348 prosjekt med omlag kr. 28 820 000 som søknadssum. Søknader om større tilskott til nybygg ved musea, og større ombyggings- og innreiingsarbeid er omtale under Kulturbygg og registrerte der.

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart det sett av kr. 3 500 000 til kulturverntiltak. Pengane vart delt slik:

| | | |
|---|---|---|
| A. *Særleg nemnde tiltak:* | | |
| 1. Ti tiltak ved dei kulturhistoriske musea | kr. | 531 500 |
| 2. Sju tiltak til berging av hus, anlegg og miljø | » | 540 500 |
| 3. Registrering av faste kulturminne | » | 635 000 |
| 4. Ti fornminnetiltak | » | 207 000 |
| 5. Pris for lokalhistorie | » | 15 000 |
| Til saman | kr. | 1 929 000 |
| B. *Avsetjingar til bruk i året:* | | |
| 1. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea | kr. | 368 000 |
| 2. Berging av kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø | » | 460 000 |
| 3. Lokalhistorie | » | 220 000 |
| 4. Konservering | » | 150 000 |
| Til saman | kr. | 1 198 000 |
| C. *Avsetjing til rådvelde* | kr. | 373 000 |
| A, B og C til saman | kr. | 3 500 000 |

Postane A 2, A 4, B 2 og delvis post C gjeld tiltak innanfor arbeidsområdet til Riksantikvaren og Fornminneutvalet, som høyrer under Miljøverndepartementet. Samla tilskott-

sum til desse områda er teke med sist i denne delen.

### A. 1. Tiltak ved dei kulturhistoriske musea

| | | |
|---|---|---|
| Stavanger Museum. Restaurering av pulpitur og epitaf .......... | kr. | 40 500 |
| Romsdalsmuseet. Flytting av våningshuset på Påskhella til fiskeriavdelinga på Hjertøya ved Molde | » | 106 000 |
| Drammens Museum. Utstyr til konserveringsatelier for målarstykke | » | 30 000 |
| Ringerike Museum. Til å byggje ut Heimestyrke-museet ........... | » | 45 000 |
| Gamle Bergen. Innreiing av tekstilmagasin .................... | » | 34 000 |
| Sannidal Historielag. Til å flyttje gamalt våningshus frå Øystre Hegland til bygdetun ............. | » | 65 000 |
| Rindal Museumsnemnd. Til å flyttje husmannsplassen Stokke .. | » | 60 000 |
| Vest-Agder Fylkesmuseum. Ny utstillingshall .................. | » | 76 000 |
| Valdres folkemuseum. Til å kjøpe og flyttje Jonshegge-bygningen frå Øystre Slidre til bruk som vaktmeisterbustad ................ | » | 50 000 |
| Vestlandske Kunstindustrimuseum. Til å konservere kinesiske og andre målarstykke på papir .......... | » | 25 000 |
| Til saman .................... | kr. | 431 500 |

*Merknader:*

Stavanger Museum. Restaurering av pulpitur og epitaf. Løyvinga vart gjeven i 1975 og er totalt på kr. 81 000. Fyrste helvta av tilskottet vart utbetalt 1975.

Romsdalsmuseet. Flytting av våningshuset på «Påskhella» frå Sandøya til fiskeriavdelinga på Hjertøya ved Molde. Lokalfinansiering kr. 45 000. Tilsegn frå 1975.

Drammens Museum. Utstyr til konserveringsatelier for målarstykke. Etter den nye tilskottsordninga frå 1975 kan museet få plass til løn til teknisk konservator på driftsbudsjettet. Tilsegn frå 1975.

Ringerike Museum. Utviding og modernisering av avdeling Heimestyrke-museet 1940/45, Norderhov Gamle Prestegård.

Gamle Bergen. Innreiing av tekstilmagasin. Eigen finansiering kr. 16 800.

Sannidal Historielag. Flytting av gamalt våningshus frå Øystre Hegland til Bygdetunet.

Rindal Museumsnemnd. Flytting til bygdemuseum av husmannsplassen Stokke med hus med 1600-talls kjerne.

Vest-Agder Fylkesmuseum. Ombyggjing av gamal uthus til utstillingsrom. Vest-Agder fylke og Kristiansand kommune har kvar løyvd kr. 42 000.

Valdres folkemuseum. Til å kjøpe, flytte og setje opp att Jonshegge-bygningen frå Øystre Slidre til vaktmeisterbustad. Samla kostnader er rekna til kr. 197 500. Resten blir dekt på anna vis. Kulturrådet har òg vist til at museet må kunne søkje utbedringslån i Husbanken. Dersom eit slikt lån vert gjeve, vil lånesummen kome til frådrag i løyvinga frå Norsk kulturråd.

Vestlandske Kunstindustrimuseum. Konservering av kinesiske og andre målarstykke på papir. Nasjonalgalleriets atelier har teke på seg arbeidet med assistanse frå ein kinesisk ekspert ved Østasiatiske Museet, Stockholm. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer seier i innstillinga at ein ser det som ønskjeleg å kome i gang med prøvedrift innan papirkonservering. På basis av dei røynsler ein vinn ved ei slik prøvedrift kan ein setje opp eit meir konkret budsjett for vidare konservering som i prinsippet bør bli dekt over det vanlege driftsbudsjettet.

### A. 2. Kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø

| | | |
|---|---|---|
| Modum Blaafarveverk. Restaurering av bygningar ............. | kr. | 75 000 |
| Tyholmen, Arendal. Berging av 4 hus på Tyholmen .............. | » | 187 500 |
| Borgundkaupangens Venner. Restfinansiering av bygning over årestuekompleks .................. | » | 68 000 |
| Fortidsminnesmerkeforeningen, den bergenske avdeling, Lysøen. Avsluttande løyving til restaureringsarbeid ................... | » | 80 000 |
| Legatet Straumhella, Tromsø. Berging av den stormskadde Nordskolen på området Hella ........ | » | 50 000 |
| Odda kommune. Utreiing av bergingsalternativ for det gamle rådhuset i Odda ................. | » | 30 000 |
| Berging av Sjøgata-miljøet i Mosjøen. Utreiingsarbeider ........ | » | 50 000 |
| Til saman .................... | kr. | 540 500 |

*Merknader:*

Modum Blaafarveverk. Restaurering av bygningane. Kulturrådet har i alt gjeve desse løyvingane: 1971: kr. 230 000, 1973: kr. 80 000, 1974: kr. 120 000, 1975: kr. 75 000, 1976: kr. 75 000. Tilsegn frå 1975.

T y h o l m e n, A r e n d a l. Tilsegn om 1,5 mill. kroner over 8 år vart gjeven i 1971. Restaureringsarbeida er no sette i gong, og helvta av løyvinga, kr. 750 000 vart betalt til Arendal kommune i 1975.

B o r g u n d k a u p a n g e n s V e n n e r. I 1968 vart det løyvd kr. 100 000. Det aktuelle tilskottet gjeld sluttføringa av bygningen over årestuekomplekset. Tilsegn gjeve i 1975. Dessutan tilsegn om kr. 60 000 for 1977.

F o r t i d s m i n n e s m e r k e f o r e n i n g e n, d e n b e r g e n s k e a v d e l i n g.
Tilskott til å restaurere Ole Bulls Lysøen. Tidlegare løyvingar: 1974: kr. 30 000 til registrering, 1975: til saman kr. 100 000 til reparasjon av gulv og tak. Miljøverndepartementet kunne ikkje vere med på istandsetjinga. Kulturrådet har meint at denne saka må løysast, og gav i 1975 ytterlegare tilsegn om kr. 80 000 i 1976.

L e g a t e t S t r a u m h e l l a, T r o m s ø. Til å berge den stormskadde Nordskolen på ferieområde til Tromsø Arbeiderforening, Hella, tilsegn 1975.

O d d a k o m m u n e. Utgreiing om bergingsalternativ for det gamle rådhuset i Odda. Det er usemje i kommunen om bygningen bør stå, og blant dei sakkunnige om kor mykje som bør bergast. Tilsegn 1975.

B e r g i n g a v S j ø g a t a - m i l j ø e t i M o s j ø e n. Utgreiingsarbeid. Kulturrådet gjorde i desember 1975 prinsippvedtak om eit «pilot prosjekt» over ein 10-års periode, rekna frå 1977. I 1976—77 må heile dette arbeidet verte grundig planlagt, og Rådet reknar med å måtte bruke kr. 50 000 til utgreiings- og planleggjingsarbeid.

F o r t i d s m i n n e s m e r k e f o r e n i n g e n s e i g e d o m a r. Fortidsminnesmerkeforeningen søkte i 1975 Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Norsk kulturråd om til saman kr. 1 128 000 til å setje i stand stavkyrkjer og steinruinar som foreninga eig. I 1975 vart det halde eit møte med representantar for Fortidsminnesmerkeforeningen, Miljøverndepartementet, Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Riksantikvaren, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muse og Norsk kulturråd. Miljøverndepartementet vona at det kunne ta på seg eit ansvar på dette området frå 1977, men det som det var heilt naudsynt å få gjort i 1976, måtte Riksantikvaren eller Norsk kulturråd ta på seg.

### A. 3. Registrering av faste kulturminne i Noreg

Rådet gjorde i 1971 vedtak om å setje i gong ei nasjonal registrering av faste kulturminne. Vi viser til årsmeldingar for 1970 og framover. Registreringa tok til med hus bygd før 1900, og vil halde fram med faste kulturminne av ulike slag. Hjelperådet for husregistreringa er no ferdig utarbeidt, og målet var å få sett i gong registrering i ein kommune i kvart fylke i 1976. Fagleg registreringsleidar er fylkeskonservator eller ein annan person som fylket peikar ut.

### A. 4. Tiltak til å sikre fornminne

| | | |
|---|---|---|
| Penne, Lista, Vest-Agder. (Helleristningsfelt, hustufter, gravhaugar) | kr. | 50 000 |
| Sørheim, Laland, Klepp. Sikring av området | » | 18 000 |
| Ritland, Suldal. Utbetring | » | 5 000 |
| Skadberg, Eigersund. Utbetring | » | 11 000 |
| Informasjonsskilt ved ei rad fornminne | » | 9 500 |
| Løsetstranda, Gurskøy, Herøy k., Møre og Romsdal. Istandsetjing | » | 14 000 |
| Kvebrend, Lierne, Nord-Trøndelag. Sikring av området | » | 30 000 |
| Mortensnes, Varanger. Sikring av området | » | 10 000 |
| Bakken-Slettan av Bø, Andøy, Nordland. Istandsetjing | » | 12 000 |
| Prosjekt som gjeld vernetiltak i heile landet (vernetiltak mot destruksjonar) | » | 47 500 |
| Til saman | kr. | 207 000 |

*Merknader:*

Universitetets Oldsaksamlings distrikt:

P e n n e, L i s t a, V e s t - A g d e r. Norsk kulturråd har tidlegare løyvd til saman kr. 67 000 til sikring, ca. 44 dekar, av Pennefeltet som mellom anna gjeld helleristningsfeltet, eit par hustufter og ein del av gravfeltet.

Arkeologisk Museum, Stavanger distrikt:

S ø r h e i m, L a l a n d, K l e p p. Stor bronsealderhaug med indre steinkonstruksjonar. Halve haugen skal bergast i utgravd tilstand. Inn til denne haugen ligg fleire gravhaugar og eit gardsanlegg, troleg frå folkevandringstid. Arbeidet med restaurering og tilretteleggjing vil ta fleire år.

R i t l a n d, S u l d a l. Feltet er stort sett i bra stand, men einskilde haugar har skader som bør utbetres med tilført masse.

Skadberg, Eigersund. Restaurering av større bronsealderhaug der ein må føre til masse.

Informasjons-skilt ved desse fornminne i distriktet:

1. Fluberget, Stavanger
2. Klauhauane
3. Dysjane
4. Øygarden, Lomeland, Eigersund
5. Vigesdal, Bjerkreim, gravfelt frå eldre jarnalder.

Historisk museum, Bergen distrikt:

Løsetstranda, Gurskøy, Herøy, Møre og Romsdal. Gravfeltet vart sikra med tilskott frå Kulturfondet i 1971, og ein må halde fram med å setje istand feltet som elles vil verta brukt som steintak. Det hastar difor med å få sett feltet i stand, m. a. ved å fjerne vegen til stranda. I tillegg er det naudsynt å få rydda skikkeleg opp på feltet, slik at ein kan sjå fornminna betre.

Av løyvinga frå 1971 står det att kr. 1 225 som vil verta nytta til å skilte fornminnefeltet.

Ellefrøysa på Godøy, Giske, Møre og Romsdal. For 1974 vart det av Kulturfondet sett av kr. 25 000 til sikring. Da grunneigaren i dette høve har vist seg lite viljug til å selja, ser det ut til at den beste sikringa av fornminnet vil vere restaurering. Fornminneutvalet gjer framlegg om at pengane vert omdisponert til å restaurere gravrøysa.

Videnskapsselskapets Oldsaksamling, Trondheim distrikt:

Kvebrend, gnr. 14/9, Lierne, Nord-Trøndelag. Gravfeltet på Kvebrend var ikkje med i Innstillinga frå 1966 av di ein først i de seinere åra er blitt merksam på dette feltet. Feltet har 6 gravhaugar på 11—17 m i tverrmål.

Tromsø museums distrikt:

Mortensnes, Varanger. Dette er eit stort område på 20—25 mål med hustufter frå eldre steinalder, graver, konsentriske steinringar og hustufter frå samisk jarnalder. Fornminna dekkjer eit mykje større areal enn ein tidlegare visste, og det er særs viktig at ein får klausulert dette.

Holsneset, Vestvågøy. Det er tidlegare sett av kulturfondsmidlar som har sikra Holsøy, men den svære nausttuften på Holsneset som er omtalt i Innstillinga er ikkje komen med. Fornminneutvalet gjer framlegg om å omdisponere kr. 8 000 sett av av Kulturfondet til å tryggje Leknes, Vestvågøy, da dette prosjektet ikke ser ut til å la seg realisera.

Bakkan-Slettan av Bø, Andøy, Nordland. Etter sikringa av dette gardsanlegget frå jarnalderen er det no naudsynt å få lagt til rettes feltet for publikum. Tilskottet bør gå til å klarleggje området, opparbeide stier osb.

*Prosjekt om vernetiltak for bergkunstfelt:*

Utvalet har teke opp spørsmålet om destruksjonane dei seinare åra på bergkunstfelt kring i landet. Dette er kompliserte tilhøve, og arkeologutvalet treng hjelp frå sakkunnige geologar og geoteknikarar. Ekspert-team på kvar stad bør ta på seg arbeidet. Rådet var samd i at dette er ei viktig oppgåve og løyvde kr. 47 500.

### A. 5. Pris for lokalhistorisk arbeid

Etter tilråding frå Utvalet for lokalhistorie vart prisen for lokalhistorie for 1976 gjeve til lokalhistorikaren og bygdebokforfattaren Hans Hyldbakk, Surnadal. Hyldbakk fekk prisen for det store arbeidet han har gjort for bygdebøkene. Han har gjeve ut 17 store band med bygde-, gards- og ættesoge og har lagt et breiare grunnlag for bygdebøkene enn det som før var vanleg.

### B. 1. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea

| | | |
|---|---|---|
| Festspela i Nord-Noreg — Kurs for museumsleidarar | kr. | 5 000 |
| Lokaltrafikkhistorisk forening — Til å restaurere Holmenkollvogn | » | 11 000 |
| Verdal Museum — Til å flytje kombinert smie og tørkehus | » | 30 000 |
| Folkemuseet for Trondheim og Trøndelag — Konserveringsverkstad | » | 20 000 |
| Berg-Kragerø Museum — Til å flytje sjøbu | » | 15 000 |
| Heddal og Notodden Museumslag — Til å setje opp stølsbu | » | 19 000 |
| Sør-Varanger Museum («Noatun») — Til å restaurere gammen på «Noatun» | » | 22 000 |
| Haugesund Museum — Til å restaurere Cleng Peerson-huset | » | 10 000 |
| Saltdal kommune — Kr. 100 000 over 3 år til Saltdal bygdetun | » | 33 300 |
| Trysil Bygdetun — Til å føre opp ein seter | » | 30 000 |
| Hallingdal Folkemuseum — Til å setje opp ei husmannsstove | » | 21 000 |
| Rana bygdemuseum — til å flytje eit fjøsbygg | » | 45 000 |

Vestfold Fylkesmuseum — Til innreiing av bibliotek . . . . . . . . . . . . . kr. 8 500
Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum — Tekstilkonservering . . . . » 35 000
Universitetets Oldsaksamling — Til å fullføre restaurering av Klåstadskipet (handelsfarty frå vikingetida funnet ved Klåstad i Vestfold). (Dertil kr. 11 800 frå avsetjinga til disp. Kv. (C)) . . . . » 13 200
Hedmarksmuseet og Domkirkeodden — Til konserveringsarbeid ved domkirkeruinane . . . . . . . . . . . . . . » 50 000

*Rådet har gjeve desse tilsegnene for 1977:*
Saltdal kommune. Tilskott kr. 100 000 over 3 år til Saltdal bygdetun (1976—77—78) . . . . . . . . . . . kr. 33 300
Troldhaugen. Brannsikringsanlegg » 65 000
Steinaldergården, Ullandhaug . . . » 90 000
Borgund-Kaupangens Venner. Restfinansiering av bygning over årestove-kompleks . . . . . . . . . . . . . » 60 000

**B. 2. Berging av kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø**

Hamarøy kulturnemnd — Kjøp av garden Breidablikk til kultursenter kr. 80 000
Nusfjord Vel — Restaurering av bedehus/forsamlingshus . . . . . . . . » 80 000
Fortidsminnesmerkeforeningen. Hovedforeningen — Sande gamle prestegard . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 50 000
Privateigargruppe — Værøy gamle prestegard . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 14 000
Fylkeskonservator Jonas Gill Haanshuus — Til å reparere den freda Haanshuusgarden, Soknedal » 30 000
Askvoll kulturnemnd — Til å restaurere fiskarhus på Nikøy på Bulandet . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 10 000
Thomas Eliassen, Hamnøy — 13 rorbuer i fiskeværet Hamnøy, Lofoten . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 50 000
Stavanger havnevesen — Fortidsminne frå seglskutetida . . . . . . . . » 25 000
Røros Antikvariske Verksted — Til å kjøpe spesialprofiljern . . . . . » 40 000
Rasmus Løvøy, Havøy — Til å bevare den gamle Uksnøystova . . . . » 20 000
Fortidsminnesmerkeforeningen — Berging av klosterruinar i Trøndelag og stavkyrkjene som foreninga eig. I alt har Kulturrådet løyvd kr. 150 000, resten kr. 89 900 har ein teke av post C . . . . . . . . . . . . . » 61 000

*Rådet har gjeve desse tilsegnene for 1977:*
Ole Bulls Lysøen — Sluttilskott . . kr. 100 000
Bogen i Vestfold — Fullføring av restaurering . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 25 000
Steinhuset på Gran, Hadeland — Garanti . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 60 000
Berging av gamle bruer over Domma og Glomma . . . . . . . . . . . . . . . » 20 000
Tyholmen, Arendal — (Tilsegn kr. 1 500 000 over 8 år gjeve i 1971) . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 187 500

**B. 3. Lokalhistorisk arbeid**

Det var sett av kr. 220 000. Utval for lokalhistorie (sjå Kap. I, Utval og utgreiingar) har handsama ei rad søknader. I samsvar med tilrådingar frå utvalet har Rådet gjeve desse tilskotta:

*Lokalhistoriske årbøker:*
Hålogaland Historielag til Håløygminne 1976 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . kr. 4 800
Rogaland Historie og Ættesogelag til Ætt og heim 1976 . . . . . . . . . . . » 6 000
Valdres Historielag til Tidsskrift for Valdres Historielag 1976 . . . . » 6 000
Follo Historie- og Museumslag til Follominne 1976 . . . . . . . . . . . . . . » 3 000
Årbok for Glåmdalen til årboka 1976 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 8 000
Stange Historielag til Gammalt frå Stange og Romedal 1975 og 1976 » 4 000
Asker og Bærum Historielag til årsskrift nr. 17/1976 . . . . . . . . . . . » 3 000
Årbok for Senja til årboka 1976 . . » 5 000
Røyken Historielag til årboka 1976 » 2 000
Årbok for Nordfjord til årboka 1975 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 4 000
Helgeland Historielag til årboka 1976 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 6 500
Sunnmøre Historielag til årboka 1977 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 3 000
Trønderlaget til Årbok for Trøndelag 1976 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 5 500
Hallingdal Historielag til Dølaminne 1976 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 3 500
Historielaget for Sogn til årboka 1976 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 6 000
Toten Historielag til hefte 3 bind II av TOTN . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 3 000
Gauldal Historielag til Gauldalminne 1977 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 4 500
Hadsel Historielag til Hofdasegl nr. 21 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . » 2 500
Årbok for Hadeland til årboka 1976 » 3 000

*Andre publikasjonar:*
Dreyer Bok til boka «Eg veit meg ein fjord» av Johs. Gill . . . . . . . . . » 5 000
Noregs Boklag til band II i serien

| | | |
|---|---|---|
| Norske folkeminne «I trollbotten» av Finn Myrvang | kr. | 9 000 |
| Noregs Boklag til band III i same serien: «Jordbruket i norsk folketru» av Kjell Bondevik | » | 12 500 |
| Hurdal Historielag til dagboka til Børger Johnsen Rustad 1801—1858 | » | 3 000 |
| Værøy bygdeboknemnd til «Øyfolket» I | » | 10 000 |
| Luther Forlag til to bøker om læstadiansk folketradisjon av Kåre Svebak | » | 12 000 |
| Valdres Bygdeboknemnd til delartikkel i Valdres bygdebok | » | 6 000 |
| Solør-Odal Historielag til prenting av dr. juris. Kr. Østbergs artiklar om Finnskogen | » | 20 000 |
| Tranøy bygdeboknemnd til kjeldeskriftet «Frå veidemann til fiskarbonde» | » | 4 000 |
| Åfjord kulturstyre til «Fortidsminner i Åfjord» av Ragnvald Humstad | » | 4 000 |

*Andre tiltak:*

| | | |
|---|---|---|
| Nord-Trøndelag Historielag til stadnamnkurs | » | 2 000 |
| Jemtsk-trøndsk historikarmøte 1976 i Levanger | » | 3 400 |
| Arkivarforeninga til seminar 13.—15. august 1976 | » | 10 000 |
| Alta Historielag/Historisk klubb, Tromsø, til regionalhistorisk seminar i september 1976 — samisk historie | » | 10 000 |
| Hedmark Historielag til seminar for lokalhistorikarar 9.—11. juni 1977 | » | 2 800 |
| Statsarkivet i Bergen. Sluttløyving til EDB-registrering av emigrantprotokollen | » | 17 500 |
| Til saman | kr. | 220 000 |

Rådet har og gjeve tilsegn om kr. 22 200 til Hedmark Historielag i 1977.

### B. 4. Konserveringstiltak

| | | |
|---|---|---|
| Røst kyrkje — Til å konservere altarskåpet frå tidleg 1500-talet | kr. | 20 000 |
| Grong kyrkje — Til å konservere kalvariegruppe og altarskåpet | » | 10 000 |
| Rauland kyrkje — Til å konservere romansk kalvariegruppe og gotisk krusifiks | » | 6 000 |
| Feiring kyrkje — Til å konservere mellomalderkrusifiks | » | 6 000 |
| Granvin kyrkje — Til å konservere messehagel frå 1690 til 250 års jubileet i kyrkja | » | 3 000 |
| Atrå kyrkje — Til å konservere antependium frå tidleg 1700-tal | kr. | 2 000 |
| Lygra kyrkje — Til konservering av messehagel, truleg frå tidleg 1800-tal | » | 2 000 |
| Hareid kyrkje — Til konservering av altartavle frå 1660 | » | 15 000 |
| Veøy kyrkje — Til å fargerestaurere det rike inventaret frå 1600-talet. En vil òg søkje etter om det har vore kalkmålarstykke på veggene inne i kyrkja | » | 20 000 |
| Ogna kyrkje — Til å konservere altartavle og preikestol frå 1620-åra med målarstykke av Hendtchel | » | 5 000 |
| Tjølling kyrkje — Til konservering av det største målarstykke i altartavla frå 1630-åra | » | 6 000 |
| Skjåk kyrkje — Til konservering av målarstykke av kong Salomos dom frå 1641 | » | 3 000 |
| Tanum kyrkje — Til å konservere altartavle frå 1663 | » | 4 000 |
| Flosta kyrkje — Til å avdekkje veggdekorasjonar frå ca. 1750 og til restaurering av skymåla himling | » | 10 000 |
| Vega kyrkje — Til å restaurere altartavle frå 1736. Arbeidet vert gjort av marinemålaren Carl B. Hestman | » | 10 000 |
| Melbu hovudgard — Til å restaurere tre målarstykke med motiv frå Lofoten datert 1890—90, i to rom i hovudbygningen på garden | » | 5 000 |
| Privathus i Vrengen i Øyestad eid av Berit og Micha Reisel — Til å avdekkja 1700-talsdekorasjonar i daglegstova | » | 5 000 |
| Velfjord kyrkje — Til å restaurere altartavle, preikestol og korskille frå 1750—60-åra | » | 10 000 |
| Våler kyrkje — Til å restaurere orgel frå 1780 | » | 8 000 |
| Til saman | kr. | 150 000 |

### C. Avsetjing til andre formål innan kulturvern

| | | |
|---|---|---|
| Norsk Veteranskipsklubb — Veteranskipet Børøysund, Oslo | kr. | 50 000 |
| A/S Jubileumsskipet D/S Kysten, Tønsberg | » | 50 000 |
| Norsk Sjøfartsmuseum, Oslo — Skonnerten Svanen | » | 25 000 |
| Seilskøyteklubben Colin Archer, Oslo — R.S.I. Colin Archer | » | 30 000 |
| Sjøspeiderne i Sandnes, forhenværende Colin Archer — Losskøyte «Nordsjø» | » | 10 000 |

Foreningen til bevaring av eldre bruksbåter, Brøynnøysund — Gamal nordlandsbåt av åttringstypen kr. 2 500
Rådhusets Venner, Tvedestrand — Til å konservere skutebilete. Rådet løyvde i 1975 kr. 5 000 til same føremålet » 5 000
Bøndernes Bygningskontor — Til film om byggjeskikk på landsbygda » 30 000
Fortidsminnesmerkeforeningen (jfr. avsetjing til bygg, anlegg og miljø) » 89 000
Fylkeskonservatoren i Østfold — Til utgreiing om bevaringsalternativ for dei gamle bygningane til A/S Moss Aktiemøller » 20 000
Universitetet Oldsaksamling — Til å fullføre restaurering av Klåstadskipet (handelsfarty frå vikingetida funne ved Klåstad i Vestfold) » 11 800
(Dessutan kr. 13 200 av avsetjinga til tiltak ved dei kulturhistoriske musea (B 1)
Riksantikvaren — Arkitektutgreiing av rekonstruksjonsalternativ ved Bryggen i Bergen » 20 000
Førstekonservator Asbjørn Herteig og professor Knut Helle, Universitetet i Bergen — Avsluttande utgraving for lokalisering av Gulatingstaden » 9 887
Nordmøre Museum — Publikasjon av Arne Hoem med og om bilete frå gamle Kristiansund » 5 000
Aust-Agder Museet, Arendal — Til å konservere gamal skipskanon » 5 000
Nordland fylke — Til å restaurere to stabbur ved Gildeskål prestegard » 4 500

*Rådet har gjeve desse tilsegnene for 1977:*
Partsrederiet «Lister». Bygging av kopi av listerskøyte » 75 000
D/S Kysten, Tønsberg. Reparasjonar » 75 000
Cand. philol. Olaf T. Engvig, Oslo. Registrering og berging av Åfjordbåtar » 20 000
A/S Oplandske Dampskibsselskap. Reparasjon av D/S Skibladner » 500 000
Herman L. Løvenskiold, Oslo. Registrering av vokssegl i Riksarkivet. Kr. 45 000 over 3 år (1977—78—79) » 15 000
Norske Kunst- og Kulturhistoriske Muse. Kurs i tekstilkonservering » 20 000
Buskerud kulturstyre. Til å kjøpe Nøstetangen lysekrone til Fossesholm, Vestfossen kr. 40 000
Nordisk Samfunn for Campanologi. Utstilling av kyrkjeklokker, skipsklokker etc. på Hadeland Folkemuseum » 15 000
Statens Teknologiske Institutt. Kurs i gamle målarteknikkar » 23 000

I alt har Norsk kulturråd i 1976 løyvd kr. 1 496 000 til tiltak som ligg under Miljøverndepartementets ansvarsområde, etter tilråding frå og i samråd med Riksantikvaren.

## SAMISK KULTUR

I 1976 kom det inn 46 søknader med ein samla søknadssum på kr. 950 288. I 1975 47 søknader, til saman kr. 767 962.

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart det sett av kr. 630 000 til samiske kulturtiltak, delt slik:

1. Samisk litteratur kr. 260 000
2. Samisk kunst og kunsthandverk » 80 000
3. Samisk musikk » 100 000
4. Andre tiltak » 190 000

Rådet ser det som ei viktig nasjonal oppgåve å verne om og fremje samisk kultur. Det samarbeider med dei samiske organisasjonane og Norsk Sameråd og har knytt til seg sakkunnige i tre rådgjevande utval. Representantar for dei samiske organisasjonane har stort sett sagt seg nøgde med det arbeidet Rådet har gjort på dette feltet.

Kulturrådet legg vekt på kontakt og samarbeid med dei samiske organisasjonar og råd. 12. mars vart det halde eit samrådingsmøte med representantar for Norsk Sameråd, Norske Samers Riksforbund, Norges Reindriftssamers Landsforbund og dei rådgjevande utvala under Kulturrådet for samiske kultursaker.

Møtet drøfta dei søknader og framlegg som låg føre, og fordelinga av avsetjinga. Spørsmålet om ein litteraturkonsulent i full stilling vart òg drøfta, likeeins om ein arkivstyrar for opptak av samisk folkemusikk.

Norske Samers Riksforbund har reist spørsmålet om eit eige samisk kulturfond. Kirke- og undervisningsdepartementet bad med brev av 25. september 1975 Kulturrådet om fråsegn.

Rådet drøfta saka i fleire møte, i samanhang med spørsmålet om betre samarbeidsformer i samiske kultursaker og samiske saker i det heile.

Kulturrådet fann at det ikkje kunne gå inn for tanken om eit særskilt samisk kulturfond. Samisk kultur må vere ein sjølvsagt og naturleg del av kulturen i riket. Når det galdt

spørsmålet om koordinering, kom ikkje Rådet fram til full semje. Eit fleirtal på 6 medlemmer meinte at spørsmålet om koordinering best kunne løysast om Norsk kulturråd tok initiativ til eit sams rådgjevande og koordinerande utval for samisk kultur, som både kunne vere rådgjevande utval for Norsk kulturråd, og stå til teneste for dei departement som arbeider med samiske saker: Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Landbruksdepartementet, Kommunaldepartementet og Miljøverndepartementet. Eit slik utval kunne etterkvart avløyse dei rådgjevande utvala for litteratur, musikk og biletkunst som Rådet no har. Dei samiske organisasjonar måtte sjølv få peike ut medlemmene til eit slikt allment utval.

Mindretalet (5 medlemmer) er samd i at det kan vere ynskjeleg å finne fram til meir oversiktleg kanalisering og handsamingsmåte for samiske saker, men meiner dette spørsmålet bør drøftast mellom dei departement som har desse saksområda, og gjer framlegg om at Kyrkje- og undervisningsdepartementet sjølv tek opp denne saka med dei andre departementa. Norsk kulturråd vil sjølvsagt stå til teneste, om det skulle melde seg spørsmål som det er naturleg å leggje fram for Kulturrådet.

De Samiske Samlinger i Karasjok søkte i 1975 om kr. 225 000 til å byggje opp ei permanent utstilling som skal presentere samekulturen. Saka er løyst ved ei løyving på kr. 220 000 frå Kommunal- og arbeidsdepartementet. Kyrkje- og undervisningsdepartementet bed om at Kulturrådet tek på seg å føre eit økonomisk/administrativt tilsyn.

I tillegg til løyvingar av avsetjingar til samiske formål har Rådet gjeve tilskott til fleire samiske kulturtiltak frå andre avsetjingar, m. a. til kulturbygg og utsmykkingsoppgåver.

### 1. Samisk litteratur

Utvalet for samisk litteratur har i 1976 gjeve ut 6 hefte i Cállagat-serien, ein serie hefte med samisk skjønnlitteratur. Eitt av hefta er på lule-samisk. Dessutan har utvalet medvirka til at antologien med joikelyrikk: «Dajahusat» av Nils Jernsletten og barneboka «Ammul ja alit oarbmælli» er komne ut på Tiden Norsk Forlag.

Utvalet har fleire prosjekt under arbeid, t. d. ei omsetjing av Lars Levi Læstadius' postille til samisk, og tillemping av Hans Sterks samlingar av folkeeventyr frå Sør-Varanger til samisk. Utvalet har gått igang med å samle inn munnleg samisk språkleg tilfang frå sjøsamisk målføre-område i Sør-Troms.

Spørsmålet om eit permanent sekretariat og ei litteraturkonsulentstilling er blitt aktualisert ved at Karasjok Bibliotek, som har fungert som sekretariat, i 1976 sa opp denne avtalen. Rådet har vedteke førebels å lønne ein sekretær på timebasis, som administrativt vert knytt til biblioteket, men med kontor utanfor. Spørsmålet om konsulentstilling vil Rådet ta opp med departementet når ein har noko røynsle med ordninga med timelønna sekretær for utvalet.

Avsetjinga er nytta slik:

Utvalet til fremje av samisk litteratur har fått desse tilskotta:

| | | |
|---|---|---|
| Tilleggsløyving til Cállagat II, IV, V og VI | kr. | 3 736,00 |
| Til Cállagat VII, VIII, IX og X | » | 72 657,50 |
| Bearbeiding og omsetjing til samisk av Hans Sterk: Samiske eventyr | » | 6 768,00 |
| Utgjeving av ein antologi med samisk lyrikk. Kulturrådet har garantert at utvalet skal få dekt redaksjonsutgiftene. Utvalet samarbeider med det svenske Folket i Bilds lyrikk-klubb | » | 10 000,00 |
| Til innsamling av munnleg tilfang frå Sør-Troms (sjøsamisk stoff) | » | 1 737,30 |
| Honorar for skjønlitterære artiklar på samisk i Sagat, Nordkalotten og Nuorttanaste (kr. 2 000 til kvar avis + kr. 2 000 til Nordkalotten for innlegg på sør-samisk) | » | 8 000,00 |
| Tilskott til samiske aviser: | | |
| Nuorttanaste | » | 55 000,00 |
| Nordkalotten | » | 75 000,00 |
| Manaide | » | 15 000,00 |
| Teksthefte til LP-plate med samiske joikar | » | 6 000,00 |
| Kautokeino Folkebibliotek til å kjøpe samisk litteratur (+ kr. 2 000 frå Andre tiltak) | » | 6 000,00 |
| Overført til utsmykking av Miljøbygget i Kautokeino | » | 101,20 |
| Til saman | kr. | 260 000,00 |

### 2. Samisk kunst og kunsthandverk

Avsetjinga er nytta slik:

| | | |
|---|---|---|
| Tilsegn gjevne i 1975: | | |
| Manndalen Husflidslag, til kjøp av grener | kr. | 20 000 |
| De Samiske Samlinger, kjøp av komplette manns- og kvinnedrakter | » | 10 000 |
| A/L Reindriftssentret, Røros, kjøp av samisk kunsthandverk til utsmykking | » | 5 000 |

| | |
|---|---|
| Duoddje Guovdas, Tana. Utstillingar av samisk husflid og kunsthandverk ...................... | kr. 10 000 |
| Samehusfliden, Kautokeino. Kjøp av samisk husflid og kunsthandverk til ei permanent utstilling .......... | » 10 700 |
| Porsanga Sámiid Sær'vi, tilskott til kurs i Lakselv (tilskott vart gjeve i samråd med Sii'da, Kautokeino) .. | » 5 000 |
| Samehusfliden, Kautokeino, utstilling av samisk husflid og kunsthandverk i Tromsø i november 1975 | » 5 255 |
| Den samiske vidaregåande skule i Kautokeino, kjøp av samisk kunsthandverk til utsmykking av skulen | » 6 000 |
| Kautokeino Familie- og Daghjem, utsmykking med samisk kunsthandverk ...................... | » 8 045 |
| | kr. 80 000 |

I tillegg til denne avsetjinga har Rådet løyvd kr. 15 000 av midlar avsett til Andre samiske tiltak:

| | |
|---|---|
| Sameskolen i Midt-Norge, Hattfjelldal, kjøp av samisk kunsthandverk | kr. 10 000 |
| Kautokeino Folkebibliotek, kjøp av samisk kunst og kunsthandverk til utsmykking ................... | » 5 000 |
| | kr. 15 000 |

Rådet har såleis nytta kr. 15 000 meir enn avsetjinga. Rådet meiner dette tyder på at arbeidet med samisk kunst og kunsthandverk no er kome i siget. Rådet meiner utvalet bør halde fram med arbeidet sitt, men vil samstundes peike på at dette feltet på mange måtar er uoversiktleg når det gjeld kven som best bør ta initiativ i dei einskilde høve, særleg når det gjeld opplæring (kurs o. a.): Den nystifta Duoddji-organisasjonen, Heimeyrkeskolen, Sii'da, Statskonsulenten i samisk husflid, Utviklingsfondet for samiske områder.

Rådet har i 1976 lagt vekt på å bygge opp eit nært samarbeid med m. a. Sii'da i Kautokeino. Eit slikt samarbeid er særleg viktig når det gjeld tilskott til kurs i samiske handverkstradisjonar som står i fåre for å bli borte.

Når det gjeld utsmykking av offentlege bygg i samiske distrikt, kan det sjølvsagt bli aktuelt både med utsmykking med samisk kunst og kunsthandverk og med anna norsk kunst. Kulturrådet meiner det bør kome i stand eit samarbeid mellom det samiske utvalet og Utvalet for utsmykking av offentlege bygg om slike saker.

Rådet stør Manndalen Husflidslag med å kjøpe grener, i alt 60 grener à 1 000 kroner, med 20 000 kvart av åra 1975, 1976 og 1977. Etter tilråding frå utvalet blir dei delt til skular og andre institusjonar i samiske strok. I 1976 fekk Kautokeino Familie- og Daghjem to grener og Kautokeino Folkebibliotek ein grene. Til no er 13 av dei 60 grenene fordelt.

### 3. Samisk musikk

Utvalet for samisk musikk har til no lagt vekt på å styrke interessa hjå samane sjølv og folk elles for joik som ein naturleg del av samisk kultur. Som lekk i ei slik inspirerande og kontaktskapande verksemd har utvalet for samisk musikk halde fleire møte og seminar. Arbeidet med innsamling og utgjeving av samisk joik og folkesong er blitt seinka, avdi utvalet ikkje har hatt ei fast ordning med arkivar/sekretær. I 1977 vil utvalet stå for innsamling av tradisjonell joik som ein kan gje ut på kassett eller plater, jfr. Norsk kulturråds klassikarserie. Joikesamlinga skal kunne nyttast i skolar.

Etter tilråding frå utvalet har Rådet gjeve tilskott til ei joikeplate med Dædnugadde Nuorat (Tanabreddens Ungdom) og gjeve tilskott til ein «temadag» om joik og kristendom som vart halde i Karasjok.

Avsetjinga er nytta slik:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Tilskott til joikeplate med Dædnugadde Nuorat (Tanabreddens Ungdom) ........ | kr. | 10 000,00 |
| 2. Tilskott til temadag om joik og kristendom ............ | » | 7 500,00 |
| 3. Utgifter i samband med utvals-arbeidet ............ | » | 35 478,65 |
| Til samiske musikkformål .. | kr. | 52 978,65 |

Resten av avsetjinga, kr. 47 021,35, er nytta slik:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Den samiske vidaregåande skule, Kautokeino. Utsmykking ved Iver Jåks ........ | kr. | 35 000,00 |
| Dessutan kr. 35 000 gjeve som tilsegn for 1977 av midlar avsett til biletkunst og kunsthandverk | | |
| 2. Kautokeino kommune, planlegging av utsmykking av miljøbygg .............. | » | 12 021,35 |
| | kr. | 100 000,00 |

### 4. Andre tiltak

Avsetjinga er nytta slik:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Karasjok Husflidslag, kurs i komagsøm. Komagsøm står i fåre for å bli borte som kulturtradisjon ...... | kr. | 15 500,00 |

| | |
|---|---|
| 2. De Samiske Samlinger, Karasjok, tilskott til å kjøpe ei samling drakter frå ulike samiske distrikt | kr. 21 000,00 |
| 3. Dædnugadde Samiid Sær'vi, Tana, kurs i elvebåtbygging. Dette er ein gamal samisk tradisjon som held på å bli borte | » 14 000,00 |
| 4. NKKMs filmnemnd, fullføring av kulturhistorisk film om arbeid med skinn og sying av pesk | » 37 100,00 |
| 5. Arbeid med publikasjon av Ragnvald Graff om samiske knuter | » 8 000,00 |
| 6. Kautokeino Folkebibliotek, tilskott til å kjøpe samisk kunst og kunsthandverk til utsmykking | » 5 000,00 |
| 7. Sameskolen i Midt-Norge, Hattfjelldal, tilskott til å kjøpe samisk kunst og kunsthandverk | » 10 000,00 |
| 8. Kautokeino bibliotekstyre, tilskott til å kjøpe media, særleg bøker på samisk | » 2 000,00 |
| 9. Kautokeino kommune, tilskott til å planleggje utsmykking av miljøbygg | » 2 877,45 |
| 10. Nordkalotten Offset-trykkeri, tilskott | » 50 000,00 |
| 11. Oslo Samiid Sær'vi, tilskott til kulturkartet «Sabmi», som vart trykt i 1975 (jfr. årsmelding 1975, side 40) | » 25 127,00 |
| Til saman | kr. 190 604,45 |

## KULTURBYGG

I 1976 kom inn i alt 33 søknader med ein samla søknadssum på om lag 18 millionar kroner. Som nemnt under kap. Biletkunst og Kulturvern er søknader om større tilskott til innreiingar og reparasjonar rekna med som byggjesaker, og tekne med i denne taloppgåva.

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart sett av til kulturbygg kr. 9 200 000, delt slik:

1. *Særleg nemnde tiltak:*

| | |
|---|---|
| Konserthuset i Oslo. Nybygg | kr. 1 500 000 |
| Førdehuset. Nybygg | kr. 2 200 000 |
| Risørhuset. Nybygg | » 1 500 000 |
| Stordhuset. Nybygg | » 1 000 000 |
| Molde kulturhus. Nybygg | » 300 000 |
| Hordamuseet. Nybygg | » 1 000 000 |
| | kr. 7 500 000 |
| 2. *Til rådvelde for prosjektarbeid og andre mindre byggjetiltak i 1976* | kr. 1 700 000 |
| Til saman | kr. 9 200 000 |

*Merknader:*

Konserthuset i Oslo. Rådet ga i 1968 tilsegn om i alt 6 mill. kroner til reising av Konserthuset. Tidlegare har Rådet sett av og betalt ut 4,5 mill. kroner frå Kulturfondet til å finansiere første byggjesteg. Resten av tilsegnet på 1,5 mill. kroner har Rådet gjeve lovnad om å betale ut når bygget er bortimot ferdig. Etter planen skal Konserthuset stå ferdig våren 1977.

Førdehuset. Rådet viser til tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 12. september 1972 om Innstillinga frå Førdeutvalet, sjå vedlegg nr. 14 i årsmeldinga for Norsk kulturfond 1972. Arbeidet med å reise Førdehuset tok til våren 1974 og huset vart ferdig i 1976. Kulturavdelinga i Førdehuset som i 1972 var kalkulert til 9,5 mill. kroner kosta 13,4 mill. kroner. Rådet har tidlegare løyvd 4,5 mill. kroner og ga i 1976 ei sluttløyving på 2,2 mill. kroner til å løyse denne oppgåva.

Risørhuset. I samband med handsaminga av Innstillinga frå Risørutvalet vedtok Rådet i 1974 å gje tilsegn om 3 mill. kroner til å reise eit kulturhus i Risør. Byggjearbeida kom i gang i 1975 og huset vil stå ferdig i 1977. Risørhuset er kostnadsrekna til 6 mill. kroner og Rådet har gjeve lovnad om å betale ut resten av tilsegnet på 1,5 mill. kroner i 1976.

Stordhuset. I 1973 vedtok Rådet å gje tilsegn om 2 mill. kroner til å toppfinansiere kulturavdelinga i eit kulturhusprosjekt på Stord. Første byggjesteget som tek sikte på å få opp råbygget og få innreidd kino- og teatersal, utstillingsrom og bibliotek, er kostnadsrekna til 16 mill. kroner. A/S Stord Verft har gjeve eit rente- og avdragsfritt lån på 7,5 mill. kroner til dette kulturhusprosjektet. Byggjearbeida starta i 1975.

Molde kulturhus. I 1973 vedtok Rådet å gje 1 mill. kroner i tilskott til å finan-

siere første byggjesteg i eit kulturhusprosjekt i Molde. Rådet ga dessutan tilsegn om ytterlegare kr. 300 000 til føremålet. Byggjearbeida starta i 1975 og kulturhuset er kalkulert til 3 mill. kroner. Bygget inneheld eit kombinert teater- og konsertlokale som Regionsteatret i Møre og Romsdal har fått førsteretten til å bruke.

Hordamuseet. Rådet ga i 1975 tilsegn om 2 mill. kroner til å reise eit eldfast utstillingsbygg for Hordamuseet på Stend. Nybygget var kalkulert til 7 mill. kroner og byggjearbeida starta i 1976. Tidlegare er løyvd til saman kr. 600 000 frå Kulturfondet til grunnarbeid som har kosta om lag 1 mill. kroner. Rådet har gjeve lovnad om å betale ut restsummen på 1 mill. kroner i 1977.

2. *Avsetjing til rådvelde for prosjektarbeid og andre mindre byggjetiltak i 1976:*

I samsvar med tilråding frå utvalet for byggjesaker har Rådet gjeve desse tilskotta:

| | | |
|---|---|---|
| Horten kunstforening. Innreiing av lokale | kr. | 170 000 |
| Aalesund Kunstforening. Innreiing av lokale | » | 40 000 |
| Bildende Kunstneres Styre. Atelier på Citadeløya | » | 65 000 |
| Bildende Kunstneres Styre. Utbedring av Kunstnerhuset i Svolvær | » | 120 000 |
| Manndalen Husflidslag. Innreiing av lokale | » | 25 000 |
| Teknisk Museum i Bergen. Magasinbygg | » | 100 000 |
| Austefjord Museumslag. Tilbygg | » | 210 000 |
| Ringve Museum. Heis | » | 50 000 |
| Sunnhordland Folkemuseum. Tilbygg | » | 175 000 |
| Norsk Sjøfartsmuseum. Magasinutstyr | » | 100 000 |
| Glomdalsmuseet. Innreiing av biblioteklokale | » | 100 000 |
| Fredrikshald Teater. Tilbygg | » | 400 000 |
| Hamar kommune. Innreiing av biletkunstlokale | » | 23 000 |
| Duoddje Guovdas A/L, Tana. Innreiing og utstyr til samisk husflidsenter | » | 30 000 |
| Trøndelag Teater. Arkitektutkast for teaterbygg | » | 25 000 |
| Folkets Hus Landsforbund. Seminar om kulturbygg | » | 40 000 |
| Til saman | kr. | 1 673 000 |

*Oversyn over langsiktige tilsegner:*

Utan at det har vore sett av midlar har Rådet i åra 1973—76 gjeve desse lovnadene om tilskott til kulturbygg:

| | | |
|---|---|---|
| Musikkhus i Stavanger. Nybygg | kr. | 1 500 000 |
| De Heibergske Samlinger. Nybygg | » | 3 000 000 |
| BKF-musea i Bergen. Nybygg | » | 5 000 000 |
| Oslo Bymuseum. Tilbygg | » | 1 200 000 |
| Christiansand Billedgalleri. Nybygg | » | 1 000 000 |
| Haugesund Billedgalleri. Nybygg | » | 1 500 000 |
| Hordamuseet. Nybygg | » | 1 000 000 |
| Sør-samiske Samlinger i Snåsa. Nybygg | » | 2 000 000 |
| Lågdalsmuseet. Nybygg | » | 2 000 000 |
| Fredrikshald Teater. Tilbygg | » | 315 000 |
| | kr. | 18 515 000 |

*Merknader:*

Musikkhus i Stavanger. Rådet ga i 1974 tilsegn om 1,5 mill. kroner til å føre opp eit musikkbygg på Breidablikk i Stavanger. Bygget var kostnadsrekna til 5,6 mill. kroner og Rådet ga lovnad om at tilskottet skulle betalast ut seinast i 1977. Byggjeplanen vart endra og musikkhuset vil no bli reist på Bjergsted. Byggjearbeida vil ta til i februar 1977, og Rådet vil betale ut tilsegnet på 1,5 mill. kroner i 1977.

De Heibergske Samlinger. Rådet vedtok i 1974 å gje tilsegn om å dekkje 80 pst. av byggjeutgiftene, inntil 4 mill. kroner til å fullføre første byggjesteg for det eldfaste utstillingsbygget til De Heibergske Samlinger. Endelege planer med teikningar, kostnadsoverslag og finansieringsplan er enno ikkje ferdige. Rådet sette av 1 mill. kroner til føremålet i 1975. Under føresetnad av at byggjeplanane blir godkjende av Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer og byggjeutvalet, reknar Rådet med at resten av tilsegnet kan utbetalast med 1 mill. kroner i 1978 og 2 mill. kroner i 1979.

BKF-musea i Bergen. Under føresetnad av at ein ferdig finansieringsplan med tilskott og lånegarantiar frå Bergen kommune ligg føre, gjorde Rådet i 1972 vedtak om å toppfinansiere nybygg for «Permanenten» med inntil 5 mill. kroner. Som eit alternativ til nybygg for «Permanenten» kom i 1973 framlegg om å reise eit nybygg for Bergen Billedgalleri og Stenersensamlinga og eit anna nybygg for Fiskerimuseet, slik at Vestlandske Kunstindustrimuseum fekk full råderett over «Per-

manenten». Rådet godkjende i 1974 desse planane og vedtok å gi tilsegn om 1,5 mill. kroner til å toppfinansiere fellesbygget Billedgalleriet/Stenersensamlinga, under føresetnad av at dette fører til full utflytting av Bergen Billedgalleri frå «Permanenten». Vidare har Rådet gjeve tilsegn om 1,5 mill. kroner til naudsynt restaurering av «Permanenten» og 2 mill. kroner til nybygg for Fiskerimuseet. Arbeidet med nybygg for Bergen Billedgalleri og Stenersensamlinga er i gang og Rådet vil betale ut tilsegnet på 1,5 mill. kroner i 1977.

Oslo Bymuseum. Rådet ga i 1975 tilsegn om 1,2 mill. kroner til å toppfinansiere tilbygg ved Oslo Bymuseum. Byggjeprosjektet som var kalkulert til 6,2 mill. kroner skal omfatte magasin, arkiv, utstillingsrom og bibliotek. Rådet har gjeve lovnad om å betale ut tilsegnet i 1977.

Christiansand Billedgalleri. I 1975 ga Rådet tilsegn om 1 mill. kroner til å toppfinansiere utstillingslokale for Christiansands Kunstforening og Billedgalleri. Eit kombinert bibliotek- og galleribygg som er kalkulert til 21 mill. kroner er under oppføring og lokala for biletkunsten vil gje 900 m². Rådet har gjeve lovnad om å betale ut tilsegnet i 1978.

Haugesund Billedgalleri. I 1975 ga Rådet tilsegn om 1,5 mill. kroner til å reise eit nybygg for Haugesund Kunstforening og Billedgalleri. Bygget var kalkulert til 6 mill. kroner. Rådet sette alt i 1966 av kr. 100 000 til lokale for Haugesund Kunstforening, men lokalproblemet for kunstforeininga vart ikkje løyst. Tilsegnet om 1,5 mill. kroner har Rådet gjeve lovnad om å betale ut i 1977.

Hordamuseet. Sjå merknad side 42.

Sør-Samiske Samlinger i Snåsa. Rådet løyvde i 1975 kr. 250 000 til prosjektarbeid for kulturhus for De Sør-Samiske Samlinger i Snåsa. I samsvar med tilråding frå byggjeutvalet har Rådet gjeve tilsegn om 2 mill. kroner til å føre opp eit sør-samisk kulturhus i Snåsa. Under føresetnad av at teikningar, kostnadsoverslag og finansieringsplan blir lagt fram og godkjende, reknar Rådet med å betale ut 1 mill. kroner i 1977 og 1 mill. kroner i 1978 til å finansiere denne byggjeoppgåva.

Lågdalsmuseet. I 1976 ga Rådet tilsegn om 2 mill. kroner til å reise eldfast museumsbygg kalkulert til om lag 5 mill. kroner. Finansieringa elles er tenkt delt med 2 mill. kroner i tilskott frå fylket og kommunane, og 1 mill. kroner i eigenkapital og lån. Rådet har gjeve lovnad om å betale ut tilsegnet i 1978.

Fredrikshald Teater. Rådet løyvde kr. 400 000 i 1976 til å restaurere og føre opp eit mindre tilbygg og ga tilsegn om ytterlegare kr. 315 000 for 1977. Byggjearbeida vart kalkulert til ialt kr. 1 430 000.

*Finansiering av allmenne kulturbygg:*

Det er Kulturrådet si røynsle at fleire og fleire kommunar no arbeider med planar om å reise allmenne kulturbygg for ulike kulturaktiviteter. I dei siste åra har Rådet fått søknader og førespurnader om tilskott til å oppføre allmenne kulturbygg på ialt 13 stader: Tynset, Ølen, Ørsta, Volda, Bø i Telemark, Notodden, Måløy, Florø, Røros, Arendal, Odda og Vennesla. På alle disse stadene er det planar om å reise kulturbygg som kan gje plass for bibliotek, konsert- og teatersal, kino, utstillingsrom, møte- og festsal, plass for hobbyverksemd, kontor, kafeteria og anna.

Kostnadsoverslaga for slike kulturbygg ligg mellom 5 og 30 mill. kroner, alt etter storleik og romprogram.

Alt i 1972 sa Kulturrådet i brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet frå om at dei store tilskotta frå Kulturfondet til Ibsenhuset i Skien, Førdehuset og Risørhuset såg Rådet på som særlege tilskott for å finne fram til kulturbygg som kunne tene som eksperiment og modellar. For Kulturfondet er det ikkje økonomisk mogleg å følgje opp med tilskott til slike allmenne kulturbygg generelt. Rådet har i sine mange drøftingar med dei kommunane som ynskjer å byggje slike kulturhus sagt frå at dei i åra framover ikkje kan rekne med tilskott frå Kulturfondet. Samstundes har Rådet i 1976 på nytt teke opp heile dette spørsmålet om finansiering av allmenne kulturbygg med Kyrkje- og undervisningsdepartementet i von om at ein kan kome fram til klårare retningsliner for statstilskott. Rådet vil seie seg glad for at departementet no vil setje ned eit kulturbyggutval til å greie ut denne viktige saka.

*Industrireising og kulturreising på Mongstad:*

I samband med industrireisinga på Mongstad vart det i 1972 sett ned eit utval for kulturell utbyggjing i Nordhordland. Med i utvalet var ein representant frå kvar av kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy, ein representant frå Norsk Hydro, ein representant frå Rafinor og formannen i Norsk kulturråd.

Utvalet har kartlagt det kulturelle liv i dei seks Nordhordlandskommunane og utarbeidd eit notat om føresetnader for utbetring og utbyggjing av kulturbygg og møtelokale i sam-

band med industrireisinga på Mongstad. Utvalet har bede alle dei kommunale kulturstyra i Nordhordland om å gje ei vurdering av kulturbyggsituasjonen i kvar kommune saman med eventuelle ynskjer når det gjeld utbetringar og utbyggjing av eksisterande bygningar som vert brukt til kulturverksemd.

Stoggen i industrireisinga på Mongstad i 1975 og uvissa med omsyn til tidsetappane framover har ført til at Mongstadutvalet for kulturell utbyggjing ikkje har funne det rett å kome med konkrete framlegg om kulturelle utbyggjingsprosjekt. Utvalet har istaden lagt fram sitt prinsipielle syn på korleis utbetring av gamle og utbyggjing av nye kulturlokale bør gå føre seg med tanke på brigde i folketalet, busetjing og samferdsel i Nordhordland som fylgje av ei vidare industriutbyggjing på Mongstad. Eit notat frå utvalet fylgjer som vedlegg nr. 7.

## UTVAL, UTGREIINGAR OG PUBLIKASJONAR

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart sett av kr. 720 000 til utval, utgreiingar og publikasjonar, delt slik:

| | | |
|---|---|---|
| Faste utval | kr. | 170 000 |
| Ad hoc utval | » | 200 000 |
| Til rådvelde for andre utval og utgreiingar | » | 220 000 |
| Trykking av publikasjonar | » | 130 000 |
| Til saman | kr. | 720 000 |

I 1976 vart desse midlane betalt ut:

| | | |
|---|---|---|
| Faste utval | kr. | 211 774 |
| Ad hoc utval | » | 196 531 |
| Andre utval og utgreiingar | » | 249 432 |
| Trykking og publikasjonar | » | 170 440 |
| Til saman | kr. | 828 177 |

Overskridinga på til saman kr. 108 177 må Rådet dekkje med innsparte midlar frå tidlegare år.

I 1976 hadde Norsk Kulturråd 18 faste rådgjevande utval og komitéar. Vidare var sju ad hoc utval i arbeid og tre av desse vart ferdige med arbeidet sitt og leverte utgreiingane i 1976: Utvalet for utgreiing av barneteaterverksemnd, Utvalet for registrering av gamle fotografi og Utvalet for tiltak for folkekunst.

I 1976 har Norsk kulturråd trykt desse fem publikasjonane: «Barn og kultur», «Frivillige musikkaktiviteter for barn og ungdom», «Barneteaterarbeid i Norge», «Om kulturpolitikk i fylkene» og «Norsk kulturfond — oppgaver og muligheter».

## ANDRE FORMÅL
### (Generell disposisjon)

Norsk kulturråd set kvart år av ein sum til rådvelde for tiltak som ikkje utan vidare høyrer inn under dei klårt definerte områda: Litteratur, tidsskrift, musikk, biletkunst, kulturvern, kulturbygg eller samisk kultur. Det kan vere tilskott til kulturveker eller seminar av ymse slag, til frie sceniske grupper innan teater eller ballett, og ymse andre tiltak. Dessutan nyttar Rådet denne summen som reserve, om avsetjingane til dei andre sakområda ikkje rekk til. Rådet dekkjer òg utgiftene til eigne tiltak av denne posten, som æresprisen og konferansar som Rådet arrangerer om aktuelle kulturpolitiske spørsmål. I 1976 heldt Kulturrådet ein konferanse i Kristiansand om «kulturpolitikk i fylkene», for representantar frå fylkeskulturstyra, Norske Kommuners Sentralforbund, Statens Ungdomsråd, Statens Idrettsråd, Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Kulturrådet. Rapporten er trykt og send Stortinget. Rådet ville gjerne auke denne avsetjinga, avdi det vert fleire og fleire samarbeidstiltak innan ulike kunstslag, og avdi tiltak som tek sikte på å prøve nye vegar oftast vert registrerte her og må bli drøfta i denne samanhangen.

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart avsett kr. 1 150 000 (1975: 1 000 000). I alt kom det inn 92 søknader som vart registrert under denne avsetjinga (same talet som i 1975) med ein samla søknadssum på kr. 4 722 563 (1975: kr. 2 790 269). Det ser soleis ikkje ut til at overføringsmidlane til kulturarbeid i fylke og kommunar har ført til noko avlasting for Kulturfondet.

Rådet har i 1976 gjeve desse tilskotta:

*Teater:*

| | | |
|---|---|---|
| Samarbeidskomitéen for syngjespelet «Amerikafeber» | kr. | 15 000 |
| AUF Trondheim og Trøndelag Teater: Rudolf Nilsen-turné | » | 5 000 |
| Studio Oscar, avgift til Kringkastingsorkesteret for bruk av lydbandopptak av fjernsynsprogram | » | 25 000 |
| Norsk Teater- og Musikkritikerlag til kritikarprisar | » | 1 000 |
| Dukketeaterverkstedet Arne Mykle til utstyr | » | 40 000 |
| Filiokus Barneteater til utstyr | » | 15 000 |
| Scene 7, 20 framsyningar i Sør-Noreg | » | 40 000 |
| Teater 4 til omsetjing av manus | » | 4 000 |

| | | |
|---|---|---|
| Suttungteatret, videoopptak av Kinck: Den sidste gjest | kr. | 10 000 |
| Maridalspillet, ombygging av stabbur | » | 10 000 |
| | kr. | 165 000 |

*Ballett:*

| | | |
|---|---|---|
| Norsk Ballettforbund, sumarkurs | kr. | 40 000 |
| Studio Oscar, produksjon av ballettframsyningar for turne | » | 60 000 |
| | kr. | 100 000 |

*Film:* (Fri kunstnarleg kortfilm)

| | | |
|---|---|---|
| Marco Ponnaggi: Dualisme I og II | kr. | 151 200 |
| Jan Olav Bryjulfsen m. fl.: Kortfilm om skulptur, ballett og samarbeidsformer | » | 126 400 |
| Norsk Filmkritikerlag, filmkritikarprisen | » | 1 000 |
| | kr. | 278 600 |

*Seminar, kurs, kulturkonferansar osb.:*

| | | |
|---|---|---|
| Norsk Arbeidsmandsforbund og AOF: «Bergmannsdagene 1976» i Røros | kr. | 65 000 |
| Norsk Museumspedagogisk Forening til konferanse om Barn og museum og trykking av rapport | » | 24 000 |
| Østlandske Lærerstevne til utstilling om barn og kultur | » | 7 800 |
| Norsk Interiørarkitekters Landsforenings Bergensavdeling, til seminar om innreiing av musé | » | 4 000 |
| Noregs Bygdeungdomslag, kurs i Surnadal | » | 15 000 |
| Noregs Ungdomslag, jubileumsfestmøte Olav Duun i Oslo | » | 8 000 |
| Vi Vil Festivalen 1976. Psykisk utviklingshemma frå 50 institusjonar, framsyningar og utstillingar | » | 30 000 |
| Festspillene i Nord-Norge og Nordnorsk Kulturråd til seminar om «Praktisk kultursamarbeid på Nordkalotten» | » | 8 000 |
| | kr. | 161 800 |

*Andre tiltak:*

| | | |
|---|---|---|
| Førde kommune til kunstnarleg innslag ved opninga av Førdehuset | kr. | 60 000 |
| Komitéen for minneåret 1977. Minnehøgtid i samband med minnetiltak for slaget på Re i 1177 | » | 9 000 |
| Småbarns Vel, Bergen, trykking av innsamla «inn-til-vegge»-leiker | kr. | 20 000 |
| Arkitektfirma CUBUS: Kunstnarleg utforming av Loddefjord-Vadmyra | » | 30 000 |
| | kr. | 119 000 |

*Kulturrådets eigne tiltak:*

| | | |
|---|---|---|
| Ærespris til Sigbjørn Bernhoft Osa | kr. | 25 000 |
| Norsk kulturråds konferanse i Kristiansand om kulturpolitikk i fylka | » | 60 000 |
| | kr. | 85 000 |

**Suppleringstilskott**

*Litteratur:*

| | | |
|---|---|---|
| Aschehoug: Norsk Teaterårbok | kr. | 20 000 |
| Tanum-Nordli: Ny utgjeving av Olav Duun: Juvikfolke | » | 18 000 |
| Den norske Forfatterforening, forfattarseminar | » | 35 000 |
| Cappelen: Vi spiller og synger med Margrethe Munthe | » | 14 000 |
| Gyldendal: Nyutgjeving av C. Schøyen: Tre stammers møte | » | 15 000 |
| Aschehoug: Nyutgjeving av Ingeborg Refling Hagen: Livsfrisen | » | 20 000 |
| Norsk Folkeminnelag: Utgjeving av Richard Bergh: Skuanvarri (Det susande fjell) tilleggsløyving | » | 5 000 |
| Kari Pålsrud til nordnorsk antologi | » | 15 000 |
| Honorarrefusjonar for ny norsk dramatikk på norske teater: | | |
| Nationaltheatret/A. Kolstad: Unger i veien | » | 5 000 |
| Nationaltheatret/A. Skouen: Ballerina | » | 10 000 |
| Oslo Nye Teater/O. Paus: Tivoliliv og B. Halle: Mysterier | » | 10 000 |
| Rogaland Teater/A. Hauge: Morten Kruse | » | 5 000 |
| Rogaland Teater/S. Udnes: I dette hvite lyset | » | 10 000 |
| | kr. | 182 000 |

*Biletkunst og kunsthandverk:*

| | | |
|---|---|---|
| Forbundet Frie Fotografer, Vårutstilling 76 | kr. | 5 000 |
| Seljord Kunstforening, Seljordutstillinga 76 | » | 15 000 |
| Grong kommune, to kunstmapper til Olav Duun-jubileet | » | 3 200 |

| | | |
|---|---|---|
| Tegnerforbundet, jubileumsutstilling (tilleggsløyving) | kr. | 4 425 |
| Inge Rotevatn, til katalog til utstilling i Eid av målarstykke av W. H. Singer | » | 5 000 |
| | kr. | 32 625 |

*Kulturvern:*

| | | |
|---|---|---|
| Kunstindustrimuséet, kjøp av restparti lin | kr. | 5 390 |
| Vadsø kommune, materiale til restaurering av Esbensengarden | » | 15 000 |
| | kr. | 20 390 |

Til saman brukt til Andre formål kr. 1 144 415

## Kap. IV. Administrasjon

I meldingsperioden har personalet i administrasjonen vore desse:

Administrerende direktør Ingeborg Lyche
Kontorsjef Hans Stokland
Konsulent Guttorm Grønningsæter
Konsulent Torkild Alsvik
Konsulent Egil Sinding-Larsen
Konsulent Karin Bakken (3/5 stilling)
Konsulent Johan Klemet Kalstad (2/5 stilling frå 1. september)
Førstesekretær Berit Weyer Larsen
Administrasjonssekretær Marit Øvrebø
Bokholdar/kasserar Kari Hilden
Arkivar Irene Braarud
Kontorfullmektig Unni Furunes (3/5 stilling til 1. desember)
Kontorfullmektig Inger Steen Nilsen (3/5 stilling)
Kontorfullmektig Reidun Pedersen (3/5 stilling frå 1. desember)

Norsk kulturråd har tolv fast organiserte stillingar. I tillegg har Rådet nytta omfram hjelp til arbeid med maskinskriving og rekneskap.

I fråsegna til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 1. desember 1976 om den framtidige organisasjon av kultursaker har Norsk kulturråd gjort greie for arbeidssituasjonen i administrasjonen. Fråsegna følgjer som vedlegg nr. 9.

Norsk kulturråd meiner framleis at det er naudsynt å styrkje den administrative kapasiteten, men har ikkje funne det rett å gjere konkrete framlegg om nye stillingar i administrasjonen før Kyrkje- og undervisningsdepartementet har avgjort kva for nye arbeidsoppgåver som vil bli lagt til Norsk kulturråd.

Ved kongeleg resolusjon av 20. februar 1976 vart sett av kr. 1 700 000 til administrasjon, delt slik:

| | | |
|---|---|---|
| Løner | kr. | 1 270 000 |
| Inventar og utstyr | » | 30 000 |
| Andre utgifter | » | 400 000 |
| Til saman | kr. | 1 700 000 |

Rekneskapen for 1976 syner desse tala:

| | | |
|---|---|---|
| Løner | kr. | 1 287 786 |
| Inventar og utstyr | » | 9 090 |
| Andre utgifter | » | 465 503 |
| | kr. | 1 762 379 |

Overskridinga på kr. 62 379 må Rådet dekkje med innsparte midler frå tidlegare år.

# Kap. V. Økonomisk samandrag. Fylkesoversyn.

**Litteratur.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur | 7 000 000 | 8 988 000 |
| Barne- og ungdomslitteratur | 690 000 | 690 000 |
| Nyutgjeving av eldre norsk litteratur | 200 000 | 200 000 |
| Essayistikk | 150 000 | 150 000 |
| Verdfulle omsetjingar | 170 000 | 170 000 |
| Arbeid for norsk litteratur i utlandet | 120 000 | 113 555 |
| Litterære prisar | 20 000 | 16 000 |
| Nynorsk litteratur | 600 000 | 610 800 |
| Til rådvelde | 300 000 | 299 223 |
| Overskriding | 1 987 578 | |
| | 11 237 578 | 11 237 578 |

**Tidsskrift.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Avsett ved kgl. res. | 600 000 | |
| Tilskott gitt | | 590 395 |
| Attende til Fondet | | 9 605 |
| | 600 000 | 600 000 |

**Musikk.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Prøveordning for musikklivet i Nord-Noreg | 1 040 000 | 1 040 000 |
| Norsk Musikkskuleråd til undervisning i musikkskular | 50 000 | 50 000 |
| Musikkhøgskulen til leige av elektronisk studio | 75 000 | 75 000 |
| Utgjeving av Griegverk | 100 000 | 100 000 |
| Kjøp av instrument | 120 000 | 120 000 |
| Tiltak for folkemusikk og folkedans | 285 000 | 285 000 |
| Musikkpris | 15 000 | 15 000 |
| Innspeling av verk av nolevande norske komponistar | 350 000 | 350 000 |
| Utgjeving av klassisk norsk musikk på LP-plater | 400 000 | 400 000 |
| Utgjeving av klassisk norsk musikk som noter | 50 000 | 50 000 |
| Til rådvelde | 315 000 | 315 000 |
| | 2 800 000 | 2 800 000 |

**Biletkunst og kunsthandverk.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Bildende Kunstneres Forening i Bergen til prøveverksemd med vandreutstillingar | 85 000 | 85 000 |
| Norske Kunsthåndverkere til prøveverksemd med formidlingssentral | 150 000 | 150 000 |
| Henie-Onstad Kunstsenter til kjøp av skulptur av Henry Moore | 100 000 | 100 000 |
| Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg | 2 250 000 | 2 250 000 |
| Kjøp av samtidskunst | 330 000 | 330 000 |
| Stønad til debuterande kunstnarar | 170 000 | 170 000 |
| Nye midlar til Materialfondet | 100 000 | 100 000 |
| Til rådvelde | 1 265 000 | 1 265 000 |
| | 4 450 000 | 4 450 000 |

**Kulturvern.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Tilskott gitt ved kgl. res. til tiltak ved dei kulturhistoriske musea | 531 500 | 531 500 |
| Tilskott gitt ved kgl. res. til berging av hus, anlegg og miljø | 540 500 | 540 500 |
| Tilskott gitt ved kgl. res. til fornminnetiltak | 207 000 | 207 000 |
| Registrering av faste kulturminne | 635 000 | 635 000 |
| Pris for lokalhistorie | 15 000 | 15 000 |
| Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea | 368 000 | 368 000 |
| Til berging av verdfulle hus, anlegg og miljø | 460 000 | 460 000 |
| Lokalhistoriske tiltak | 220 000 | 220 000 |
| Konserveringstiltak | 150 000 | 150 000 |
| Til rådvelde for andre kulturvernformål | 373 000 | 373 000 |
| | 3 500 000 | 3 500 000 |

**Kulturbygg.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Tilskott gitt ved kgl. res. til særleg nemnde tiltak | 7 500 000 | 7 500 000 |
| Til rådvelde for andre | | |

| | | |
|---|---|---|
| byggetiltak | 1 700 000 | 1 673 000 |
| Attende til Fondet | | 27 000 |
| | 9 200 000 | 9 200 000 |

**Samisk kultur.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Samisk litteratur | 260 000 | 260 000 |
| Samisk kunst og kunsthandverk | 80 000 | 80 000 |
| Samisk musikk | 100 000 | 100 000 |
| Til rådvelde for andre samiske kulturtiltak | 190 000 | 190 000 |
| | 630 000 | 630 000 |

**Andre føremål.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Avsett ved kgl. res. | 1 150 000 | 165 000 |
| Ballettføremål | | 100 000 |
| Filmtiltak | | 278 600 |
| Seminar og kurs | | 161 800 |
| Andre tiltak | | 119 000 |
| Kulturrådets eigne tiltak | | 85 000 |
| Litteratur — suppleringstilskott | | 182 000 |
| Biletkunst — suppleringstilskott | | 32 625 |
| Kulturvern — suppleringstilskott | | 20 390 |
| Kulturvern — suppleringstilskott | | 20 390 |
| Attende til Fondet | | 5 585 |
| | 1 150 000 | 1 150 000 |

**Utval og utgreiingar.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Faste utval | 170 000 | 211 774 |
| Ad hoc utval | 200 000 | 196 531 |
| Andre utval og utgreiingar | 220 000 | 249 432 |
| Trykking av publikasjonar | 130 000 | 170 440 |
| Overskriding | 180 177 | |
| | 828 177 | 828 177 |

**Administrasjon.**

| | Budsjett | Brukt |
|---|---|---|
| Løner | 1 270 000 | 1 287 786 |
| Inventar og utstyr | 30 000 | 9 090 |
| Andre kontorutgifter | 400 000 | 465 503 |
| Overskriding | 62 379 | |
| | 1 762 379 | 1 762 379 |

## FYLKESOVERSYN

Ein stor del av tilskotta frå Norsk kulturfond går til tiltak som gjeld heile landet. Nær på alle større tiltak for litteratur må kallast landsomfattande tiltak som ikkje kan knytast til nokon særskild landsdel. Innan musikken gjeld mange av dei største tiltaka heile landet. Stønad til samisk kultur bør og reknast som ei nasjonal oppgåve som ein ikkje kan seie høyrer heime berre i Nord-Noreg.

Følgjande oversyn viser at til saman om lag 18 mill. kroner av den samla løyvinga på 34 mill. kroner vart brukt til landsomfattande tiltak, utgreiingar og administrasjon.

| | | |
|---|---|---|
| Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur | kr. | 7 000 000 |
| Barne- og ungdomslitteratur | » | 690 000 |
| Stønad til nynorsk litteratur | » | 610 000 |
| Andre litteraturtiltak | » | 949 500 |
| Innspelingar og utgjeving av norsk musikk | » | 800 000 |
| Arbeid for norsk folkemusikk og folkedans | » | 285 000 |
| Andre landsomfattande musikktiltak | » | 440 000 |
| Kjøp av norsk samtidskunst | » | 330 000 |
| Stønad til debuterande kunstnarar | » | 170 000 |
| Andre landsomfattande biletkunsttiltak | » | 655 000 |
| Filmtiltak | » | 278 600 |
| Teater- og ballett-tiltak | » | 265 000 |
| Registrering av faste kulturminne | » | 635 000 |
| Andre landsomfattande kulturverntiltak | » | 73 500 |
| Tidsskrift | » | 590 400 |
| Samisk kultur | » | 630 000 |
| Andre kulturtiltak | » | 982 000 |
| Utgreiingar og publikasjonar | » | 828 200 |
| Administrasjon | » | 1 762 400 |
| Til saman | kr. | 17 975 400 |

Resten av kulturfondsmidlane for 1976, om lag 16 mill. kroner, deler seg slik på fylka:

**Østfold**

| | | |
|---|---|---|
| Hobøl og Spydeberg ungdomsskole, utsmykking | kr. | 8 500 |
| Indre Østfold videregående skole, Mysen, utsmykking | » | 50 000 |
| Heggin videregående skole, utsmykking | » | 20 000 |
| Østfold sykepleierskole, Fredrikstad, utsmykking | » | 50 000 |
| Fredrikstad Sentralsjukehus, utsmykking | » | 12 500 |

| | | |
|---|---|---|
| Rømskog herredshus, utsmykking | kr. | 50 000 |
| Galleri F 15, utstilling og seminar | » | 34 500 |
| Norsk Internasjonal Grafikk Biennale i Fredrikstad | » | 20 000 |
| Fylkeskonservatoren i Østfold, utgreiing | » | 20 000 |
| Fredrikshald Teater, tilbygg | » | 400 000 |
| | kr. | 665 500 |

**Akershus**

| | | |
|---|---|---|
| Oppegård videregående skole, utsmykking | kr. | 50 000 |
| Feiring skole, utsmykking | » | 7 500 |
| Follo Folkehøgskole, utsmykking | » | 50 000 |
| Haga jordbruksskole, utsmykking | » | 40 000 |
| Nittedal ungdomsskole, utsmykking | » | 20 000 |
| Lurud psykiatriske sjukeheim, utsmykking | » | 65 000 |
| Monument av Lauritz Bergendahl i Sørkedalen | » | 6 000 |
| Monument av Camilla Collett på Eidsvoll | » | 50 000 |
| Henie-Onstad Kunstsenter, kjøp av skulptur | » | 100 000 |
| Årboka «Follominne» | » | 3 000 |
| Årbok for Asker og Bærum Historielag | » | 3 000 |
| Årbok for Røyken Historielag | » | 2 000 |
| Hurdal Historielag, prenting av dagbok | » | 3 000 |
| Feiring kyrkje, konservering | » | 6 000 |
| Tanum kyrkje, konservering | » | 4 000 |
| Våler kyrkje, restaurering | » | 8 000 |
| | kr. | 417 500 |

**Oslo**

| | | |
|---|---|---|
| Oslo Kammerorkester, cembalo | kr. | 5 000 |
| Studentorkestret i Oslo, kontrabass | » | 1 000 |
| KFUM-Orkestret «Arioso», pauker | » | 4 000 |
| Club 7/Oslo AOF, seminar | » | 10 000 |
| Laget f. folkemusikk i Oslo, innsamling av norske folkedanser | » | 8 000 |
| Jacqueline Ekgren, vokal folkemusikk | » | 4 000 |
| Oslo Organistforening, komponistkonkurranse | » | 18 000 |
| Filharmonisk Selskaps Orkester, tingingsverk | » | 20 000 |
| Universitetet i Oslo, utsmykking | » | 60 000 |
| Veterinærinstituttet, utsmykking | kr. | 40 000 |
| Oslo Tinghus, utsmykking | » | 38 000 |
| Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen, utsmykking | » | 15 450 |
| Berg Gymnas, utsmykking | » | 10 000 |
| Det Norske Radiumhospital, utsmykking | » | 25 000 |
| Oslo Hospital, monument av Johan Scharffenberg | » | 10 000 |
| Tegnerforbundet, utstilling | » | 72 575 |
| Unge Kunstneres Samfund, utstillinger | » | 23 300 |
| Nora/Gras, djuptrykkpresse | » | 25 000 |
| Verkstedutsalget, etableringsutstyr | » | 9 000 |
| Fellesverkstad for tekstilkunstnarar i UKS og NK | » | 23 000 |
| Frysja Senter, avtrekksvifte for grafikkverkstad | » | 3 000 |
| Norske Grafikere, utstillingsutstyr | » | 4 500 |
| Nasjonalgalleriet, kjøp av målarstykke av Ludvig Karsten | » | 70 000 |
| Kunstindustrimuseet i Oslo, jubileumsgåve | » | 15 000 |
| Bildende Kunstneres Styre, konferanse | » | 8 000 |
| Lokaltrafikkhistorisk forening, restaurering av Holmenkollvogn | » | 11 000 |
| Universitetets Oldsaksamling, restaurering av Klåstad-skipet | » | 25 000 |
| Norsk Veteranskipsklubb, Børøysund | » | 50 000 |
| Norsk Sjøfartsmuseum, skonnerten «Svanen» | » | 25 000 |
| Seilskøyteklubben Colin Archer | » | 30 000 |
| Oslo Konserthus A/S | » | 1 500 000 |
| Norsk Sjøfartsmuseum, bibliotekmagasin | » | 100 000 |
| | kr. | 2 262 825 |

**Oppland**

| | | |
|---|---|---|
| Jevnaker kulturnemnd, flygel | kr. | 6 000 |
| Lillehammer Byorkester, obo | » | 3 000 |
| Furuleiken Dansarlag, innsamling av dansetradisjoner | » | 4 500 |
| Øverby Ungdomsskole, Gjøvik, utsmykking | » | 55 000 |
| Valdres Folkemuseum, flytting av Jonsheggebygnaden | » | 50 000 |
| Årbok for Valdres Historielag | » | 6 000 |
| Årbok for Hadeland | » | 3 000 |
| Valdres Bygdeboknemnd, bygdebok | » | 6 000 |
| Skjåk kyrkje, konservering av målarstykke | » | 3 000 |
| | kr. | 136 500 |

**Hedmark**

| | | |
|---|---|---|
| Norsk Skogbruksmuseum, Elverum, flygel | kr. | 4 000 |
| Brumunddal Orkesterforening, pauker | » | 4 000 |
| Kongsvinger Orkesterforening, fagott | » | 3 000 |
| Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund, notebibliotek | » | 10 000 |
| Festspela i Elverum | » | 15 000 |
| Statens gartner- og blomsterdekoratørskole, Vea, utsmykking | » | 27 000 |
| Fylkessjukehuset i Kongsvinger, utsmykking | » | 35 000 |
| Elverum Fylkessjukehus, utsmykking | » | 30 000 |
| Eidskog herredshus, utsmykking | » | 23 000 |
| Monument av Ingeborg Refling Hagen i Stange rådhus | » | 15 000 |
| Brukskunstverkstadene, Elverum, utstyr og innreiing | » | 25 000 |
| Trysil Bygdetun, oppsetjing av seter | » | 30 000 |
| Hedmarksmuseet, konservering av domkyrkjeruinane | » | 50 000 |
| Årbok for Glåmdalen | » | 8 000 |
| Årboka Gamalt frå Stange og Romedal | » | 4 000 |
| Årbok for Toten Historielag | » | 3 000 |
| Solør-Odal Historielag, bok om Finnskogen | » | 20 000 |
| Hedmark Historielag, seminar i 1977 | » | 2 800 |
| Glomdalsmuseet, bibliotekinnreiing | » | 100 000 |
| Hamar kommune, utbedring av Kirkegt. 12 | » | 23 000 |
| | kr. | 431 800 |

**Buskerud**

| | | |
|---|---|---|
| Lier Salongorkester, flygel | kr. | 5 000 |
| Sokna skule, piano | » | 3 000 |
| Hallingdal yrkesskule, flygel | » | 1 000 |
| Kongsberg Jazzfestival, tingingsverk | » | 15 000 |
| Drammens Museum, utstyr | » | 30 000 |
| Ringerike Museum, heimestyrkemuseum | » | 45 000 |
| Modum Blaafarveværk, restaurering | » | 75 000 |
| Hallingdal Folkemuseum, oppsetjing husmannsstove | » | 21 000 |
| Årboka «Dølaminne» | » | 3 500 |
| | kr. | 198 500 |

**Vestfold**

| | | |
|---|---|---|
| Andebu ungdomsskole, utsmykking | kr. | 4 000 |
| Borre kommune, utsmykking | » | 10 000 |
| Sande rådhus, utsmykking | » | 6 000 |
| Vestfold Bildende Kunstnere, utstilling | » | 20 000 |
| Stokke bibliotek, kjøp av grafikk | » | 10 000 |
| Vestfold Fylkesmuseum, innreiing av bibliotek | » | 8 500 |
| Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, berging av Sande gamle prestegård | » | 50 000 |
| Tjølling kyrkje, konservering | » | 6 000 |
| A/S Jubileumsskipet Kysten I, Tønsberg | » | 50 000 |
| Horten Kunstforening, restaurering | » | 170 000 |
| Citadelløya v/Bildende Kunstneres Styre, ombygging | » | 65 000 |
| | kr. | 399 500 |

**Telemark**

| | | |
|---|---|---|
| Hanne og Knut Buen, innsamling av folkemusikk | kr. | 8 000 |
| Monument av Rikard Berge i Rauland | » | 10 000 |
| Rauland Bygdelag, utstillingsutstyr | » | 10 000 |
| Bildende Kunstnere Telemark, grafikkverkstad | » | 40 000 |
| Sannidal Historielag, flytting av hus | » | 65 000 |
| Berg-Kragerø Museum, flytting av sjøbu | » | 15 000 |
| Heddal og Notodden Museumslag, oppsetjing av stølsbu | » | 19 000 |
| Rauland kyrkje, konservering | » | 6 000 |
| Atrå kyrkje, konservering | » | 2 000 |
| | kr. | 175 000 |

**Aust-Agder**

| | | |
|---|---|---|
| Aust-Agder fylkesbibliotek, piano | kr. | 3 000 |
| Risør Orkesterforening, A-klarinett | » | 2 000 |
| Aust-Agder hjelpepleierskole, utsmykking | » | 15 000 |
| Monument av Jørgen Løvland i Evje | » | 7 000 |
| Ibsenhuset og Grimstad Bymuseum, Munch-utstilling | » | 25 000 |
| Tvedestrand Maler- og Brukskunstforening, utstillingsutstyr | » | 5 000 |
| Tyholmen i Arendal, berging av fire hus | » | 187 000 |

| | | |
|---|---|---|
| Flosta kyrkje, restaurering | kr. | 10 000 |
| Avdekjing av 1700-tals veggdekorasjonar i Vrengen, Øyestad | » | 5 000 |
| Rådhusets Venner, Tvedestrand, konservering | » | 5 000 |
| Aust-Agder Museet, konservering | » | 5 000 |
| Kulturhus i Risør | » | 1 500 000 |
| | kr. | 1 769 500 |

**Vest-Agder**

| | | |
|---|---|---|
| Agder Kunsthåndverkere, utstilling | kr. | 50 000 |
| Mandal Kunstforening, utstyr | » | 2 500 |
| Vest-Agder Fylkesmuseum, utstillingshall | » | 50 000 |
| Penne, Lista, fornminnefelt | » | 50 000 |
| | kr. | 178 500 |

**Rogaland**

| | | |
|---|---|---|
| «Soknatun» Hauge i Dalane, flygel | kr. | 6 000 |
| Egersund Menighetsråd, flygel | » | 3 000 |
| Suldal kommune, utsmykking | » | 25 000 |
| Bildende Kunstneres Forening, Stavanger, utstillingsutstyr | » | 15 000 |
| Norske Kunsthåndverkeres Rogalandgruppe, utstyr | » | 2 500 |
| Stavanger Faste Galleri, utstilling | » | 10 000 |
| Bildende Kunstneres Forening, Stavanger, seminar | » | 43 000 |
| Stavanger Museum, restaurering | » | 40 500 |
| Sørheim, Laland, Klepp, fornminnefelt | » | 18 000 |
| Ritland, Suldal, fornminnefelt | » | 5 000 |
| Skadberg, Eigersund, fornminnefelt | » | 11 000 |
| Haugesund Museum, restaurering | » | 10 000 |
| Stavanger havnevesen, fortidsminne | » | 25 000 |
| Årboka Ætt og Heim | » | 6 000 |
| Ogna kyrkje, konservering | » | 5 000 |
| Sjøspeiderne i Sandnes, berging av losskøyta «Nordsjø» | » | 10 000 |
| | kr. | 235 000 |

**Hordaland**

| | | |
|---|---|---|
| Voss Husflidsskule, utsmykking | kr. | 8 400 |
| Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, restaurering av Ole Bulls Lysøen | » | 80 000 |
| Odda kommune, utgreiing om berging av det gamle rådhuset | kr. | 30 000 |
| Granvin kyrkje, konservering | » | 3 000 |
| Lygra kyrkje, konservering | » | 2 000 |
| Sunnhordland Folkemuseum, tilbygg | » | 175 000 |
| Kulturhus på Stord | » | 1 000 000 |
| Hordamuseet, ildfast museumsbygg | » | 1 000 000 |
| | kr. | 2 298 400 |

**Bergen**

| | | |
|---|---|---|
| Festspela i Bergen, tingingsverk | kr. | 25 000 |
| Bildende Kunstneres Forening i Bergen, vandreutstillingar | » | 85 000 |
| Univ. i Bergen, utsmykking | » | 200 000 |
| Bergen off. lærerskole, utsmykking | » | 6 000 |
| Utstillingen «Samliv» i Bergen Kunstforening | » | 30 000 |
| Embla Grafikerverkstad i Bergen | » | 25 000 |
| Gamle Bergen, innreiing av tekstilmagasin | » | 34 000 |
| Vestlandske Kunstindustrimuseum, papirkonservering | » | 25 000 |
| Statsarkivet i Bergen, EDB-registrering av emigrantprotokollar | » | 17 500 |
| Univ. i Bergen, lokalisering av Gulatingstaden | » | 9 887 |
| Tekniske Museum, Bergen, magasinbygg | » | 100 000 |
| | kr. | 557 387 |

**Sogn og Fjordane**

| | | |
|---|---|---|
| Høyanger ungdomsskule, utsmykking | kr. | 5 000 |
| Askvoll kulturvernnemnd, istandsetjing av fiskarhus | » | 10 000 |
| Årbok for Nordfjord | » | 4 000 |
| Årbok for Historielaget for Sogn | » | 6 000 |
| Førdehuset | » | 2 200 000 |
| | kr. | 2 225 000 |

**Møre og Romsdal**

| | | |
|---|---|---|
| Samlingshuset Fredtun, Gjerdsvika, piano | kr. | 3 000 |
| Smøla kulturstyre, Innsmøla, flygel | » | 6 000 |
| Vågan barne- og ungdomsskole, Gurskebotn, piano | » | 3 000 |
| Ålesund Gymnas, utsmykking | » | 40 000 |
| Ålesund Maritime Skole, utsmykking | » | 9 000 |

| | | |
|---|---|---|
| Soføy skole, utsmykking | kr. | 4 000 |
| «Hellandheimen», utsmykking | » | 12 500 |
| Sande trygdekontor, Larsnes, utsmykking | » | 4 000 |
| Ålesund Kunstskole, grafikkpresse | » | 10 000 |
| Romsdalsmuseet, flytting av «Påskhella» | » | 106 000 |
| Rindal Museumsnemnd, flytting av husmannsplass | » | 60 000 |
| Borgundkaupangens Venner, berging av årestuekompleks | » | 68 000 |
| Løsetstranda, Gurskøy, fornminnefelt | » | 14 000 |
| Rasmus Løvøy, berging av Oksnøystova | » | 20 000 |
| Årbok for Sunnmøre Historielag | » | 3 000 |
| Hareid kyrkje, konservering | » | 15 000 |
| Veøy kyrkje, restaurering | » | 20 000 |
| Nordmøre Museum, publikasjon | » | 5 000 |
| Austefjord Museumslag, tilbygg | » | 210 000 |
| Aalesund Kunstforening, innreiing | » | 40 000 |
| Kulturhus i Molde | » | 300 000 |
| | kr. | 952 500 |

**Sør-Trøndelag**

| | | |
|---|---|---|
| Bjugnhallen, Bjugn, flygel | kr. | 6 000 |
| A/L Hemne Samfunnshus, Kyrkjesæterøra, flygel | » | 6 000 |
| Musikkselskapet «Fossegrimen», Bjugn, paukar | » | 4 000 |
| Trondheim kommunale musikkskole, tingingsverk | » | 10 000 |
| Trondheim og Uttrøndelag politikammer, utsmykking | » | 10 000 |
| Det Apostoliske Vikariat Mellom-Norge, utsmykking | » | 15 000 |
| Kunstskolen i Trondheim, undervisningsutstyr | » | 40 000 |
| Trøndelag Bildende Kunstnere, etablering av Galleri Hornemann | » | 30 000 |
| Trondhjems Kunstforening, kjøp av kunstverk | » | 12 000 |
| Folkemuseet for Trondheim og Trøndelag, konserveringsverkstad | » | 20 000 |
| Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum, tekstilkonservering | » | 35 000 |
| Haanshuusgården, Soknedal, restaurering | » | 30 000 |
| Røros Antikvariske Verkstad, spesialprofiljern | » | 40 000 |
| Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, berging av klosterruinar og stavkyrkjer | » | 150 000 |
| Årbok for Trøndelag | kr. | 5 500 |
| Årboka «Gauldalsminne» | » | 4 500 |
| Åfjord kulturstyre, prenting av bok om fortidsminne | » | 4 000 |
| Ringve Museum, hydraulisk heis | » | 50 000 |
| Trøndelag Teater, arkitektutkast | » | 25 000 |
| | kr. | 497 000 |

**Nord-Trøndelag**

| | | |
|---|---|---|
| Namsos Menighetsråd, flygel | kr. | 6 000 |
| Snåsa Orkesterforening, instrument | » | 4 000 |
| Røysing skole, utsmykking | » | 2 500 |
| Innherrad sjukehus, utsmykking | » | 20 000 |
| «Lekatua», utsmykking | » | 10 000 |
| Namsos Kunstforening, kjøp av målarstykke | » | 15 000 |
| Kvebrend, Lierne, fornminnefelt | » | 30 000 |
| Verdal Museum, flytting av smie og tørkehus | » | 30 000 |
| Nord-Trøndelag Historielag, stadnamnkurs | » | 2 000 |
| Jemtsk-trøndsk historikarmøte i Levanger | » | 3 400 |
| Grong kyrkje, konservering | » | 10 000 |
| | kr. | 132 900 |

**Nordland**

| | | |
|---|---|---|
| Ballstad blanda kor, piano | kr. | 3 000 |
| Mosjøen Orkesterforening, obo | » | 3 000 |
| Stokmarknes gymnas, utsmykking | » | 30 000 |
| Sømna sentralskole, utsmykking | » | 10 000 |
| Rana Sjukehus, utsmykking | » | 15 000 |
| Åsvar Tangrand, verkstadutstyr | » | 10 000 |
| Mosjøen kommune, berging av Sjøgata-miljøet | » | 50 000 |
| Bakkan-Slettan, Andøy, fornminnefelt | » | 12 000 |
| Saltdal kommune, bygdetun | » | 33 000 |
| Hamarøy kulturnemnd, kultursenter | » | 80 000 |
| Rana Bygdemuseum, flytting av fjøs | » | 45 000 |
| Nusfjord Vel, restaurering | » | 80 000 |
| Værøy prestegard, istandsetjing | » | 50 000 |
| Årbok for Helgeland | » | 6 500 |
| Årboka «Hofdasegl» | » | 2 500 |
| Værøy Bygdeboknemnd, «Øyfolket I» | » | 10 000 |
| Røst kyrkje, konservering | » | 20 000 |
| Vega kyrkje, konservering | » | 10 000 |
| Melbu Hovudgard, restaurering | » | 5 000 |
| Velfjord kyrkje, konservering | » | 10 000 |

| | | |
|---|---|---|
| Foreningen til bevaring av eldre bruksbåter, Brønnøysund, berging av åttring | kr. | 2 500 |
| Berging av stabbur ved Guldeskål prestegård | » | 4 500 |
| Kunstnerhuset i Svolvær, utbedring | » | 120 000 |
| | kr. | 634 300 |

**Troms**

| | | |
|---|---|---|
| Lenvik kulturnemnd, konsertinstrument | kr. | 8 000 |
| Vesterfjell Grendahus A/L, Troms, flygel | » | 6 000 |
| Musikkens Venner, Harstad, flygel | » | 5 000 |
| Festspela i Nord-Trøndelag, tingingsverk | » | 10 000 |
| Sørreisa og Dyrøy sykehjem, utsmykking | » | 30 000 |
| Harstad sykehus, utsmykking | » | 120 000 |
| Furustua Andelslag, Furuflaten, utsmykking | » | 10 000 |
| Evenes sjukeheim og bygdeheim, utsmykking | » | 10 000 |
| Evenes flystasjon, utsmykking | » | 15 000 |
| Monument over omkomne fiskarar på Stanglandet | » | 15 000 |
| Atelier Vesterålen, verkstadutstyr | » | 20 000 |
| Tromsø Kunstforening, kjøp av lysbilete | » | 5 000 |
| Legatet Straumhella, Tromsø, berging av Nordskolen | » | 50 000 |
| Kurs for museumsleiarar v/Festspela i Nord-Noreg | » | 5 000 |
| Årboka Håløygminne | » | 4 800 |
| Årbok for Senja | kr. | 5 000 |
| Tranøy Bygdeboknemnd, prenting av kjeldeskrift | » | 4 000 |
| Manndalen Husflidslag, Samuelsberg, husflidshus | » | 25 000 |
| | kr. | 347 800 |

**Finnmark**

| | | |
|---|---|---|
| Finnmark Symfoniorkester, obo, fagott | kr. | 4 000 |
| Lakselv Daghjem, utsmykking | » | 10 000 |
| Båtsfjord Menighetsråd, utsmykking | » | 4 000 |
| Vandreutstilling av keramikk | » | 20 000 |
| Svanvik Folkehøgskole, utsmykking | » | 10 000 |
| Mortensnes, Varanger, fornminnefelt | » | 10 000 |
| Sør-Varanger Museum, restaurering | » | 22 000 |
| Alta Historielag, seminar | » | 10 000 |
| | kr. | 90 000 |

**Regionale kulturtiltak i Nord-Noreg**

| | | |
|---|---|---|
| Prøveordninga for musikklivet i Nord-Noreg | kr. | 1 040 000 |
| Nordnorsk musikkråd, konferanse | » | 5 000 |
| Samarbeidskomitéen for kunstforeningene i Nord-Noreg, utstilling | » | 15 000 |
| Nordnorske Bildende Kunstnere | » | 10 000 |
| | kr. | 1 070 000 |

Oslo, 24. mars 1977.

*Hartvig Kiran*

*Ingeborg Lyche*

Vedlegg 1.

# Liste over dei bøkene som kom med under innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur 1976.

**Romanar, noveller o. l.**

Alnæs, Finn: Naturkatedral (Asch.)
Alnæs, Karsten: Felttoget (Asch.)
Alsvik, Hans Chr.: Hundlort og fiken (Cap.)
Askildsen, Kjell: Hverdag (Asch.)
Asmervik, Sverre: Skilt (Asch.)
Bakkan, Engvald: Ei kvern som mel (Gyld.)
Bang, Elisabeth: Vel møtt, lille fremtid (Dreyer)
Bareksten, Tore G.: Gnomen forteller (Gyld.)
Berg, Arnljot: Rop over broen (Gyld.)
Birkeland, Kirsti: Fruktene (Solum)
Bjørnstad, Ketil: Pavane (Asch.)
Borg, Victor: Kameleon på lappeteppe (Elingaard)
Bringsværd, Tor Åge: Syvsoverskens dystre frokost (Gyld.)
Breien, Hans: Eventyr for voksne og barn (Alt. bokklubb)
Briseid, Audun: Steinsmelting (Cap.)
Brekke, Toril: Henny har fått sparken (Per Sivle)
Brodal, Svein Erik: Til saman meir enn kjærleik (NBl.)
Bruheim, Jan-Magnus: Brevet til kjærleiken (NBl.)
Bye, Lilian: Jentungen (Asch.)
Bøge, Kari: Som regn om natten (Gyld.)
Carling, Finn: Hvite skygger på svart bunn (Gyld.)
Cristov, Solveig: Knivsliperens dagbok (Asch.)
Dahle, Kristian: Ute i naturen (Snøfugl)
Deberitz, Jan: Øst i skogene (Ansgar)
Eggen, Bernt: De fordømte skal sove (Asch.)
Ekman, Fam: Akk Ja Sann (Tiden)
Elstad, Anne-Karin: Folket på Innhaug (Asch.)
Faldbakken, Knut: Uår, del II: Sweetwater (Gyld.)
Forfang, Åsmund: Kringsett av fiender (Gyld.)
Femina: Drømmen og skyggen (Cap.)
Gjellestad, Tone Gudve: Livsens tre (Grøndahl)
Gjøndal, Ane Mo: Du lever for lenge, Rikke (Dreyer)
Grimsrud, Per: Spillet om sølvgutt (Dreyer)
Grimstad, Arne: Mot jerntider (Luther)
Gundersen, Gunnar Bull: De hjemløse (Asch.)
Hagen, Ingeborg Refling: Min venn jeg drømte det jo bare (Suttung)
Halse, Leif: Mannbjørn (Rune)
Hambro, Carl: Lekkasje (Asch.)
Hansen, Inger Elisabeth: Det er NÅ det er LIKE FØR (Dikt & Datt)
Hansen, Mette: Kasino (Asch.)
Haslund, Ebba: Hver i sin verden (Asch.)
Hauge, Knut: Ein roman om kjærleiken og om døden (Asch.)
Haukås, Torfinn: Svindlere (Asch.)
Havrevold, Finn: Vennskap (Asch.)
Haxthow, Egil: Kjære Brams (Gyld.)
Hilt, Torstein: Når nevene er knytta i hverandre (Dikt & Datt)
Huse, Knut: Det flør og det fjørar (Fonna)
Hylland, Julian: Folket ved Folda (Rune)
Høva, Ernst: En natt i hospitalet (Dreyer)
Høydal, Aslaug: Høyra livet til (Dreyer)
Høydal, Olaus: Det store UH (Ansgar)
Idsøe, Olav: Monsun og Granater (Dreyer)
Iversen, Lars: Siste stoppested (Dreyer)
Jensen, Reidar: Natten da stjernene falt ned (Gyld.)
Johansen, Margaret: Død og småsuppe (Tiden)
Kabo, Kristine: Det daglige brød (Dreyer)
Kittelsen, Erling: Mellom elvene (Asch.)
Klakegg, Rune: Amerikansk dagbok (Asch.)
Knudtsen, Ingar jr.: Jernringen (Rune)
Kvam, Ragnar: Krystallnatten (Asch.)
Kaas, Steinar: Akvariet synker (Solum)
Larsen, Odd Georg: Til den gule paviljongen (Asch.)
Lillegaard, Leif B.: Hvis dere finner oss (Grøndahl)
Lunde, Gunnar: Kanskje fins det fine dager (Gyld.)
Lngar, Mona: Fra den ene til den andre (Gyld.)
Løland, Gerda: Vårflaum (Lunde)
Løveid, Cecilie: Alltid skyer over Askøy (Gyld.)
Magerøy, Ragnhild: Baglerbispen (Cap.)
Mejlænder, Petter: Ut. Et mytisk livsløp (Solum)
Meling, G. Andr.: En morgen bryter fram (Luther)
Moe, Ingvar: Sommaren te Ingjebjerr (Saml.)
Monsen, Marit: Dobbelttreet (Solum)
Muri, Sigurd: Fjellovergang (Saml.)
Myhre, Øyvind: De siste tider (Cap.)
Mørck, Sidsel: Lykkehjulet går (Asch.)
Mørk, Petter: Gårdbruker Trolleruds suksess og tragedie (Dreyer)
Nilsen, Sigmund: Glansrollen (Tiden)
Nordraa, Olav: Imla (Gyld.)
Nuland, Guttorm: Hytte til salgs (Snøfugl)
Nyquist, Arild: Barndom (Asch.)
Obrestad, Tor: Stå på! (Gyld.)
Olsen, Bjørn Gunnar: Blott en dag (Asch.)
Opsata, Lars: Fra skog og mark (Rune)
Otgard, Ragnar: Morderen (Dreyer)

Pedersen, Erling: Vestlandsnetter (Asch.)
Ribsskog, Øivin: Agnes til Sudreim (Ansgar)
Rosenberg, Kristin: Nenia (Gyld.)
Ryan, Mildrid: Bruddstykker (Asch.)
Rønning, Sven: Det var en dag i går også (Tiden)
Sagen, Rolf: Mørkets gjerninger (Gyld.)
Saus, Anders: Fride Berføtt (Asch.)
Schanke, Cecilie Færden: Trodde du hadde glemt meg (Cap.)
Schuster, Edith: Skyen over Sinai (Solum)
Skagen, Kaj: En elv under gaten (Tiden)
Slapgard, Bjarne: Du er min neste (Ansgar)
Smevik, Asbjørn: Balladen om Maria og soldaten (Snøfugl)
Stigen, Terje: Forliset (Gyld.)
Stokkelien, Vigdis: Vi (Asch.)
Svinsaas, Ingvald: Folk ved ei gruve (Tiden)
Sæter, Alf A.: Frå barndomen av (Saml.)
Thomassen, Reidar: Seminaret (Asch.)
Thoresen, Felix: Amalnor — den besatte (Dreyer)
Torp, Anna Kresti: Bak prekestolen (Ansgar)
Torhaug, Per: Rismarken og våpnene (Gyld.)
Tveit, Tore: I overmorgen er alt over (Asch.)
Tverbak, Eivind: Hederen framom alt (Rune)
Tvete, Bjarne: Bak fjellet som stengte (Rune)
Vendt, Jo: Graffiti (Gyld.)
Vestre, Bernt: Understrømmer (Asch.)
Villun, K.: Ein for alle (Saml.)
Vivelid, Lars: Frå Burtgøymde dalar (Rune)
Vold, Jan Erik: BusteR brenneR (Gyld.)
Wang, Fr.: Villa Otium (Ansgar)
Winger, Odd: Romanen (Gyld.)
Waade, Karl-B. (Anton B. Reim): Evig heder (Ansgar)
Øi, Gunnar: Små masker i garnet (Rune)
Øksendal, Asbjørn: Fru Astrid til Eikaberg (Asch.)
Østby, Magne: Bergulv (Fonna)
Øvretveit, Karl: Frode (Fonna)
Aas-Eng, Per: Sommerkjølla (Gyld.)

**Diktsamlingar.**

Antologi: Debutantologi 1976 (Gyld.)
Antologi: «. . . . og bygdi syng» (Tiden)
Antologi: Det hellige bryllup (Solum)
Antologi: Hverandre (Rune)
Antologi: Stunder (Rune)
Antologi: 16—20 (Nordnorsk Forf.lag)
Abrahamsen, Odd: Omkrets (Solum)
Andersen, Astrid Hjertnæs: Et våroffer (Asch.)
Askildsen, Arne: Under trærne (Gyld.)
Bergseth, Vidar: Ein stad å setja sin fot (Luther)
Blix, Dagmar: Eg elskar livet (Rune)
Borgen, Brett: For at vi skulle kjenne deg (Cap.)
Buflod, Magnus: Før frosthogget fell (NBl.)
Bull, Jan: Masker (Gyld.)
Bull-Hansen, Haakon: Forresten er det . . . (Tiden)
Bøe, Sigve m. fl.: Tidene skifter (Pax)
Børli, Hans: Vinden ser aldri på veiviserne (Asch.)
Christensen, Lars Saabye: Historien om Gly (Cap.)
Bjerke, André/Müller: Vinterreisen (Solum)
Cobb, Noel: Kosmosis (Gyld.)
Corell, Jon Arne: Et møte som aldri fant sted (Pax)
Doksum, Sigmund: 700 dødsfall og andre livstegn (Gyld.)
Domben, Arne: Mørk natt (Fonna)
Dæhlen, Hilde: Begerblad (Dreyer)
Eggen, Arnljot: Skrifta på veggen (Per Sivle)
Dørumsgaard, Arne: Blomster fra de keiserlige haver I (Dreyer)
Dørumsgaard, Arne: Blomster fra de keiserlige haver II (Dreyer)
Elden, Asbjørn: Sangen i verkstedhallen (Oktober)
Eidslott, Arnold: Veien til Astapovo (Gyld.)
Falkeid, Kolbein: Senghors sanger (Cap.)
Gauguin, Paul René: Et annet land i sikte (Asch.)
Gjelten, Trygve: Frå vår til haust (Snøfugl)
Goksøyr, Odd: Ein av dei vanlege dagane (NBl.)
Gustavsen, Helge: — og vel så det (Saml.)
Halmrast, Andreas: Gamp og svette, snus . . . (Saml.)
Haugen, Oddmund: Elvesteinen (Ansgar)
Havnen, Oddmund: Epokeskille (Snøfugl)
Heie, Sigbjørn: Stillferdig landskap (Gyld.)
Helseth, Sigurd: De sier fred men mener fred (Gyld.)
Hofmo, Gunvor: Hva fanger natten (Gyld.)
Hollen, John: Enfoldig tale (Luther)
Holm, Laila: Husdikt (Gyld.)
Holm, Peter R.: Tegnene tydes (Asch.)
Holtskog, Liv: Før vatn flør (NBl.)
Jonson, Jon S.: Høstbok (Dikt & Datt)
Knutslien, Gudrun Brauti: Tonar i ord (Ansgar)
Lande, Trygve: Mose (NBl.)
Lavik, Olav: Strofer frå Strilelandet (Norsk Bokreidingslag)
Lie, Arvid Torgeir: Sju svingar opp (Gyld.)
Lie, Sissel/Tristan Tzara: 25 dikt (Solum)
Lie, Sveinung: På leiting (Ansgar)
Lien, Oscar: Mennesker i mellom (Luther)
Lishaugen, Jacob: Poesi på Tørrkvist (Tiden)
Lorch-Falch, Emil: Lyren i livet (Rune)
Lunden, Eldrid: Hard, Mjuk (Saml.)
Lyhmann, Kristin: Fra rose til grønn nypekart (Dreyer)
Michaelsen, Frank Stubb: Tante Ingas kaffekos (Gyld.)

Molaug, Anne M. W.: Ved grindene (Solum)
Myhra, Magne: Tusen år for ein tanke (Cap.)
Myklebust, Ragnar B.: Stills (Solum)
Myhre, Marit: Kvardagen er min venn (Dreyer)
Nag, Martin: Stavanger-blues (Rune)
Narvesen, Kurt: Ararat (Gyld.)
Nesse, Åse-Marie: Solstein (Saml.)
Næss, Terje: Rosene er ansatt i blomsterbed (Solum)
Oldervik, Anbjørg Pauline: Og du Jerusalem (Dreyer)
Oldervik, A. P./Tagore: Sunget med foldede hender (Solum)
Orgland, Ivar: Islandske gullalderdikt (Fonna)
Rekdal, Jan Erik: Linedanseren (Dreyer)
Ringen, Tone: Skyttelen og veven (Gyld.)
Roll, Halvor: Fra mannens bok (Gyld.)
Rotmo, Hans: Vømmølmusikken hans Kristian Schravlevold (Per Sivle)
Ruste, Arne: Midt i verden (Gyld.)
Rygg, Magnar: Berre vi hev oss heim att (Saml.)
Sandsdalen, Halvor J.: Strofer fra lirekassa (Gyld.)
Sandsdalen, Ingebjørg Kasin: Plukk dagen (Cap.)
Sandvik, Kjell: Vindjoik og bitter blues (Dreyer)
Schjelderup, Daisy: Torneroses etterlatte papirer (Gyld.)
Schwartz, Johanna: Dagsedlar och nidvisor (Oktober)
Schwarzott, Tone: Reiser med lyset (Cap.)
Sell, Eva: Og alle hjerter (Asch.)
Sells, Trine Lise: Påbegynt ansikt (Gyld.)
Selman, Kjell Oscar: Voggesong og vakevise (Tiden)
Simonsen, Helge: Eventyr på fotreisen (Asch.)
Skard, Sigmund: Ord mot mørkret (Gyld.)
Solberg, Margaret: Tårnet — fragmenter (Luther)
Stemland, Terje: Fete hunder (Grøndahl)
Stokkan, Eva: Snapshots (Dreyer)
Stornes, Gunvor: Ljos og skugge (Rune)
Strømsted, Finn: Klokken er blå (Asch.)
Sundby, Dag: Sensommer (Dreyer)
Sveen, Karin: Mjøsa går (Cap.)
Sverdrup, Harald: Gamle Louis og andre dikt (Asch.)
Thu, Erling: Condeep (Ansgar)
Tørdal, Ragna: Fem mil til fremtiden (Lunde)
Venås, Lisbet Lid: Bålet (Fonna)
Vibe-Müller, Ingrid: Kan Du høre at jeg roper (Lunde)
Vindheim, Jan Bojer: Rav Vind (Gyld.)
Vindtorn, Kjell Erik: Barbeinte skyskrapere (Asch.)
Wassmo, Herbjørg: Vingeslag (Gyld.)
Wedeld, Bodil Dyb: I villhagen (Saml.)
Ødegård, Knut/O. J. Sigurdsson: Ved brunnane (Asch.)
Øglænd, Magnus S.: Du (Solum)

**Skodespel.**

Bjørneboe, Jens: Dongery (Pax)
Bye, Anders: 7 spill (Gyld.)
Cappelen, Peder W.: Høna som måtte . . . (Gyld.)
Mehren, Stein: Den store søndagsfrokosten (Asch.)
Orvil, Ernst: Onkel Ferdinands diamant (Gyld.)
Selmer, Odd: Fire hørespill (Gyld.)
Skouen, Arne: Ballerina (Gyld.)
Udnæs, Sverre: Tre TV-spill (Gyld.)

Vedlegg 2.

## Liste over dei barne- og ungdomsbøkene som vart kjøpt inn til barneinstitusjonar o. l. i 1976.

Antologi: Den første Maurtueboka (Barnas Jord)
Andersen, Sissel: Nesten alt kan hende (Samlaget)
Bing, Jon: Azur — kapteinens planet (Damm)
Blix, Dagmar: Skatten på Bjønnhaugen (Rune)
Borgenvik, Gerd: Katrine. Misjonsbok for barn (Luther)
Bredvei, Peder A.: Lao San i trygg havn (Ansgar)
Breen, Else: I stripete genser (Aschehoug)
Bringsværd, Tor Åge: Det blå folket og Hurrikan (Gyldendal)
Bringsværd, Tor Åge: Ruffen på nye eventyr (Bokklubben)
Brodtkorb, Reidar: Gatelangs (Damm)
Bruheim, Jan Magnus: Om alle tre var like (Noregs Boklag)
Børte, Torbjørn: Nei (Aschehoug)
Dahl, Tor Edvin: Ante (Luther)
Dahl, Tor Edvin: Innbruddet på Møllestua Kafé (Gyldendal)
Dahl, Tor Edvin: Operasjon sjømann (Gyldendal)
Dybvad, Øyvind: Katta på Grip som ikkje . . . (Noregs Boklag)
Døcker, Rolf: En deilig søndag (Aschehoug)
Eggen, Arnljot: Gøy på bandet eller på scenen. To hørespel (Samlaget)
Gleditsch, Ulf: Den store utfordringen (Ansgar)
Guldahl, Frøydis: Ti trapper hjem (Tiden)
Hancke-Olsen, Ola: Redningsdåd i jutulveggen (Samlaget)
Hanssen, Arvid: Den vonde vinteren (Norsk barneblad)
Haugen, Tormod: Nattfuglene (Gyldendal)
Heggland, Johannes: Sira Dagbjørn (Norsk barneblad)
Høydahl, Aslaug: Rosa mi (Rune)
Jåstad, Birger: Gutten med kråkene og endene (Noregs Boklag)
Keilen, Helge: Muldvarpen Mulligan og vennene hans (Grieg)
Kjersem, Rigmor: Kråka Lulu forteller (Fabritius)
Kloster, Gunvor: Karen har en hemmelighet (Damm)
Krossøy, Wenche: Oluf og Ror-Lovisa (Samlaget)
Kullerud. Erik: Bare gjør det! (Luther)
Kvasbø, Alf: Mørketid (Gyldendal)
Larsen, Petter: Siggen på midtbanen (Tiden)
Lorentzen, Karin: Mette Midtimellom (Gyldendal)
Lund, Reidar: Tor — fire år (Damm)
Newth, Mette: Lille skrekk (Aschehoug)
Olsen, Johanna Bugge: Piggi Pinnsvin på eventyr (Tiden)
Ramm, Eva: Ærlig talt (Aschehoug)
Rønningen, Bjørn: Fru Pigalopp og traveltfolket (Gyldendal)
Rønningen, Bjørn: Sommeren på Mirabelløya (Gyldendal)
Sandene, Kiss: Barna på Trollåsen (Green)
Schrøder, Amund: Fredrik og supersensasjonen (Green)
Selmer-Anderssen, Inger: Jonas og de mystiske myntene (Tanum-Norli)
Skeide, Gro: Bitten Bustehovud (Noregs Boklag)
Stornes, Gunvor: Kari Svingen (Rune)
Svinsaas, Ingvald S.: Ørnen Adler (Snøfugl forlag)
Såtvedt, Olav: Arvid — en innflytter (Tiden)
Vestly, Anne-Cath: Guro (Tiden)
Westrheim, Harry: Timur — salmakerens sønn (Tiden)
Øi, Gunnar: Signalet på odden (Rune)
Økland, Einar: Slik er det (Samlaget)

**Vedlegg 3.**

## Melding frå Det Norske Samlaget om bruken av tilskottet forlaget fekk til nynorsk litteratur i 1976.

Vi skal med dette gje melding om korleis Det Norske Samlaget har nytta det tilskotet vi fekk i 1976 til nynorsk litteratur, til saman kr. 418 000, jfr. Dykkar brev frå 1.4. 1976, 16.6. 1976 og 6.1. 1977.

**1. Klassiske og norrøne bokverk.**

Under denne posten vart det i 1976 løyvd til saman kr. 56 000. Desse bøkene har kome ut:

Rigveda. Ny og revidert utgåve ved Olav Rytter.

Soga om sambandsmennene. Omsett av Hallvard Magerøy.

Soga om Fridtjov den frøkne. Omsett av Ivar Aasen. Revidert utgåve.

Kongsspegelen. Omsett av Alf Hellevik. 8. utgåva.

Vesle Lasarus frå Tormes. Den første franske pikareskromanen. Omsett av Sigmund Skard.

**2. Tradisjon og historie.**

Under denne posten vart det løyvd tilsaman kr. 37 000. Desse bøkene har kome ut:

Jon Leirfall: Vest i havet. Vesterhavsøyane gjennom tusen års norsk historie.

Albert Olavsson: Islandske segner og eventyr.

Britas visur. Folkeviser etter Brita Bratland. Ved Geirr Lystrup.

**3. Biografiar.**

Under denne posten vart det løyvd kr. 14 500, som gjekk til:

Torolv Solheim: I solnedgangstider. Krigsminne 1940—45.

**4. Norsk Kulturarv.**

Under denne posten vart det løyvd kr. 20 000, som gjekk til:

Einar Hovdhaugen: Ekteskap og kjønnsmoral i norsk historie.

**5. Norsk Eventyrbibliotek.**

Under denne posten vart det løyvd kr. 25 000, som gjekk til 7. bandet i serien:

Sunnafor sør og nordafor nord. Eventyr frå Akershus, Vestfold og Østfold. Ved Brynjulf Alver.

**6. Kvalitetsbilligbøker.**

Under denne posten var det løyvd til saman kr. 119 500. Desse bøkene kom ut:

Inge Krokann: Det store hamskiftet i bondesamfunnet.

Bjørn Rongen: Stille smil.

Åsmund Sveen: Svartjord.

Kristofer Uppdal: Fjellskjeringa.

Julius Nyerere: Fattigdom og frigjering.

Helge Bergo: Norsk jordbruk — ei økonomisk slagmark.

Christopher Jelen: Daglegliv i Aust-Europa.

Nahum Goldmann: Kvar går Israel?

Rene Dumont: Hungeren er her.

Olav Dalgard: Teatret i det 20. århundret.

Ivar Aasen: Skrifter. Eit utval.

Bjarte Alme: Lang safari på Herrens vegar.

**7. Barnebøker.**

Under denne posten vart det løyvd kr. 146 000. Desse bøkene kom ut:

Halvor Floden: Trond og venene hans.

Rasmus Løland: Kvitebjørnen.

Sven Moren: Dei morlause gutane i Skarfjellet.

Sigrun Okkenhaug: Helga.

John Branfield: Sukkermus.

Simone Cederquist: Eg ser ikkje det som du ser.

Hans Hansen: Farlegare enn vi trudde.

Hoppetussa. Red. av Bente Egner. Norske eventyr for barn.

Inger og Lasse Sandberg: Perry og usynlege glad skole.

Inger og Lasse Sandberg: Perry og usynlege Wrolf.

Inge Fischer Sørensen: Over plankegjerdet.

Einar Økland: Kven veit?

Albert Olafsson: Barna på vulkanøya.

Magnhild Gravir: Den eldande raude beveren.

Ruth Orbach: Eplegriser.

Jörg Müller/Jörg Steiner: Bjørnen som ville vere bjørn.

Vi vonar Kulturrådet kan godkjenne denne boklista som kvittering for dei tilskota vi har fått.

Oslo, 21. januar 1977.

*Andreas Skartveit,*
forlagssjef.

Vedlegg 4.

## Melding om arbeidet i Rådet for folkemusikk og folkedans i 1976.

Rådet for folkemusikk og folkedans hadde 2 møte i 1976, 20. februar og 14. oktober, og handsama 17 bokførde saker.

Rådet har arbeidd ein del med planar om ein plateserie med norsk folkemusikk. Ola Kai Ledang, som tok initiativet, har etter oppmoding frå Rådet laga opplegg for produksjon av ei plate med barnesongleikar.

I november var Jon Stuvøy, Ola Kai Ledang og Egil Bakka på ein studietur i Telemark etter oppdrag frå Rådet. Dei skulle sjå på folkemusikkopplæringa som har vore driven der sidan 1972, og som også Norsk kulturråd har gitt stønad til.

Arbeidsutvalet hadde møte i Oslo 23. januar 1976, elles har sekretariatsleiaren samrådd seg med formannen og varaformannen i ei rekke saker.

**Arbeidet ved sekretariatet.**

Det er bokført 218 inngåande og 276 utgåande brev, og 111 rullar 16 mm film og 95 rullar 8 mm film har vore på utlån. Ein god del tid har gått med til å svara på faglege førespurnader og anna skrivearbeid, det er m. a. laga ein del nye stensilar til undervisningsbruk. Elles er det lagt ned arbeid på å leita fram og kopiera eldre kjelder om norsk folkedans. Det gjeld både artiklar og utdrag frå prenta kjelder og manuskript, og det gjeld eldre filmopptak. Arbeidet med kortkatalog for arkivet og med å skriva av lydband held fram i den mon det er tid til det. Registreringa av lydbandsamlinga og diassamlinga er komen à jour.

**Melding frå konsulenten om møte, reiser og innsamling.**

Eg har ført 83 reisedagar for 1976. Det er ein nedgang i høve til 1975, noko som skuldast at budsjettet vart for knapt. Ein del innsamlingsarbeid og andre reiser laut utsetjast eller avlysast.

6. januar:
Filming av dansetradisjon frå Nordfjord i Trondheim.

23. januar:
Møte i arbeidsutvalet i Rådet for folkemusikk og folkedans, Oslo.

24. januar:
Møte med Gunnar Berge i Furuleiken Dansarlag om innsamling på Hadeland.

29.—30. januar:
Førebuing av filming på Løkken.

1.—2. februar:
Møte om revisjon av folkedansbøkene til Klara Semb i Oslo.

19. februar:
Møte i grunnskulerådet om folkedansfilm for skulen i Oslo.

19. februar:
Filmopptak og intervju med Olav Rygg, Lørenskog, om Nordfjordtradisjon.

20. februar:
Møte i Rådet for folkemusikk og folkedans, Oslo.

20. februar:
Filmopptak av Olav Seljeset, Oslo — Nordfjordtradisjon.

29. februar:
Filmframsyning og supplerande filmopptak i Drevja.

1.—2. mars:
Innlegg på Tverrfagleg forskarseminar på Dombås skipa til av Musikkvitskapleg Institutt, Universitetet i Trondheim.

4. mars:
Førebuing av filming Løkken.

10. mars:
Førelesing om folkedans for musikkstudentar ved Universitetet i Trondheim.

12. mars:
Filmframsyning, Hol, supplerande innsamling.

13. mars:
Filmframsyning, Ål, supplerande innsamling.

16. mars:
Førelesing om folkedans på folkeminnekurs skipa til av Nordisk Institutt, Universitetet i Trondheim.

19.—21. mars:
Innlegg på tverrfagleg seminar, Valdres Folkemuseum.

26. mars:
Møte med bygdedansnemnda i laget for folkemusikk i Oslo og innsamlingsarbeidet deira.

27. mars:
Møte med Leikrådet og Barnelagsrådet til Noregs Ungdomslag.

27.—28. mars:
Møte om revisjon av folkedansbøkene til Klara Semb.

30. mars:
Foredrag om folkedans i Geografiforeningen ved Universitetet i Trondheim.

2.—4. april:
Filming på Løkken.

5. april:
Filmframsyning og supplerande filming, Årdal i Sogn.

6. april:
Filming i Lærdal og Bjordal i Sogn.

7. april:
Filming i Høyanger, Vadheim og Torvund i Sogn.

8. april:
Filming i Lavikdalen.

9. april:
Filmframsyning og supplerande filming i Solund i Sogn.

10. april:
Filming i Leirvik i Sogn.

23.—25. april:
Filming ved kvedarseminar i Rauland.

3.—6. mai:
Permisjon for å gi råd om filming av folkedanstradisjonar på Færøyane.

19.—26. mai:
Feltarbeid i Numedal og Aust-Telemark med filming i Gransherad, Hovin, Flesberg, Tinn og Jondalen.

28.—30. mai:
Leikmøte i Noregs Ungdomslag på Hamar.

18. juni:
Filmframsyning og supplerande filming i Sigdal.

24.—25. juni:
Presentasjon av filmen «Musikk og dans i Gruvesamfunnet Løkken» og deltaking i seminar om musikk og dans ved «Bergmannsdagene på Røros».

28. juni:
Førelesing ved folkedanskurs for lærarar på Brandbu.

14.—15. juli:
Førelesingar og undervisning ved leiklærarkurset til Noregs Ungdomslag i Sørkjosen.

8.—9. oktober:
Førelesingar ved folkedansseminaret til Østerdalsringen i Oslo.

14. oktober:
Møte i Rådet for folkemusikk og folkedans.

15. oktober:
Filming i Heidal, Gudbrandsdalen.

16.—17. oktober:
Førelesing ved seminar om springaren på Sunnmøre.

5.—6. november:
Kurs om sørlandske dansetradisjonar.

7. november:
Filming, Fiane.

12.—14. november:
Førelesingar og undervisning på seminar for Noregs Ungdomslag i Hedmark på Elverum.

19.—21. november:
Førelesingar på nordisk seminar om folkedansarbeid mellom barn, Kongsberg.

25.—26. november:
Studietur i Telemark for å sjå på folkemusikkopplæringa.

3. desember:
Foredrag om folkedans på møte skipa til av Lunner historielag og Furuleiken dansarlag.

10.—12. desember:
Deltaking i møte om nordisk folkedansforskning i København, kosta av Nordisk kulturfond.

Innsamlingsarbeidet i 1976 vart bremsa litt av knapt reisebudsjett. Likevel var det teke omlag så mykje film som det var budsjettert med, men talet på lydintervju er langt mindre enn vanleg.

Materialet er:
143 rullar 16 mm film. Speletid i alt ca. 6 timar.
Lydintervju med 7 personar.
Ca. 350 dias.

I tillegg kjem registrering av ein del danseplasser og ei rekke korte intervju som berre blei noterte på informantskjema.

I vår-halvåret vart det lagt ned ein del arbeid på å laga ein film på 20 minutt med tittelen: «Musikk og dans i gruvesamfunnet Løkken». Filmen vart laga i samarbeid med forskningsprosjektet «Musikklivet i ei bygd» ved Musikkvitskapleg Institutt, Universitetet i Trondheim, som ein dokumentasjon av musikk og dans i vårt hundreår. Bergmannsdagene på Røros ville gjerne ha eit innslag om musikk og dans, og tok på seg det meste av kostnadene med filmen. Det var utgangspunktet for at filmen vart laga.

Under det nordiske folkedansstemnet i Trondheim, Nordleik 76, brukte eg Rådets filmutstyr til å ta opp ein 40 minutt lang reportasjefilm frå stemnet. Filmen er heilt ut kosta av Nordleik 76, og arbeidet vart i hovudsak gjort på fritid. Rådet tek vare på negativmaterialet til filmen som også inneheld nokre scener med dokumentasjonsverdi.

*Egil Bakka*

---

**Vedlegg 5.**

## Liste over kunstverk kjøpt i 1976.

**a. Målarstykke.**

Adde, Per: Husene i motlys
Amundsen, Eilif: Figur med speil
Andersen, Finn Aage: Art Militaire. Collage
Andersson, Rune J.: I eksil. Akvarell
Bakken, Trond: Lekehester. Akvarell
Berge, Reidar: Mot Rosenberg
Bergstrøm, Arild: Hund og naust. Akvarell
Bleken, Håkon: Frukjerka. Akvarell, gouache
Bodøgaard, Oscar: Desemberlys
Borchgrevink, Ridley: Afrika. Olje
Brunsvik, Bjarne: Aslaug på Skjæret. Lavering
Børretzen, Torild Inger: Kvile ved kveld. Akvarell
Dahl, Peer Lorentz: Oppstilling i atelieret. Olje
Frostad, Atle: Søndag morgen. Akvarell
Gudbrantzen, Kurt: Organisk vekst I
Hadland, Odd Geir: Sviland gård. Akvarell
Hansen, Hannemor: Utan titel
Håland, Arve: Stabel. Akvarell
Kleiva, Per: Det nye flagget
Knoff, Johan: Regndag Grønland. Akvarell
Kristiansen, Oddmund: Modul. Glasmålarstykke
Krokstad, Harald: Utan titel
Krzywinski, Bjørn: Waiting. Bl.tekn., lerret
Lund, Unni: På arbeidsplassen. Akvarell
Moe, Terje: Tidlig søndag morgen. Olje
Moen, Magnar: På broen
Petersen, Harald: Vinter. Akvarell
Petersen, Terje Torp: Interiør II
Radlgruber, Jan: Pietà. Olje
Remfeldt, Per: Utan titel. Olje
Rise, Bjarne: Nature morte med stemmegaffel. Olje
Rognved, Alf: Ved Middelhavet. Akvarell
Samuelsen, Arne: Fragmenter av en drøm om frihet. Akryl
Skedsmo, Dag: Materialbilete
Stigen, Lise: Skjær — Svolvær
Stixrud, Unn: Studie
Stub, Kjeld: I fjellet
Svaboe, Øyvind: Landskap I. Akvarell
Swane, Knut: Du fløy, vinden ble
Torriset, Kjell: Maleri I
Varvin, Kjell: Fra Dalmatia
Wiik, Solveig: Vatn
Wold, Roar: Flagg. Gouache
Wold, Roar: Oppstigning. Gouache
Ørnvall, Liv: Natt og dag.
Østensjø, Karl A.: Høstfjell

**b. Skulptur.**

Berntsberg, Sidsel: Ung kvinne. Polykrom gips
Botnen, Trond: Torso. Bronse
Breivik, Bård: Aggresjoner. 6 esker med stativ
Gjedebo, Thorleif: Skulptur i 4 deler. Tre
Gjerstad, Odd: Ut i det blå. Keramikk
Haugstvedt, Tor: Skulptur nr. 2. Betong og polyester
Hirsch, Turid Eng: Betroelser. Betong
Johansen, Gun Ingeborg: Jeg er en dame og koster kr. 2 000. Tre o. a.
Monsen, Ela: Til minne om . . . Tre og metall
Olesen, Linni: Skulptur. Tre
Slagsvold, Sigrid: Ved daggry. Betong og jern
Stavseng, Ola: Byste. Bronse
Sundbye, Nina: Peer og Mor Åse. Bronse
Aak, Anny Birgitte: De gamle. Stål

**c. Tekstil.**

Blystad, Sissel: Drømmen. Biletvev
Gram-Knutsen, Ragnhild: Goliat. Biletvev
Holdbak, Astrid Wallster: Tang. Biletvev
Moe, Sidsel: Borgeren. Tekstilskulptur
Oliver, Turid Gramstad: Kvinner og drøm om en reise. Applikasjon

Stormark, Olaug: Kobieta. Tredimensjonal vev

**d. Teikningar og grafikk.**

Almén, Ragnar: Langgrund. Etsning
Almén, Ragnar: Kystlandskap. Xylografi
Aune, Bent: Herskap og tjenere — oppgjør. Xylografi
Bakke, Dagfinn: Ytterpollen. Teikning
Bendiksen, Kjell: Fane. Lito
Bergstad, Terje: Tragedie I. Tresnitt
Bergstrøm, Arild: Nattmat. Penneteikning
Bleken, Håkon: Jury. Kolteikning
Bomann, Terje: Illustrasjon til Romatraktaten I—III (3 blad)
Borchgrevink, Hanne: Sauer og August utfor stupet. Aquatint og kaldnål
Breivik, Anne: Landskapet rundt magnoliaen blomstrer. 6 blad
Bremnes, Jan Ludvig: Frokostpause. Svart-kvitt
Brune, Øivind: Vi må velge. Serigrafi
Bøe, Andreas: Monotypi
Christensen, Finn: Byen. Teikning
Esdaile, Peter: Redd. Radering
Esdaile, Peter: Stålkulen. Radering
Esdaile, Peter: Kvinnebøn. Radering
Esdaile, Peter: Refleksjoner — hun. Radering
Esdaile, Peter: Før daggry II. Radering
Esdaile, Peter: En stund alene I. Radering
Esdaile, Peter: En stund alene II. Radering
Esdaile, Peter: Morgenlys. Radering
Ertsland, Alf: Oppstilling III. Blyantteikning
Erdahl, Thor: Eggum. Etsning
Fyri, Dag: Oppløsning — 3 stadier. Radering
Gjertsen, Karl-Gustav: Ill. Til «Moby Dick» II. Linosnitt
Grønlien, Håkon: Bakklandet. Radering
Guttormsgaard, Guttorm: Vil, vil ikke. Radering
Hafseld, Victor: Vinterlandskap. Tresnitt
Hebler, Herman: Utan titel, komposisjon i svart og gull. Serigrafi
Hjerting, Yvonne: Smykkelandskap. Farge-radering
Håvardstein, Svein Magnus: Vestside. Etsning
Iversen, Inge: Bunnfall I. Radering, handkol
Iversen, Sveinung: Stripemannen. Etsning
Johansen, Svein: Mennesker — aftenhimmel
Jåks, Iver: Individ og rom. Tresnitt (2 blad)
Knutli, Trond: Dans, dans, Roselill
Kopperud, Espen: Kolsås mot kveld. Blyant-teikning
Kopperud, Espen: Mitt morgenfjell. Blyant-teikning
Kristiansen, Morten: Morgenluft. Blyantteikning
Kristoffersen, Øyvind: Da tåken lettet. Fotografikk
Kristoffersen, Øyvind: Med ryggen mot døren. Fotografikk
Krohg, Morten: Til minne om 30. april. Silketrykk
Krogh, Toril: Landskap med isflak. Etsning
Krosshus, Jon: Før smellet. Teikning
Krøvel-Velle, Helge: Landskap I. Etsning
Løkke, Ragnhild: De holder oss nede. Kaldnål
Mathisen, Bjørg: Atomtre. Lino
Nerli, Rolf: Vegarbeid. Radering
Nesvik, Ole: De besatte. Dostojevskij. Tusj-teikning
Nesvik, Ole: Tid. Lito
Nilsen, Ulf: Skisser nordfra. Teikning
Paaske, Sidsel: Hold stenhårdt på greia di. Polykr. tusj
Risan, John Anton: Bevegelse og rom III. Blyant og gouache
Rud, Borghild: Finlampa. Teikning
Rødberg, Asbjørn: Uten titel II. Etsning
Røed, Helge: Teikning (fettstift og tape)
Skjerping, Edvin: Med sterke band. Etsning
Smith-Hald, Frithjof: Solitude. Polykr. tusj
Stoltz, Gerhard: Hus. Silketrykk
Tørrisen, John: Rød idyll. Lito
Westbø, Sidsel: Blow up. Seriografi
Øistad, Ingar: Kirkegård ved Hamningsberg. Etsning
Aanvik, Geir: Neodorisk oppstilling. Etsning
Aarestad, Per Odd: Nocturne. Fargetresnitt

**e. Andre kunstverk.**

Guttormsgaard, Guttorm: Modell av Tveita. Konkurranseutkast

**Vedlegg 6.**

## Reviderte retningslinjer for stønad til debuterande kunstnarar.

Norsk kulturråd avsetter årlig et beløp som fordeles som tilskott til bildende kunstnere som skal ha sin første offentlige separatutstilling.

Tilskott gis for å sikre kunstnere økonomisk mulighet for å arbeide med sikte på debututstilling. Tilskottet skal brukes til dekning av materialutgifter og særlige transportutgifter i forbindelse med utstillingen. Tilskottet kan ikke brukes til trykning av plakat, katalog m. v.

Tilskottet blir gitt på grunnlag av individuell vurdering etter søknad fra kunstneren. Det brukes ikke søknadsskjema.

En kunstner som arbeider innen flere kunstgrener, blir bare godtatt som debutant én gang.

Kunstneren står fritt ved valg av sted for debututstillingen, men det forutsettes at det er en utstillingsinstitusjon (galleri eller kunstforening) som er ansvarlig for utstillingen, og et miljø som gjør det naturlig at debututstillingen blir holdt der.

Søknaden skal inneholde følgende opplysninger:

— Søkerens navn, alder og utdannelse
— Utstillingsinstitusjonens navn
— Tidspunktet for utstillingen
— Utstillingens omfang og arten av arbeider
— Oppgave over antatte materialutgifter
— Tidligere deltakelse på kollektive utstillinger

Søknaden skal bilegges med bekreftelse fra den utstillingsinstitusjon som har godtatt kunstneren.

Dersom denne utstillingsinstitusjonen ikke har en kunstnerisk fagkomité til godtaking av kunstnere som søker plass for debututstilling, skal 2 stemmeberettigede eller på annen måte kvalifiserte kunstnere anbefale debutanten.

Alle tilskott utbetales til utstillingsinstitusjonen, som foretar utbetalinger til kunstneren i samsvar med forelagte regninger. Utstillingsinstitusjonen avgir regnskapsoversikt og rapport til Norsk kulturråd etter at utstillingen er avsluttet.

Søknader om tilskott til debututstillinger behandles av Norsk kulturråds sakkyndige komité for Materialfondet. Komitéen gir innstilling til Norsk kulturråd om hvorvidt tilskott bør gis og hvor stort det må være.

---

**Vedlegg 7.**

## Notat frå Mongstadutvalet for kulturell utbygging.

### Allmenne synspunkt om trongen for kulturlokale.

Røynslene frå kommunar som reiser nybygg eller ominnreier gamle bygg til kulturføremål er at vitjingstalet aukar. Særleg har biblioteka som har kunna flytta inn i nye lokale auka utlånet i ein langt sterkare grad enn tilgangen på nye bøker skulle tilseie.

Betre kulturlokale aukar tilgangen på publikum i det det viser seg at den ukjende trongen først vert klårlagt når tilhøva for å gjera seg nytte av det er til stades. Ved berre å kartleggja situasjonen på kulturbyggjeområdet vil ein knapt i noko samfunn ha trong for større utbyggingar. Tvert om kan ein svak deltakarstatistikk vera til forsvar for at kulturføremål framleis bør koma sist i den kommunale prioriteringa. Det er først når utbygginga kjem at ein eigen dynamikk vert sett i gang.

Oppdemd trong får praktiske, løyselege tilhøve og utfallet vert oppgang i vitjingstalet.

Den noverande kulturelle trongen i kommunane vil vera ulik frå stad til stad. Det same vil vera tilfelle med den ukjende trongen som først vert avklara når husproblema er løyste. Det er såleis ikkje mogeleg å laga ein gradert romprogramskala for kulturhus. Det er heller ikkje mogeleg å arbeida ut ein fysisk standardmodell som allment kan gjelda for heile landet.

Faktorar som eksisterande kulturlokale, busetnadsmønster, og korleis busetnadsmønsteret vil verta, må takast sterkt omsyn til når ein kommune skal velja mellom utbyggingsalternativ. Det let seg ikkje gjera å binda utbygginga av kulturlokale til eit fastlåst system. Tvert om vil det vera trong for ulike løysingar frå kommune til kommune.

I større byar kan det vera naturleg å byggja spesialbygg til bibliotek, kunstgalleri, teater, konsert- og kinoverksemd. I mindre byar kan dei fleste av desse aktivitetane få plasstrongen dekka i eit større kulturhus der fleire rom kan brukast til mange formål. På heilt små stader vil det vera naudsynleg å halda dei fleste kulturskipingane i det same lokalet. Ofte vil det på mindre stader vera rett å byggja ut skolane med tanke på at skolen også skal dekkja trongen for kulturrom for folket i området. Ein større aula i eit skulebygg vil kunna ta imot dei fleste kulturskipingane og såleis vera lokalsamfunnet si storstove.

I St. meld. nr. 8 for 1973—74 Om organisering og finansiering av kulturarbeid er sitert

fylgjande tankar om bruken av skolebygg til kulturføremål:

«Skolehusa var mange stader eit kultursentrum for krinsen i eldre tid. I dei seinare åra har det gjort seg gjeldande ønske og krav om at skolen må få tilbake noko av denne funksjonen. Løysinga med kombinerte skole- og samfunnshus som er gjennomført somme stader, synest å fungere godt.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet gav i rundskriv frå 21. april 1964 mønsterreglar for bruken av skolehus og kombinerte skole- og samfunnshus og tok med dette sikte på å opne skolelokala for fritidsaktivitetar for både vaksne og skoleelevar. Kostbare lokale og anlegg ved mange skolar står likevel framleis tomme største delen av ettermiddagen og kvelden. Dette er nasjonaløkonomisk dårleg utnytting av dei veldige investeringar som er lagde ned i skolebygg i etterkrigstida. Hovudproblemet synest elles å vera at berre få skoleanlegg er slik bygde at dei høver til allsidige kulturaktivitetar.»

**Allment om industrireising og kulturreising.**

Dei fleste nye industristader som har vakse fram i etterkrigstida har det sams at industri, bustader, forretningar og andre serviceinstitusjonar er konsentrert innanfor eit avgrensa område. Dette har ofte ført til store miljømessige problem for dei som har vore buande der. Andre røynsler frå nye industristader er at kulturelle problem har lett for å skapast i desse samfunna som ofte har vore utan hjelpemidlar som kulturlokale i den første vanskelege oppbyggingstida.

På Norsk kulturråd sin konferanse på Gjøvik i 1969 vart det sterkt streka under at kulturutbygginga på nye industristader måtte gå for seg snøgt og aller helst samtidig med industrireisinga.

Særleg viktig er det at kulturelle grunnlagsinvesteringar vert gjort så tidleg som mogeleg under utbygginga av nye industristader. Målsetjinga bør vera at lokale for kulturverksemd bør planleggjast og utbyggjast parallellt med planlegging og utbygging av industrien og bustadene.

I den perioden då krava til investeringar på alle område er store, har det vist seg at kommunar med stor industribygging ikkje har økonomisk bereevne til å makta dei naudsynlege investeringane i kultursektoren. Føresetnaden for ei heilt dekkjande utbygging på nye industristader, slik at kulturen kjem som ein samtidig og integrert del av totalutbygginga, må vera at kommunane får hjelp til også å løysa dei økonomiske problema som kulturinvesteringane krev. Gjøvik-konferansen streka under at det var heilt naudsynleg at staten på ein eller annan måte må yta finansiell hjelp til kulturutbygging på nye industristader.

Stortinget ynskjer industrireising og kulturreising i samband med Mongstad-utbygginga.

Prinsippet om ei heilskaputbygging på nye industristader er allment godteke, slik at også kulturen skal koma med som ein samtidig integrert del av totalutbygginga.

Industrikomitéen i Stortinget uttala t. d. fylgjande i innstillinga om Mongstadutbygginga:

«En viktig oppgave som ikke bør forsømmes i den videre utbygging er å legge forholdene til rette for varierte tilbud i kultur- og utdanningssektoren.»

I ordskiftet om denne saka i Stortinget vart fylgjande framlegg vedteke:

«Regjeringen anmodes om å ta initiativ til at de lokale myndigheter og Norsk Hydro i samarbeid med Norsk kulturråd utarbeider en utviklingsplan for kulturtilbud i forbindelse med Mongstad-utbyggingen.»

I motsetning til situasjonen i andre nye industrisamfunn som er bygde opp i etterkrigstida, var det såleis Stortinget si meining at kulturprosjekteringa i samband med Mongstad-utbygginga skulle koma med på same tid som det øvrige planleggingsarbeidet.

**Brigde i busetnaden i Nordhordland som fylgje av industribygging på Mongstad.**

I dag er det knapt 20 000 personar i Nordhordland som er kommunane Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje og Masfjorden. Busetnaden er spreidd og det har ikkje peika seg ut sentra av særleg storleik i dette området, når ein ser bort frå Knarvik som i 1965 vart utpeika til prøvesenter.

Oversyn over folkesetnaden i området:

| Kommune | 1960 | 1970 | 1973 |
|---|---|---|---|
| Meland | 2 573 | 2 671 | 2 783 |
| Radøy | 4 419 | 4 224 | 4 203 |
| Lindås | 7 812 | 7 733 | 8 060 |
| Austrheim | 2 079 | 1 849 | 1 966 |
| Fedje | 914 | 849 | 848 |
| Masfjorden | 2 035 | 1 843 | 1 869 |
| Nordhordland | 19 832 | 19 169 | 19 729 |

I dei fleste Nordhordlands-kommunane gjekk folketalet ikkje så lite attende i 1960-åra. Berre Meland kommune kan visa til folkeauke, medan Radøy, Austrheim, Fedje og Masfjorden alle hadde ein nedgang i folketalet på 5—10 prosent i dette tiåret. Denne negative utviklinga snudde i 1970 og i åra 1971—72 har folketalet særleg i Austrheim og Lindås auka sterkt. Men også i dei andre kommunane er biletet vorte lysare i 1970-åra. Sett under eitt

er utviklinga i Nordhordland snudd om frå stor nettoutflytting (195 personar i gjennomsnitt pr. år i 1967—1970) til nettoinnflytting (298 personar i 1972), og det er venta ein heller større auke i folketalet i åra framover.

Det har vorte freista å rekna ut kva utfall industrireisinga på Mongstad vil få for sysselsettinga og busetjingsutviklinga i Nordhordland. Etter røynslene frå tilsvarande område som har gått i gjennom ei større industriutbygging vert det rekna med at for kvar 10. arbeidsplass i basisindustrien vil det koma mellom 5—10 arbeidsplassar i anna verksemd. Under føresetnad av at det vert 1 700 faste arbeidsplassar på Mongstad og ca. 500 faste arbeidsplassar i gjennomsnitt i anleggsverksemd, vil dette i alt kunna føra til 3 000—4 000 nye arbeidsplassar i Nordhordland i tida fram til 1985.

Utbyggingsavdelinga i Hordaland har rekna ut at folketalet i dei seks Nordhordlandskommunane vil auka frå vel 19 000 innbyggjarar i 1970 til ein stad mellom 24 000 og 28 000 i 1985. Det vil seia ein auke på 5 500—8 000 personar eller 30—40 prosent i komande 15-års periode.

I eit notat frå utbyggingsavdelinga i Hordaland frå 1971 «Om utbyggingsplan for Nordhordland» er området delt i to:

Område 1: Meland, Radøy, Masfjorden og Fedje kommunar.
Område 2: Austrheim og Lindås kommunar.

For område 1 er målsetjinga å halda balanse i inn- og utflyttinga, og å auka denne fylkesgjennomsnitten for naturleg folketilvekst.

Utbyggingsavdelinga reknar med at dette målet kan verta vanskeleg å oppnå for Masfjorden og Fedje. For Meland derimot er det venta ein sterkare auke i folketalet utan at dette har samanheng med Mongstad-utbygginga. Meland har alt i dag ein sterkare folkeauke enn fylkesgjennomsnittet. Dette heng m. a. saman med ringverknadene frå Bergensområdet, og at kommunen har ein større del av yngre årskull enn elles i Nordhordland.

Utbyggingsavdelinga reknar med auke i område 1 frå 9 600 personar i 1971 til 10 500 i 1985.

I område 2 reknar utbyggingsavdelinga i Hordaland med at folketalet fram til 1985 vil auka frå 9 600 til ein stad mellom 14 000 og 17 000 i 1985. Dette tyder at auken i folketalet på grunn av industrireisinga på Mongstad stort sett vil gå føre seg i kommunane Lindås og Austrheim.

I samband med industriutbygginga på Mongstad er det frå lokalt hald kome fram eit sterkt eintydig ynskje om å byggja vidare på tradisjonane med spreidd busetjing i Nordhordland. Målet må vera at nye bustader så langt råd er bør integrerast i område med eldre busetnad. Dette tyder at kommunane stort sett vil freista å unngå å byggja opp eit konsentrert industri- og bustadområde. Industrien vil vera plassert i eitt område, medan bustader og service-institusjonane av alle slag vil vera spreidde over store område i fleire kommunar.

Men sjølv om målsetjinga er å halda oppe den spreidde busetnaden, er det vanskeleg å unngå at også industriutbygging på Mongstad vil føra med seg ein viss konsentrasjon av bustader og service-institusjonar. Det står alt ope for ei slik utvikling i og med vedtaket om ei meir konsentrert bolig- og serviceutbygging i eit lokalt senter i Lindås, og eit kommunesenter i Austrheim. Det ligg også føre utarbeidde disposisjonsplanar for desse lokalsentra. Disposisjonsplanen for Lindås-området går ut frå ein arealtrong på ca. 1 100 da. som skal gi plass for 756 bustader til 2 670 personar i åra fram til 1985. Til senterføremål som barne- og ungdomsskole, gymnas og yrkesskole, bibliotek, kino, samlingshus, postkontor, forretningar o. l. er det i disposisjonsplanen rekna med 170 da.

I 1970 budde det 1 181 personar i Lindåsområdet, dvs. området nord for Vågseidet. Største konsentrasjonen av bustader er å finna på sjølve Lindås. I 1970 var her 219 ibuarar. Busetnaden elles er spreidd over heile området. Med nye bustadområde i tilknytning til tettstaden Lindås vil avstanden til Mongstad verta 8—12 km. Jamvel om vindretningen ikkje er særleg god er avstanden til Mongstad tilstrekkjeleg til å hindra miljømessige ulemper frå industrien.

Disposisjonsplanen for Austrheim kommunesenter går ut frå eit arealkrav på 750 da. Dette skal gi plass for 465 bustader til 1 485 personar fram til 1985. Til senterføremål som barne- og ungdomsskole, bibliotek, kino, posthus, forretningar o. l. er det rekna med 35 da. I 1970 budde det 1 849 personar i Austrheim kommune og busetnaden var spreidd over heile kommunen. Kommunen har eit administrasjonssenter i Mastrevik-Austrheim området og det er eit sterkt kommunalt ynskje om at det må veksa fram eit handels- og servicesenter i dette området, der det i 1970 budde ca. 700 personar. Austrheim kommunesenter ligg 5—7 km frå Mongstad, og på grunn av gunstige vindretningar er også her avstanden til industriområdet tilstrekkjeleg stor slik at ulempene frå industrien ikkje vert til meins.

**Planane til Norsk Hydro på Mongstad.**

Grunnlaget for planlegginga i samband med Mongstad-industrien var Norsk Hydro sine planar om ei gradvis industriutbygging over 10—12 år og denne skulle gi mellom 1 200—1 700 faste arbeidsplassar. Desse planane gjorde Norsk Hydro greie for i brev til Industridepartementet i januar 1974.

Første byggesteget, oljeraffineriet, kom etter planen i gang våren 1975 og gir no arbeidsplass for ca. 200 personar. Det er vidare meininga at andre byggesteget, ammoniakk- og ureafabrikk skulle verta sett i gang før første byggesteget var ferdig. Ammoniakk- og ureafabrikken skulle gi arbeidsplassar for 300 personar. Som tredje byggesteget rekna Norsk Hydro med ei utviding av raffineriet og som fjerde byggesteget var det tanken å reisa ei stor magnesiumverksemd.

I januar 1975 vart det klårlagt at planane om ei samanhangande utbygging på Mongstad ikkje kunne gjennomførast. Førebels er det anleggspause, og når arbeidet med andre byggesteget, ammoniakk- og ureafabrikken, kan taka til, er i dag på det uvisse.

Det er klårt at denne stoggen i utbygginga vil føra til ein langt svakare vokster i Lindåsområdet og i Austrheim i komande år enn kva som var venta dersom planane om ei samanhangande utbygging hadde vorte fylgde.

Stoggen i utbygginga, og uvissa med omsyn til utbyggingsetappane for andre, tredje og fjerde byggesteget på Mongstad, gjer at all planlegging og utbygging av bustader og serviceinstitusjonar må skje etappevis i samsvar med omfanget av industrireisinga.

Mongstadutvalet for kulturell utbygging kan såleis heller ikkje leggja fram konkrete utbyggingsplanar på kulturområdet. Også kulturen må byggjast etappevis opp.

**Føresetnader for utbetring og utbygging av kulturbygg i samband med industrireising på Mongstad.**

Mongstadutvalet for kulturell utbygging vil med tilvising til utbyggingsstoggen på Mongstad ikkje fremja konkrete framlegg om kulturelle utbyggingsprosjekt. Uvissa kring storleiken av industriutbygginga og kva tid dette skal skje, gjer det svært vanskeleg å planleggja den kulturelle utbygginga.

Utvalet fann det likevel rett på det noverande tidspunkt å leggja fram sitt prinsipielle syn på korleis utbetring av gamle og utbygging av nye kulturlokale bør gå for seg med tanke på brigde i folketalet, busetjing og samferdsle som fylgje av ei vidare utbygging på Mongstad i samsvar med Norsk Hydro sine planar frå 1. januar 1974.

På same måten som Førde-utvalet vil Mongstad-utvalet for kulturell utbygging streka under som det primære at all utbygging av kulturlokale bør starta med å løysa lokaltrongen for kulturelle aktivitetar som alt har breid oppslutning i kommunen.

I fall dei kulturaktivitetane som alt er ikkje får trongen for tenlege lokale dekka på ein rimeleg måte, vil det vera vanskeleg å vinna forståing for ei utbygging som tek sikte på å dekkja dei krava som den profesjonelle kunsten har til tenleg lokale.

I nærmiljøet vil det vera trong for mindre lokale til møte-, foreinings- og amatøraktivitetar av ulike slag. Av den fyldige kartlegginga av aktivitetane til lag og organisasjonar som utvalet har gjort, viser det seg at skolehusa vert mykje bruka til kulturaktivitetar i grendesamfunnet. Utvalet meiner at ein vidare bruk av skolehusa utan om skoletida til kulturføremål framleis bør vera den måten nærmiljøet dekkjer trongen sin for kulturlokale på.

I sume kommunar har nedlagde skolehus vorte samlingsstader for ymse møte- og lagverksemd for dei som bur i kring. Utvalet ser positivt på slike løysingar, men føresetnaden må vera at dei gamle skolehusa vert sett i stand til dette føremålet og vedlikehaldne.

Dei religiøse foreiningane synes alle å få dekka sin plasstrong i eigne bygg (bedehus).

Når kommunane skal vurdera trongen for fleire og betre kulturlokale, meiner utvalet at det er rett å prioritera naudsynlege utbetringsarbeid ved hus/lokale som alt er. Først når eksisterande bygg ikkje kan dekka trongen for lokale på staden til møte- og foreiningsverksemd, meiner utvalet at bygging av nye lokale bør koma på tale. I den samanhengen vil utvalet peika på at det er viktig at planane om å skaffa nye møte- og foreiningsrom bør samordnast ved eventuelle utbyggingsplanar for skole på staden. Også andre kombinasjonsløysingar kan verta aktuelle når det gjeld å skaffa folket på staden lokale for almenkulturelle aktivitetar.

Når kommunane har dekka trongen for kulturlokala i nærmiljøa på ein tenleg måte, anten gjennom utbetringar av bygg som er eller gjennom nybygg, meiner utvalet det er rett at kommunane vurderer trongen for kulturlokale for profesjonell kunst.

Kulturhus som framvisningsarena for profesjonell kunst og kunstnarar kan ikkje byggjast kvar som helst. Ei mengd føresetnader må vera til stades for at eit slikt kulturhus skal kunna byggjast. Det sentrale for plasseringa av eit såvore bygg er busetnadsmønsteret og folketalet i distriktet i kring der ein ynskjer å reisa eit kulturhus.

Under føresetnad av full utbygging av industrien på Mongstad, og at prognosane for fol-

ketalet i tettstaden Lindås og i Austrheim kommune held, vil det i dette industriområdet i 1985 vera ca. 7 000 innbyggjarar. Prognosane går ut på 3 800 personar i nordre delen av Lindås kommune og 3 400 personar i Austrheim kommune.

Det er utvalet si meining at dette distriktet vil kunna få eit tilstrekkjeleg folkegrunnlag for å reisa eit kulturhus som dekkjer lokaltrongen for profesjonell kunst. Kulturhuset bør byggjast på prinsippet om maksimal utnytting av huset ved at dei ulike romma kan brukast, kvar for seg eller gjennom kombinasjonsløysingar til fleire formål.

Spørsmålet om kvar kulturhuset skal plasserast må vurderast med busetnadsmønsteret og utviklinga av samferdslenettet som bakgrunn. Plasseringa av kulturhuset må drøftast nærare med kommunane i dette distriktet. Utvalet vil likevel peika på at også i denne samanhengen bør spørsmålet om skole- og kulturhus verta sett på under eitt. Teater- og konsertsalen i kulturhuset bør også kunna brukast som skoleaula og storklasserom. Sentralhalla bør kunna brukast om dagen som opphaldsrom og kantine for skoleelevar. Mindre møterom bør kunna vera utfyllande undervisningsrom for skolen (skolane).

---

**Vedlegg 8.**

## Oversyn over trykte publikasjonar frå Norsk kulturråd.

1967:

*Innstilling fra Utvalget for høyt prioriterte fornminner.*

Utvalget ble oppnevnt i oktober 1965 for å vurdere hvilke av våre viktigste minner fra oldtiden som burde sikres for fremtiden gjennom utvidet fredning og restaurering, og foreta en prioritering i tid.

*Innstilling om høgre utdanning av kunstnere.*

Komitéen som ble oppnevnt i juni 1965, skulle vurdere den rådende utdanningssituasjon for kunstnere i Norge, ta stilling til forslag om utbygging og reformer, og komme med forslag til organisering og plassering av de nødvendige institusjoner.

1970:

*Kontakt forfatter — samfunn.*

Innstilling fra et utvalg, oppnevnt i juni 1969, til å vurdere spørsmål som angår kontaktarbeid mellom forfattere og samfunnet: forfatterbesøk i skoler, bibliotek o. l., arbeid for norsk litteratur i utlandet, tiltak for norsk barne- og ungdomslitteratur, videreutdanning av forfattere. Utvalgets tilråding skulle også danne grunnlag for utarbeidelse av Norsk kulturråds uttalelse til Kirke- og undervisningsdepartementet vedrørende spørsmålet om et Norsk Litteraturinstitutt.

*Norsk folkemusikk og folkedans.*

Innstilling fra et utvalg, oppnevnt i januar 1969, til å utrede tiltak for norsk folkemusikk og folkedans.

*Industrireising og kulturreising.*

Referat av en konferanse om kulturarbeid på industristeder, arrangert på Gjøvik 26.—28. november 1969 i samarbeid med Norges Byforbund — Norges Herredsforbund.

1971:

*Registrering av faste kulturminner i Norge.*

Referat fra et seminar arrangert på Kongsberg 9.—11. desember 1970.

1972:

*Lokalhistoriske årbøker — Redaksjon, typografi, økonomi.*

Publikasjonen er utgitt av Norsk lokalhistorisk institutt i samarbeid med Kulturrådet. Den bygger på referat av det seminaret som ble holdt på Lillehammer i april 1971, arrangert i fellesskap av Norsk kulturråds utvalg for lokalhistorisk arbeid og Norsk lokalhistorisk institutt.

*Innstilling fra Førdeutvalget.*

Utvalget ble oppnevnt i februar 1970 for å analysere behovet for kulturtilbud i Førde, med sikte på å få fram modeller for kulturaktivitet og hensiktsmessige anlegg også andre steder.

*Kulturadministrasjon i fylker og kommuner.*

Rapport fra en konferanse på Fagernes 8.—11. oktober 1972, arrangert av Norsk kulturråd i samarbeid med Norske Kommuners Sentralforbund.

1 9 7 3 :
*Kulturtidsskriftutredningen.*
Utredning om kulturtidsskrift ved professor Arnljot Strømme Svendsen og siviløkonom Bjørn Asbjørnsen i samarbeid med en studentgruppe ved Norges Handelshøyskole.

*Innstilling om ballett og ballettutdanning i Norge.*
Innstilling fra et utvalg oppnevnt i 1970 med mandat å utrede forskjellige spørsmål vedrørende norsk ballettvirksomhet.

1 9 7 5 :
*Lokalhistoriske samlinger — Formål, innhold, organisasjon.*
Publikasjonen er utgitt av Norsk lokalhistorisk institutt i samarbeid med Norsk kulturråd og bygger på referat fra et seminar om emnet «Lokalhistoriske samlinger».

*250 nye og eldre barnebøker.*
Katalogen er en ajourføring av Norsk kulturråds tidligere barnebokkataloger fra 1969 og 1972. Katalogen tar sikte på å være en hjelp for barn og voksne til å orientere seg i boktilbudet som finnes i dag og omfatter 250 skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker.

1 9 7 6:
*Utredning om barneteaterarbeid i Norge.*
Innstilling fra utvalg oppnevnt 4. februar 1975 til å utrede og vurdere problem og oppgaver i tilknytning til barneteaterarbeid i Norge.

*Frivillige musikkaktiviteter for barn og ungdom.*
Innstilling fra utvalg oppnevnt 23. august 1973 til å utrede støttetiltak for frivillige musikkaktiviteter for barn og ungdom.
*Barn og kultur.*
Rapport fra konferanse 24.—26. september 1975 på Sundvolden om barn og kultur.

*Om kulturpolitikk i fylkene.*
Rapport fra konferanse i Kristiansand 31. mars—2. april 1976 om kulturpolitikk i fylkene.
*Norsk kulturfond — oppgaver og muligheter.*
Brosjyre av direktør Ingeborg Lyche som gir en kort redegjørelse for Norsk kulturfonds arbeidsområder, og hva slags tiltak som kan få støtte.

---

**Vedlegg 9.**

## Fråsegn til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om den framtidige organisasjon av kultursaker.

På møte 25. november 1976 behandlet Norsk kulturråd innstillingen fra Administrasjonsutvalget som har vurdert den framtidige organisasjonen av Kirke- og undervisningsdepartementets kulturavdeling. Rådet vedtok denne uttalelsen:

«Rapport nr. 3 fra Administrasjonsutvalget synes i det vesentlige å gi et godt grunnlag for forenkling av organisasjonen av Kirke- og undervisningsdepartementets kulturavdeling. På de fleste punkter som direkte berører Norsk kulturråd, kan Rådet dele utvalgets oppfatning, men på ett enkelt viktig punkt har det en avvikende mening.

Som Administrasjonsutvalget mener også Rådet at det kan reises vektige innvendinger mot et felles råd for hele det utvidede kulturbegrep. De statlige råd og utvalg som er opprettet, bør beholdes med den status og det arbeids- og ansvarsområde som er dem tillagt. Den koordinering av deres arbeid som er nødvendig, bør kunne ordnes med nærmere kontakt mellom de råd som har behov for slik koordinering.

Norsk kulturråd har allerede etablert faste kontaktmøter med Fagråd A, Rådet for humanistisk forskning, i Norges allmennvitenskapelige forskningsråd. Det synes naturlig at årlige felles drøftingsmønster, ved formenn og varaformenn og/eller rådsmedlemmer, sammen med sekretariatene, også kommer i stand med Statens ungdomsråd, Statens idrettsråd, Statens musikkråd, Teaterrådet og det kommende museumsråd. Med tanke på Rådets befatning med innkjøpsordningen for ny norsk skjønnlitteratur og den «lille innkjøpsordningen» for barne- og ungdomslitteratur ville det også være riktig å trekke det påtenkte Rådet for folke- og skolebibliotek inn i dette kontaktmønsteret.

Kulturrådet er også enig i at oversiktene

over arbeidet i statlige råd og utvalg bør samles i en felles melding til Stortinget.

For Stortingets behandling av kulturspørsmål vil dette gi et langt mer oversiktlig grunnlag enn de spredte meldinger og utrykte vedlegg som til nå har vært fremlagt for nasjonalforsamlingen. Norsk kulturråds sekretariat er beredt til å gjøre forarbeidet med årsmeldingene for museumsrådet, musikkrådet og teaterrådet i tillegg til Kulturrådets egen årsmelding. Det videre arbeid med innhenting og sammenstilling av årsmeldingene fra de forskjellige råd og utvalg bør være departementets ansvar.

I det som er sagt om en felles stortingsmelding for statens råd på kultursektoren, ligger det implisitt at Kulturrådet ikke har innvendinger mot forslaget om at Rådets sekretariat skal påta seg sekretariatfunksjonen for museumsrådet, musikkrådet og teaterrådet. Arbeidet i disse råd har så sterke berøringspunkter med Kulturrådets arbeidsoppgaver at et felles sekretariat synes å være en naturlig løsning. En avgjørende forutsetning for at så skal skje, er imidlertid at Rådets sekretariat blir styrket på forsvarlig vis.

Etter forutsetningene vil Teaterrådet få flere og utvidede arbeidsoppgaver, som vurdering av regionteatervirksomhet, nærmere kontakt med frie grupper, barneteatervirksomhet o. a.

Administrasjonsutvalget foreslår at hovedfordelingen av Norsk kulturfonds midler heretter som før skal skje ved kongelig resolusjon, men at Kulturrådets enkeltvedtak om fordeling av tilskott ikke lenger skal godkjennes av departementet. Kulturrådet er enig i dette, og like ens i de forutsetninger som utvalget knytter til forslaget.

På ett viktig punkt må imidlertid Kulturrådet gå imot innstillingen fra Administrasjonsutvalget. Det gjelder forslaget om at Rådets sekretariat skal bli pålagt administrasjonen av statens kunstnerstipend og garantiinntektene for kunstnere. I sine spredte og nokså vage betraktninger omkring dette forslaget synes det som om utvalget enten sterkt undervurderer det arbeid som særlig garantiinntektene vil medføre, eller også i foruroligende grad overvurderer arbeidskapasiteten i Kulturrådets sekretariat. I denne forbindelse viser vi til den oversikt over sekretariatet og dets funksjoner som er gitt lenger ute i dette brevet.

Men først og fremst overser Administrasjonsutvalget at administrasjonen av stipendordningen og garantiinntektene ligger fullstendig utenfor det ansvarsområde som er tillagt Norsk kulturråd. Som utvalget selv peker på i en annen sammenheng, er Kulturrådets virksomhet og ansvarsområde, herunder også forvaltningen av Kulturfondets midler, definert i tre hovedpunkter:

1. Engangs-tiltak
2. Tidsbegrenset forsøksvirksomhet
3. Rådgivningsarbeid.

Riktignok er Kulturrådet blitt pålagt å administrere enkelte langsiktige støtteordninger, som innkjøpsordningen for ny norsk skjønnlitteratur. Likevel understreker de to kulturmeldingene at etter hvert som de kommunale og fylkeskommunale kulturstyrer overtar de lokale og regionale oppgaver, vil Kulturrådets virksomhet i enda sterkere grad enn før bli konsentrert om de tre definerte hovedoppgaver.

Både av prinsipielle og praktiske grunner må derfor Norsk kulturråd fraråde at administrasjonen av statens kunstnerstipend og garantiinntekten for kunstnere blir lagt inn under Rådets sekretariat.

Norsk kulturråds administrasjon har 12 faste stillinger som fordeler seg slik:

direktør
kontorsjef
konsulent
4 førstesekretærer
administrasjonssekretær
bokholder/kasserer
arkivar
kontorfullmektig
kontorassistent

De enkelte saksbehandlere har følgende arbeidsoppgaver:

**Litteratur.**

På litteraturområdet arbeider en saksbehandler med innkjøpsordningen for ny norsk skjønnlitteratur, den lille innkjøpsordningen for barne- og ungdomslitteratur, tiltak for norsk litteratur i utlandet, støttetiltak for nynorsk litteratur og saker som gjelder videreutdanning av forfattere. Denne saksbehandleren er sekretær for følgende fire sakkyndige utvalg:

Det faglige utvalg for litteratur, ankenemnda, barnebokutvalget og utvalget for norsk litteratur i utlandet.

Litteraturområdet har dessuten en saksbehandler i 3/5 stilling og denne arbeider med Kulturfondets støtte til utgivelse av eldre norsk litteratur, essayistikk, verdfulle oversettelser og andre spesielle litteratursaker. Saksbehandleren er sekretær for klassikerkomitéen, oversettelseskomitéen og utvalget for lokalhistorisk arbeid.

**Musikk.**

Det kommer årlig inn omkring 160 søknader om tilskott til forskjellige musikkformål. En saksbehandler har hovedansvaret for behandlingen av disse søknadene. Saksbehandleren er sekretær for to sakkyndige musikkutvalg. Av arbeidskrevende spesialoppgaver på musikkområdet kan nevnes administreringen av utgivelsen av norsk samtidsmusikk, utgivelsen av en serie på 80 LP-plater med klassisk musikk og forsøksordningen for musikklivet i Nord-Norge. I tillegg til musikksaker har denne saksbehandleren også ansvaret for Rådets arbeid med alle teater-, film-, ballett- og operasaker.

**Billedkunst og kunsthåndverk.**

Også når det gjelder billedkunst og kunsthåndverk utfører en person all saksbehandlingen.

På dette området har søknadsmengden økt betydelig i det siste og vil i år ligge på over 230 søknader. Langsiktige støtteordninger som denne saksbehandleren har ansvaret for er avsetningen til kunstnerisk utsmykking av eldre statlige bygg og kommunale og fylkeskommunale bygg og anlegg, støtteordningen for debuterende kunstnere, materialfondet for bildende kunstnere og innkjøpsordningen for norsk samtidskunst. Saksbehandleren er sekretær for følgende tre faste rådgivende utvalg:

Utsmykkingsutvalget, innkjøpsutvalget for samtidskunst og materialfondskomitéen.

**Kulturvern.**

Hele saksbehandlingen på kulturvernområdet er også tillagt en konsulent. Hvert år kommer inn ca. 220 søknader om tilskott til forskjellige kulturverntiltak. Det gjelder ekstraordinære tiltak ved de kulturhistoriske museene, bevaring av bygninger, anlegg og miljøer, maritimt kulturvern, sikring av fornminner, konservering og støtte til lokalhistoriske publikasjoner. Av større enkeltoppgaver på dette området som krever en særskilt arbeidsinnsats kan nevnes arbeidet med brannsikring av stavkirkene, registreringen av faste kulturminner og miljøbevaringsplanen for Mosjøen.

**Samisk kultur.**

Samisk kultur har en saksbehandler i ⅖ stilling. Årlig behandles over 50 søknader om tilskott til samisk litteratur, samisk musikk, samisk kunst og kunsthåndverk, samisk kulturvern og andre samiske kulturoppgaver. Denne saksbehandleren har ansvaret for tre sakkyndige utvalg og står i kontinuerlig kontakt med samiske institusjoner og foreninger som Norsk Sameråd, Norske Samers Riksforbund, Norges Reindriftssamers Landsforening og Nordisk Samisk Institutt.

**Tidsskrift.**

Administrasjonssekretæren har hovedansvaret for den tekniske forberedelsen av all møtevirksomhet i Norsk kulturråd. I tillegg til dette er denne sekretæren saksbehandler for tidsskriftstøtten og søknadene om tilskott fra avsetningen til generell disposisjon.

**Kulturbygg.**

I tillegg til arbeidet med administrative og budsjettmessige oppgaver er kontorsjefen saksbehandler for alle byggesakene og sekretær for Rådets sakkyndige byggeutvalg.

Norsk kulturråds administrasjon er i dag fullt ut beskjeftiget med saksbehandlingen av omkring 900 søknader pr. år og sekretariatarbeid for 18 faste rådgivende utvalg. Administrasjonen har i de siste årene ikke hatt kapasitet til å påta seg sekretariatsarbeidet for alle ad-hoc utvalgene som Rådet har nedsatt til å utrede forskjellige emner på kulturområdet.

Heller ikke har det vært mulig for administrasjonen i Norsk kulturråd å påta seg det informasjons-, rådgivnings- og planleggingsarbeid for kommunale og fylkeskommunale instanser som er forutsatt i kulturmeldingene.

Det er således Norsk kulturråds mening at bemanningen i administrasjonen i dag er tilstrekkelig til å ivareta de arbeidsoppgaver som umiddelbart følger med bevilgningene fra Norsk kulturfond til større engangstiltak, langsiktige støtteordninger og forsøksvirksomhet i kortere prøveperioder. Når det imidlertid gjelder Kulturrådets tredje hovedoppgave, utrednings-, rådgivnings- og informasjonsarbeid, er situasjonen i dag den at administrasjonen på ingen måte har personellmessig kapasitet til å løse disse viktige arbeidsoppgavene. Rådet vil her vise til brev av 4. februar 1976 til Kirke- og undervisningsdepartementet med forslag til stillingsbudsjett for 1977 hvor Rådet ber om at det opprettes en ny stilling som konsulent med særlige oppgaver å ta seg av koordinerings- og rådgivningstjenesten overfor kommunale og fylkeskommunale instanser. Denne konsulenten skulle også ta seg av Rådets generelle informasjonsvirksomhet og arbeidet med utgivelsen av våre publikasjoner.

Administrasjonsutvalget finner det vanskelig å vurdere hva den økende arbeidsbyrden vil kunne bety av merarbeid for Kulturrådets administrasjon. Utvalget antyder at sekretariatsfunksjonene for Statens musikkråd og Teaterrådet vil kunne dreie seg om mellom et

halvt og et årsverk. Heller ikke Norsk kulturråd kan ha noen sikker mening om hva dette merarbeid vil bety i antall årsverk. Det synes imidlertid rimelig å kalkulere med at sekretariatsfunksjonene for musikkrådet, teaterrådet og museumsrådet vil kunne fylle en saksbehandlerstilling. Dersom denne stillingen ikke skulle dekke et helt årsverk vil det ikke være vanskelig å skjøte på med sekretariatsarbeid for en eller fler av de ad-hoc utvalg som Rådet fortløpende setter ned til å utrede spesielle emner på kulturområdet.

Som Rådet tidligere har søkt om vil det dessuten være behov for en saksbehandler til informasjons- og rådgivningstjeneste overfor kommunale og fylkeskommunale kulturstyrer. Denne saksbehandleren vil også måtte være ansvarlig for koordineringsarbeidet mellom Kulturrådet og de andre statlige sakkyndige rådene. I tillegg vil saksbehandleren dessuten måtte ta seg av Rådets generelle informasjonsvirksomhet og arbeidet med utgivelsen av våre publikasjoner.

På det kontortekniske området har Norsk kulturråd lenge vært underbemannet hva faste stillinger angår. Dette er delvis kompensert gjennom engasjement av vikarer som ekstrahjelp til maskinskriving og annet kontorarbeid.

Dette er i lengden ingen tilfredsstillende løsning. Med nye arbeidsoppgaver lagt til Kulturrådets administrasjon vil det være behov for en betydelig styrking både av kontorpersonalet og regnskapsavdelingen. Norsk kulturråd vil derfor foreslå 2 nye faste stillinger som kontorfullmektig og kontorassistent.

Dersom Administrasjonsutvalgets forslag om å tillegge Norsk kulturråds administrasjon nevnte sekretariats-, koordinerings- og rådgivningsoppgaver skal kunne gjennomføres, er det Norsk kulturråds forutsetning at administrasjonen straks må bli styrket med 2 saksbehandlere og 2 kontorstillinger.

Til slutt vil Norsk kulturråd nevne at vi ikke har ledig kontorkapasitet til å ta imot flere ansatte i administrasjonen. En utvidelse av administrasjonen vil således også måtte føre til at nye kontorlokaler må skaffes til veie.

For Norsk kulturråd

Med hilsen

*Hartvig Kiran*

*Ingeborg Lyche*

**Vedlegg 10.**

# Hartvig Kiran: Oversyn over verksemda i Norsk kulturråd i 3. periode 1973–1976.

Om Norsk kulturråd nok har hatt sine økonomiske sorger, og sine små kriser, i den fireårsperioden som no går mot slutten, og om Rådet både tidt og jamt har klaga si naud, må det likevel kunne seiast at det har vore ei god og interessant tid å arbeide i. Då tenkjer eg ikkje fyrst og fremst på dei tiltak Kulturfondet har kunna hjelpe fram, endå det der òg har vore mangt å gle seg over. Dei største gledene har vi hatt ved utsynet over heile det vide kulturlandskapet og det vi der har sett av vaknande kulturinteresse og sterkare vilje til å setja noko inn.

Frå det musikalske området høyrer vi om aukande publikumsinteresse, vi har sete i fullsette teatersaler og vandra i tettpakka kunstsalongar, og vi har fått vitnemål etter vitnemål om at kulturverntanken har fått eit fastare grep på folk flest enn på lange tider.

Det viktigaste som er hendt i perioden, er likevel dei tre stortingsmeldingane om organisering og finansiering av kulturlivet; dei to kulturmeldingane i 1973/74 og kunstnarmeldinga i 1975/76.

At staten tek på seg eit ansvar for kulturlivet, er vel i og for seg ikkje noko nytt. Det som er viktig, og nytt, er at riksstyre og storting med desse meldingane seier ifrå, klårare og sterkare enn det nokon gong før har vore sagt, at ansvaret for kulturlivet er eit primært samfunnsansvar, at kulturpolitikken er like viktig som andre politiske oppgåver, og at folket sjølv i større mon enn før skal få vera med og setje stemneleia for kulturlivet.

Det fyrste og førebels det største resultatet av kulturmeldingane er det desentraliserte organisasjonsapparatet som er skapt. Ser vi på dei konkrete resultata i form av løyvingar, må det vel kunne seiast med Ivar Aasen at «det skyt ikkje fram so det dunar». Men framleis med Ivar Aasen: «det munar då jamt». Vi skulle berre gjerne høyre at det duna noko sterkare i åra som kjem.

Somme har kritisert det romslege kulturomgrepet som er lagt til grunn for bruken av den statlege stønaden til kulturarbeid i fylke og kommunar. Og sant og visst blir det spanande å sjå korleis, og med kva verknad, desse pengane blir brukte. Det riksstyre og storting har meint, er at det ikkje nyttar å koma med den ferdiglaga kulturen til folket som med transkeia til barnet; dei som lever i dei skilde kulturkrinsane, som ofte er svært ulike, må sjølve få avgjera kva som er god og tenleg kultur for dei. Dette er sjølvsagt, demokratisk sett, ein rett tanke, og det er mogleg at det òg er pedagogisk rett tenkt. Om kulturstyra ikkje berre blir sitjande og dela ut milde gåver til alle som bed, men sjølve arbeider aktivt som impulsgjevarar og idéskaparar, då er det von om at det etter kvart kan dyrkast fram eit kulturelt vidsyn og ein kulturell toleranse som ikkje nøyer seg med sitt eige, men òg vil ta imot impulsar frå alt av ærleg mennesketanke. Eit folk som er både aktivt skapande og aktivt mottakande, eit folk som ikkje vil godta muren mellom folkeleg kultur og profesjonell kunst, — det er det målet vi må stille mot.

For arbeidet i Norsk kulturråd gjeld ikkje det utvida kulturomgrepet. Kulturrådet skal no som før arbeide innanfor det vi gjerne kallar det tradisjonelle kulturområdet: litteratur, musikk, biletkunst, kulturvern. I innstillinga si om kulturmeldingane seier såleis kyrkje- og undervisningsnemnda: «For et organ som Norsk kulturråd er det særlig viktig å ha et så vidt klart avgrenset oppgavefelt at rådets innsats kan bli mest mulig slagkraftig.»

Etter kvart som kulturstyra ut over landet finn sine arbeidsformer, og etter kvart som løyvingane aukar, må vi rekne med at mange mindre oppgåver som Kulturrådet har teke seg av til no, må kunne takast over av dei lokale og regionale organa. Instrument til konsertbruk, i forsamlingssalar eller til amatørsymfoniorkester, kan nemnast som døme. Ein viss overgangs- og tiljamningsperiode må vi rekne med, men målet må vera at vi snarast råd er kjem dit, som både departement og storting har streka under, at Kulturrådet enda meir enn før samlar seg om tre oppgåvefelt:

1. Større eingongstiltak
2. Forsøksarbeid over avgrensa periodar
3. Utgreiings-, rådgjevings- og informasjonsarbeid.

Dette tyder sjølvsagt ikkje at Kulturrådet er fullstendig upåverka av dei tankar som er innebygde i det nye kultursynet. På mange vis vil tiltak som Kulturrådet gjer innanfor denne stramme ramma, kunne tena eit vidare register av formål som er i pakt med det utvida kulturomgrepet. Særleg innanfor kulturvernet er det ofte mogleg å finne fram til kombinerte løysingar, som ikkje berre tener kulturverntanken, men òg andre dagsnære aktivitetar.

Verneverdige bygningar kan takast i bruk til formål av ulike slag: for brukskunstnarar, visegrupper, til foredrags- og møteforhold osb. Som døme på slike og liknande løysingar kan nemnast Tyholmen i Arendal eller Modum blåfarveværk. Meir og meir blir det tale om ikkje berre å verne einskilde bygningar av antikvarisk verd, men heile miljø som har verdi for folket som bur der. Det nyaste tiltaket av dette slaget, og vel det største som Kulturrådet til no har gjeve seg med på, er arbeidet med å ta vare på det såkalla Sjøgatemiljøet i Mosjøen, der Kulturrådet har lova å gå inn med 2 millionar kroner over ein tiårsperiode.

Noko liknande kan nemnast når det gjeld vernet om gamal kystkultur, som Rådet i den siste perioden har lagt særleg vekt på. Her er det gjeve stønad ikkje berre til gamle naust, sjøbuer og bryggjer, men òg til å setja i stand skipstypar som ikkje lenger høyrer naturleg heime i ein moderne flåte, men som får større og større museal verdi og som attåt dette kan nyttast til ulike formål. Dei er flytande museum som går inn i det dagsnære kulturelle og sosiale liv. Eg tenkjer på slike ting som hjulbåten Skibladner og dampskipa Børøysund og Kysten, som Fondet ved fleire høve har ytt pengar til. Kulturrådet har notert seg at samferdslekomitéen har tiltrådte at drifta av desse tre skipa frå og med 1977 skal dekkjast over budsjettet til Samferdsledepartementet. Det er vi svært glade for.

Når det gjeld e i n g o n g s t i l t a k, er det byggjesakene som har vore dei største og mest krevjande oppgåvene. I denne fireårsperioden har Rådet løyvt godt og vel 33 mill. kroner til oppføring av større kulturbygg. Det gjeld museumsbygg, som Hedmarkmuseet, Glomdalsmuseet, Bryggens Museum i Bergen og Sulitjelma Gruvemuseum. Det er teaterbygg som Christiansand Theater, teaterbygget på Molde, tilbygget til Rogaland teater og avsetnad til nybygg for Hålogaland teater. Og det gjeld større allmenne kulturbygg med rom til bibliotek, konsert-, teater- og kinosal, utstillings- og møterom, hobbylokale o. l.

Det er til slike allmenne kulturbygg dei største summane har gått: Ibsenhuset i Skien, Førdehuset, Risørhuset og kulturhusa på Husnes og Stord.

Kulturrådet har aldri tenkt seg desse allmenne kulturbygga som starten på eit langsiktig byggjeprogram for heile landet. Bygga var meinte som modellar ein kunne hente idear og impulsar frå, og det var heile tida klårt at slike storbygg ikkje var den naturlege løysinga over alt i landet. I dag har Kulturrådet nok med å innfri dei lovnadene som alt er gjevne. Det kan reisast spørsmål om ikkje Kulturrådet no har løyst si oppgåve så langt. Skal det framleis vera engasjert på denne sektoren, spørs det om det ikkje heller burde ta opp ei langt vanskelegare oppgåve, nemleg å skissere brukande løysingar for kommunar som av økonomiske, geografiske eller andre grunnar ikkje ser seg tente med slike storbygg.

Rådet er kjent med at Kyrkjedepartementet snart skal setja ned eit utval til å ta for seg heile dette sakskomplekset og koma med framlegg til finansieringsmåtar. Det er eit initiativ som Kulturrådet har notert seg med glede.

Kanskje den største gleda departementet og storting har gjort Rådet i denne perioden, er prinsippvedtaket om at kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg heretter skal reknast som ein del av byggjekostnadene. For fyrste gong er det på statsbudsjettet for 1977 ført opp ei særskild løyving, godt og vel 4 millionar kroner, til dette formålet. Om vi har venta lenge på dette, er gleda så mykje større. Dette tyder mange og ofte store oppgåver for biletkunstnarane og kunsthandverkarane våre. Det blir til dagleg glede for dei som har sin gang der, og for Kulturrådet veg det særskilt tungt at vi no må kunne rekne med å yte meir til utsmykking av fylkeskommunale og kommunale bygg, særleg i mindre kommunar.

To f o r s ø k som Kulturrådet sette i gang, er i denne perioden førde over på det ordinære statsbudsjettet, Norsk Forfattersentrum i 1974 og Registreringa av faste kulturminne frå og med budsjettåret 1977. Vi kjenner oss trygge på at det arkivet som her blir bygt opp, skal bl eii uvurderleg hjelperåd for alle som steller med kulturvern her i landet, og ikkje minst, alle dei som utan dette kunne koma i skade for å øydeleggje slike kulturminne. Vi er glade over at Miljøverndepartementet så snøgt har innsett verdien av dette arbeidet, og takksame for at det har ført det opp som fast post på budsjettet sitt.

Rådet har elles to andre forsøk i gang, båe innanfor musikkområdet. Det eine er forsøket med eit råd og eit fagleg sekretariat for folkemusikk og folkedans. Det andre er forsøksordninga for musikklivet i Nordnoreg. Idéen til tiltaket kom frå Nordnorsk Musikkråd, og det har vore finansiert av Kulturfondet med 60 pst. og resten delt mellom Rikskonsertane og dei tre fylka i Nordnoreg. Rådet har rekna med at dersom forsøket falt heldig ut, kunne det tene som mønster for liknande tiltak andre stader. Forsøket har gått i tre år og held fram i 1977. Eit evalueringsutval har fylgt verksemda gjennom det siste året, og vi ventar at vi kan sende ei tilråding til departementet ein gong på nyåret.

Når eg fyrst er inne på musikk, vil eg

gjerne ha nemnt at dei første LP-platene med klassisk norsk musikk no ligg ferdige og dei har vekt stor interesse.

Arbeidet med rådgjeving, utgreiingar og informasjon kjem kanskje i framtida til å bli den viktigaste delen av verksemda i Kulturrådet. Alt i dag er det av stort omfang. Berre dette siste året kan vi leggje fram 8 slike innstillingar og rapportar, mange av dei resultat av eit langvarig og grundig arbeid. Dei spenner over eit stort register, frå «Norsk-finske kulturforhold», over «Kulturpolitikk i fylkene» til den siste, som vart overlevert til Kulturrådet sist måndag, «Om tiltak for norsk folkekunst». Dei fleste av desse skriftene blir prenta, og mange har vekt ikkje berre stor, men uvanleg stor interesse, som den om «Barn og kultur».

Barn og kultur er eit emne som den siste kulturmeldinga la vekt på, og som Kulturrådet i denne perioden har vore sterkt oppteke av. Heile 3 av dei skriftene vi legg fram her, er vigde dette emnet. Det er for det fyrste «Barn og kultur», som er ein rapport frå den store konferansen Rådet skipa til på Sundvolden i fjor haust, og som alt no har sett visse spor. Dei to andre er utgreiingar om særskilde emne, den eine om «Frivillige musikkaktiviteter for barn og ungdom», den andre om barneteater. Det meste av det som er drøft i desse utgreiingane, går vidare som tilrådingar frå Rådet til fleire departement. Men det er òg oppgåver som Rådet sjølv vil finne det naturleg å ta opp på eiga hand. Eg tenkjer då fyrst og fremst på innkjøpet av bøker for barn og ungdom, som snarast råd er, bør utvidast på line med den store innkjøpsordninga.

For Kulturrådet er det viktig at det ikkje murar seg inne med sine eigne meiningar om kva som er bra eller mindre bra for folket. Det må ha vidt utsyn og nærkontakt med alle som kjenner ansvar for kulturlivet, sentralt, regionalt og lokalt.

Stortinget har alltid synt interesse for arbeidet i Rådet og har ofte kome med nyttige vink, t. d. no nyst om kunsthandverket, eit vink som Rådet har notert seg med interesse.

Mest av alle samarbeider Rådet sjølvsagt med Kyrkje- og undervisningsdepartementet som det sorterer under, fyrst og fremst kulturavdelinga, som det har mest å gjera med, men og andre avdelingar i departementet. Det er eit samarbeid Rådet takkar for, og det gjeld ikkje minst statsråden personleg. Eg kan ikkje gå frå omtalen av departementet utan å nemne det raske inngrepet som vart gjort då det i haust tårna seg opp økonomiske vanskar for Rådet som ingen kunne ha visst om på førehand. Takka for dette går både til departement og storting.

Med Miljøverndepartementet òg har vi hatt eit godt samarbeid, både med Planavdelinga (og gjennom den Riksantikvaren) og Ressursavdelinga.

Med Norges allmennvitenskapelige forskningsråd har Rådet etablert fast kontakt for å hindre at viktige oppgåver som fell i grenselandet mellom dei to råda, skal bli gløymde av den grunn. Det same gjeld andre statlege råd, Statens Idrettsråd, Ungdomsrådet, Teaterrådet og fleire.

Særleg viktig reknar vi med at kontakten med kulturstyra må bli dersom det framtidige rådgjevings- og utgreiingsarbeidet skal bli så livnært og nyttig som det bør. Den fyrste hjelpa i så måte vonar vi at vi skal få ved at Rådet i neste periode blir utvida med to målsmenn for Norske Kommuners Sentralforbund.

Kontakten med samiske råd og organisasjonar er vorten stendig viktigare etter kvart som det samiske kulturarbeidet har fått større rom på arbeidsprogrammet. Dette vil varaformann i Rådet Bjørn Aarseth tala særskilt om seinare i kveld.

Sist, men slett ikkje minst, må eg nemne den uvurderlege hjelp vi har hatt i våre mange faste utval og adhoc-utval og våre mange konsulentar. Likeså visst som kulturrådet ville ha vore hjelpelaust utan det grundige førebuande arbeid som blir gjort av administrasjonen, både kontorpersonalet, saksførebuarane og direktøren Ingeborg Lyche, likså visst er det at administrasjonen vanskeleg kunne ha arbeidt så effektivt utan det sakkunnige og interesserte arbeid som blir gjort av utval og konsulentar.

Det blir ei spanande tid det nye Kulturrådet går i møte. Det syner seg at di fleire kulturelle saker som finn si løysing, di fleire latente ynskemål er det som blir avdekte. Det blir nok av oppgåver. Dei same røynslene kjem vi nok òg til å hauste når det gjeld det apparatet som er reist til å setja kulturvedtaka i verk. I teori veit Kulturrådet kva for plass det sjølv har i det kulturelle landskapet, men i praksis vil det framleis få mange spørsmål å ta standpunkt til, både når det gjeld oppgåver og arbeidsformer og arbeidsdelingar.

Rådet er kjent med at departementet arbeider med nye arbeidsdelingar mellom departementet og Kulturrådet. Eg kjenner meg trygg på at det nye Kulturrådet vil møte planane med vilje til samarbeid. Likså sterkt vonar eg at departementet og stortinget vil stå fast ved at Norsk kulturråd, gjennom alle dei omskifte som tenkjast kan, framleis, og helst i endå sterkare mon enn før, skal kunne tena som eit initiativtakande og operativt organ i norsk kulturliv.

Under arbeidet med dette foredraget har eg

heile tida hatt ei kjensle av at eg gjev uttrykk for stort velnøye med det som blir gjort og stor optimisme med tanke på framtida. Avsnitt for avsnitt har eg spurt meg sjølv: er eg f o r optimistisk?

Ingenting er lettare enn å tru at det vi kjenner som ein frisk vårvind, berre er eit blaff som stryk over landskapet. Den som ille spår, får ofte rett.

Eg vel å tru at det er grunn til å sjå med optimisme på framtida for norsk kulturliv. Fyrst fordi det som er hendt i norsk kulturpolitikk i det siste ikkje berre er eit norsknasjonalt fenomen. Det er eit kultursyn som arbeider seg fram i land etter land, som frukta av ein lærdom det nye velstandet har gjeve oss: at mat, hus og klede, om det til alle tider vil vera det avgjerande for mennesket, likevel ikkje er nok.

La meg likevel til aller sist vedgå at aller mest trur eg fordi eg v i l tru. Har ikkje vi trua på framtida, får heller ikkje framtida noka tru på oss.